



Kvam herad

Årsmelding 2014




Foto: Knut Markhus



Innhald

1	Best med ball	4
2	Hovudtrekk	6
2.1	Då heile Noreg kom til bygda.....	6
2.2	Medarbeidar	6
2.3	Internkontroll og tilsyn	9
2.4	Arbeid med samfunnstryggleik og beredskap	9
2.5	Økonomi.....	10
3	Oversyn over tenestene	16
3.1	Politisk verksemd	17
3.2	Administrasjon, styring og fellesutgifter.....	19
3.3	Barnehagar.....	21
3.4	Grunnskule.....	23
3.5	Kommunehelse	26
3.6	Pleie- og omsorg	29
3.7	Sosialteneste og NAV	33
3.8	Barnevern.....	35
3.9	Bustader	38
3.10	Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø.....	39
3.11	Næringstøtte og kommunal forretningsdrift	42
3.12	Brann og ulukkesvern.....	44
3.13	Samferdsel og grøntanlegg	46
3.14	Vatn, avløp og renovasjon/avfall	48
3.15	Kultur.....	51
3.16	Kyrkja	56
3.17	Skatt og rammetilskot	57
3.18	Finans	58
3.19	Sosiale kostnader inkludert premieavvik	59
3.20	Avskrivingar	60
4	Årsrekneskap	61
4.1	Driftsrekneskap.....	61
4.1.1	Rekneskapsskjema 1A	63
4.1.2	Rekneskapsskjema 1B.....	64
4.2	Investeringsrekneskap	65
4.2.1	Rekneskapsskjema 2 A.....	66
4.2.2	Rekneskapsskjema 2B.....	67
4.3	Balanse.....	68
4.4	Notar	70
4.4.1	Rekneskapsprinsipp	70
4.4.2	Arbeidskapital	71
4.4.3	Godtgjersler og honorar	71
4.4.4	Pensjonsnote	72
4.4.5	Varige DM.....	73
4.4.6	Aksjar og partar	74
4.4.7	Sal av finansielle anleggsmiddel	74
4.4.8	Låneportefølje	75
4.4.9	Garantinote.....	76
4.4.10	Obligasjonsportefølje	76

4.4.11	Avsetjingar og bruk av avsetjingar	77
4.4.12	Kapitalkonto.....	78
4.4.13	Prosjekt.....	79
4.4.14	Sjølvkost.....	84
5	Statuskommentar til budsjettvedtak, sak 087/13.....	87

1 Best med ball

I helga tapte Noreg 1-5 mot Kroatia i ein fotballkamp. Trass dette stygge tapet fann både trenar og spelarar mykje å gleda seg over i kampen.

Årsrekneskapen for 2014 syner eit stygt resultat, underskot, medan årsmeldinga malar eit bilete av at den ordinære drifta stort sett fungerer som den skal, ein særskild høg aktivitet på utviklingsaktivitetar og mykje positiv utvikling i kommunen vår.

Rundt grunnskuletenesta er fokuset no endeleg flytta frå struktur og byggeprosjekt til innhald og kvalitet. Og her skjer det svært mykje positivt. Systematisk endringsarbeid er eit felles løft mellom alle i skulen, assistentar/fagarbeidarar, lærarar, leiarar, PPT og skuleeigar. Gjennom kompetanseheving på alle plan, som skal føra til styrka tilpassa opplæring for alle elevane, vert det ein tydelegare samanheng mellom satsingsområda vurdering for læring, lesing som grunnleggjande dugleik, klasseleiing og den innsatsen PPT har inn i skulane. I 2014 vart det gjort ei stor omlegging av organiseringa rundt tilpassa opplæring og spesialundervisning i kvammaskulen, som førte til at spesialundervisningsprosenten vart redusert frå 16% til 7,6 %.

Innan barnehagetenesta føregår planlegginga av dei 4 barnehagane som skal byggjast i 2015/2016 for fullt. I 2014 var det arbeid med reguleringsplanar, prosjektering og omlegging av leiarstrukturen som fekk mest merksemd. Dei tilsette i barnehagane opplever at arbeidsdagen er i endring og at det er travle dagar som resultat av endring i einingsnorm, utvida opningstid og endra bemanningsnorm. Trass i endringane og uro rundt dei, har sjukefråværet i barnehage gått ned. I 2013 var sjukefråværet på 10,1 prosent og i 2014 var det ein svært positiv nedgang i sjukefråvær i barnehage til 6,1 %.

Arbeidet med å etablere Kvam familie- og læringssenter skjedde gjennom heile 2014 og eit godt grunnlag for å ta dette eit steg vidare i 2015 vart lagt. Barnevernet opplevde nedgang i talet saker i 2014, men talet på saker med høg alvorsgrad er fortsatt svært høgt.

For mange som har arbeidet sitt i kommunehelse, har aktivitetar knytt til implementeringa av samhandlingsreforma og det nye lovverket, vidareføring av prosjekt lokallmedisinsk senter på Toloheimen, arbeid med tenesteavtalar, samarbeid med føretaket, arbeid med omorganisering av helse og omsorg og krav om innsparingar, bydd på til dels tidkrevjande og utfordrande oppgåver og prosessar i 2014.

Grunna tidlegare utskriving frå sjukehus og fleire behandlingsskrevjande pasientar i heimetenesta, opplever dei tilsette i pleie og omsorg ein stor auke i arbeidsmengda trass i at talet på pasientar held seg stabilt. Det er stort krav til effektivitet og rett prioritering av oppgåver i det daglege. Heimetenesta innførte i 2014 «Mobil pleie», eit effektiviserings- og kvalitetsforbetringstiltak. Mobil pleie er ein applikasjon til mobiltelefonen som gjer at dei tilsette i heimetenesta kan ta med seg deler av pasientjournalssystemet ut til brukaren.

Teknisk fekk i 2014 utfordringar i samband med fleire periodar med ekstremvær. Ekstreme nedbørsmengder førte til mange ras med store materielle øydeleggingar og tilhøyrande store kostnader. Slike hendingar stel både økonomiske og menneskelege ressursar frå vanlege drifts- og utviklingsoppgåver. Likevel har eininga klart å gjennomføra mange veg og VA-prosjekt i løpet av året.

Store og viktige oppgåver i kommunen som kommuneplanar, næringsplan, helse- og omsorgsplan, integreringsplan, digitaliseringsplan, store reguleringsplanar, overordna ROS-analyse, Hardangerbadet og kommunereforma har vore tidkrevjande for organisasjonen, kanskje spesielt mykje for leiargruppa, og dette svekkar gjennomføringskrafta på andre ønskje område.

Landslagstrenaren i fotball var stort sett nøgd trass det stygge tapet. Eg er for mykje økonom til å vera nøgd med vårt resultat. Underskotet kastar skuggar over gode resultat innan samfunnsutvikling og brukar- og medarbeidarperspektiv.

I kommuneleiing hjelper det ikkje å vera «best utan ball». Her må me vera på ballen heile tida. Skal me lukkast i å få kommunen i økonomisk balanse snarast krevst det at me er kontinuerleg på ballen. Auka digitalisering, innovasjon, prosessforbetringar og gevinstrealisering krev god flyt mellom alle lagdelar. Fyrst då kan me sei oss nøgde med både kampen og resultatet.

Arild McClellan Steine
- rådmann -

2 Hovudtrekk

2.1 Då heile Noreg kom til bygda

«Da #KORK kom til bygda må være det suverent mest sjarmerende prosjektet #NRK har gjort ever!» Meldingar som dette florerte på twitter og i andre sosiale media etter at Kvam fekk synt seg fram i NRK-programmet Da KORK kom til bygda laurdagskvelden 20. desember 2014. Kvam var ein av fem stader i landet som vart plukka ut til å ta i mot Kringkastingsorkesteret, i tv-konseptet som fokuserte på dugnadsånd og lokale talent.


Biletet på framsida er frå Soldal under innspelinga av Da KORK kom til bygda. Programleiar Hans Olav Brenner inspiserer dugnadsgjengen Rut Opedal Rasmussen samla, for å laga dekorasjonar til KORK-konserten.

Hanna Marie Thiesen (fiolin), Anja Savic Røed (song) og Jostein Odland (gitar) stod for ein fantastisk utekonsert saman med KORK, ved strandvegen i Norheimsund. Publikum talde godt over tusen. Men før det hadde orkesteret og NRK med programleiar Hans Olav Brenner i spissen vore i Kvam ei lita veke. Dei gjorde opptak på over nitti stader i kommunen. Bygder, natur og kvemmingar fekk synt seg fram i perfekt sommarvêr. Ikkje minst fekk me sjå den heilhjarta dugnadsinnsatsen som føregjekk fram mot det musikalske klimakset. Hovudprogrammet på NRK hadde 700.000 sjåarar, og sette Kvam på kartet på ein svært god måte.

2.2 Medarbeidar

Sjukefråværsutvikling frå 2008 – 2014

Sjukefråværet i 2014 var i gjennomsnitt på 6,1 % (legemeldt og eigenmeldt). Det er 0,8 prosentpoeng lågare enn i 2013 og det lågaste som er registrert i perioden 2008-14. I 2014 vart avtalen om eit inkluderande arbeidsliv fornya, og i den lokale IA-avtalen er målsetjinga at det legemelde sjukefråværet ikkje skal overstiga 6,5 %. Denne målsetjinga er nådd for 2014. Kvam ligg lågare enn landsgjennomsnittet for kommunar (7,98% mot 9,80% i måleperioden). Kva som er årsaka til nedgangen er vanskeleg å tolka presist då mange faktorar påverkar sjukefråværet. Kvam herad har ikkje sett i gang konkrete sjukefråværsprosjekt i 2014, men nøkkelen til gode resultat kan bl.a. liggja i leiarane sitt systematiske arbeid med å førebyggja og følgja opp sjukefråvær blant tilsette.




Rekruttera og behalda arbeidskraft

Kommunen opplever stort sett god tilgang på kvalifisert arbeidskraft. Det er framleis utfordringar knytt til rekruttering til mellombels stillingar innan barnehage og helse og omsorg. Konjunkturedgangen i oljesektoren ser ut til å letta tilgangen på ingeniørkompetanse for kommunane. Det er likevel ikkje her kommunen har det store volumet i rekrutteringa. Det er behovet for helsefagarbeidarar i helse- og omsorgstenesta som utgjer det største volumet. Stort omfang av deltid, mellombels vakans som hindrar utlysing av faste stillingar og at for få

unge søker seg til yrket, er medverkande faktorar. Eit tett samarbeid med Norheimsund vidaregåande skule og Ytre Hardanger Opplæring er viktig for å rekruttere til læreplassar og kvalifisera vaksne til fagutdanning.

Heiltidskultur

Pleie og omsorg ber preg av ein deltidskultur. Det store spørsmålet ein må stilla seg er: «*Skal me ta det store heiltidsvalet eller skal me framleis vera ein arbeidsmarknad for deltidsarbeidskraft?*» Gjennomsnittleg deltidsprosent i helse og omsorg er 62,5 %. Av 393 tilsette, jobbar 336, dvs 85% deltid. Tabellen nedanfor viser at gjennomsnittsalderen for fagarbeidarane i Kvam herad er 48 år og at 70 av 139 fagarbeidarar er over 51 år.



Auka stillingsstorleik kan vera svaret på dei rekrutteringsutfordringane spesielt pleie og omsorg står overfor. For å rekruttere for framtida er det viktig at unge og nyutdanna får tilbod om faste, heile stillingar. Ei fersk undersøking som Rambøll har gjort for KS, viser at ein av dei største barrierane til at ungdom ikkje vel å gå i lære etter VG2 innan helsefag, er utfordringa med å få heiltidsstilling. Gjennom partsamansett deltaking i KS sin utviklingsverkstad for nye arbeidstidsordningar har Kvam arbeidd med å utfordra leiarar og tilsette på å tenkja «heiltidskultur». Fokuset har vore retta mot nye, fleksible arbeidstidsordningar, tiltak for å redusera ufrivillig deltid og korleis langsiktig planlegging av arbeidstid (årsturnus) kan bidra til at fleire får utvida stilling. Forsking på feltet viser at å skapa heiltidskultur er langsiktig arbeid. På den eine sida handlar det om å skapa større og heile stillingar gjennom ulike typar arbeidstidsordningar, medan det på den andre sida handlar om å arbeida med å endra haldningar, normer og å sørgja for forankring (Moland 2013).

Leiarskap og medarbeiderskap

Det interne leiarutviklingsprogrammet, som omfattar om lag 80 leiarar og fokuserer på leiarskap og medarbeiderskap, har som målsetjing å styrkja leiarane i leiarrolla. Det har vore tre samlingar med tema innan leiaridentitet, leiaråtfærd, leiaren som kulturbyggjar og motivator, etikk og HMS. Programmet styrkar det tverrfaglege samarbeidet gjennom å vera ein møteplass for leiarar frå alle delar av organisasjonen.



Omstilling

Administrasjonen har eit godt samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar i omstillingsprosessar. Strukturelle endringar i barnehagestrukturen har medført behov for nytenking omkring bruk av leiarressursar, og dette har vore viktige tema for drøfting med organisasjonane. Arbeidet med organisering av Kvam familie- og læringssenter har også blitt utført i tett samarbeid med dei tilsette sine representantar.

Pensjon

Frå 1.1.14 er det inngått avtale med KLP om offentlig tenestepensjon for alle tilsette med unntak av undervisningspersonell, som har lovbestemt pensjonsordning i Statens pensjonskasse. Lovbestemt pensjonsordning for sjukepleiarar er framleis teikna i KLP.

Overføringa frå tidlegare ordning i Storebrand har gått som planlagt.

Helse, miljø og tryggleik

Kommunen sin leverandør av bedriftshelseneste, Grend BHT, er blitt ein del av Bedriftshelse1. Innkjøp av bedriftshelseteneste var ute på anbod i 2014 og det vart inngått ny avtale med Bedriftshelse1 som einaste tilbydar. Aktiviteten i 2014 har vore på totalt 299,5 timar av ei ramme på 307 timar. Årsrapport frå Bedriftshelseteneste1 viser at det har bl.a. vore gjennomført inneklimaundersøkingar, arbeidshelseundersøkingar, vaksining av definerte yrkesgrupper, bistand i sjukefråværsoppfølging, veiledning/møte i konfliktsaker, arbeidsplassvurderingar og ergonomisk rådgjeving.

Gjennom deltaking i KS-nettverket «rådmannens internkontroll» vert det arbeidd med å gjera alle internkontrollsystema risikobaserte og del av kommunen sitt totale styringssystem.

Arbeid for likestilling og tilgjenge, og mot diskriminering

Kvam herad er medviten ansvaret for å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremja føremål i likestillingslova og diskriminerings- og tilgjengelova. Dette skjer i arbeidet med bl.a. rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, karriereutvikling og andre utviklingsmoglegheiter og ved å verna arbeidstakarar mot trakassering, samt tilrettelegging og utforming av arbeidsplassar.

Leiarar innanfor dei enkelte ansvarsområda i Kvam herad arbeider for å førebyggja og hindra at det skjer direkte eller indirekte forskjellsbehandling som ikkje er lovleg etter likestillingslova eller diskriminerings- og tilgjengelova.

Kvam herad er ein kvinnedominert arbeidsplass der over 90% av dei tilsette er kvinner. Gjennom rekrutteringsprosessar vert det arbeidd for å oppnå ein betre balanse mellom kjønna bl.a. ved å oppmoda menn til å søkja stillingar i omsorgstenestene og oppveksteininga. Løn vert fastsett på same måte for kvinner og menn, utan omsyn til kjønn. Kvam herad nyttar Bedriftshelse1 i arbeidet med tilrettelegging og tilpassing av arbeidsplassar for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne.

Etikk

Administrasjonsutvalet vedtok 14. mai 2014 nye etiske retningslinjer og reglar for tilsette, innleigde konsulentar og andre samarbeidspartnarar knytt til organisasjonen Kvam herad. Retningslinjene erstattar tidlegare retningslinjer frå 2008.

Revisjon av etiske retningslinjer for dei folkevalde har starta opp i samband med arbeidet med politisk organisering, men er ikkje avslutta. Inntil vidare gjeld dei som er vedtekne i HST-24/08 som del av reglementet for politiske organ.

I samband med leiarutviklingsprogram og interne einingssamlingar, er det gjennomført dilemmatrening. I tillegg vart det i mai halde etikk-kurs for leiarar, sakshandsamarar og politikarar. Dei nye retningslinjene er distribuert til alle tilsette, og ulike tiltak for å gjera dei tilsette kjende med innhaldet ligg i tiltaksplanen for retningslinjene. I tillegg har pleie og omsorg delteke i satsinga «Etisk kompetanseheving» frå 2012. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Helse- og omsorgsdepartementet, Helsedirektoratet, arbeidstakarorganisasjonane innan helse og omsorg og KS.

2.3 Internkontroll og tilsyn

I 2014 tok Kvam herad initiativ til å få KS sitt Effektiviseringsnettverk for internkontroll til Hordaland. Fyrste samling var hausten 2014 og nettverket vert avslutta sommaren 2015. Av konkrete tiltak så langt, har administrasjonen fokus på følgjande:

1. Administrativt delegeringsreglement. Kommunen har kjøpt eit nettbasert system for delegeringsreglement, og er i ferd med å kartleggja lovverket og delegering av dette.
2. Arbeidsgjevarpolitikk. Ulike dokument på området er samla i eit dokument som skal på høyring i arbeidstakarorganisasjonane.
3. Lokal personalhandbok. Oppgradera og ferdigstill ei nettbasert utgåve av den papirbaserte lokale personalhandboka.
4. Avvikssystem. Kommunen har eit eigenutvikla system for rapportering.
5. Beredskapsplan. Planen skal oppdaterast så snart arbeidet med den overordna ROS-analysen er avslutta.

Heradsstyret (HST) har vedteke plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016 (HST-120/12), men delegert til kontrollutvalet å gjera endringar og omprioriteringar, samt å definera og avgrensa konkrete prosjekt innan dei utvalde områda i planen. Kvam herad sin revisor, Deloitte, gjennomfører revisjonen.

I 2014 er det gjennomført forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning i dei kommunale grunnskulane i Kvam herad (KU-26/13). Revisjonen gav 16 tiltak som det er laga ein handlingsplan på som vart handsama i HST 17.2.15. I tillegg vart det laga ein handlingsplan etter tilrådingar frå forvaltningsrevisjonen av barnevernet (KU-28/12) frå 2013, som vart handsama av HST 18.3.14.

I tillegg til forvaltningsrevisjon, gjennomfører Deloitte selskapskontroll på vegne av Kvam herad. I 2014 vart det starta opp selskapskontroll for Storeholmen VTA, Hardangerrådet og Hardangerbrua AS.

Fylkesmannen i Hordaland gjennomfører òg tilsyn med kommunen sine ulike tenester

I 2014 har fylkesmannen bl.a. hatt tilsyn etter barnehagelova §14 om vedtak om tilskot til godkjente ikkje-kommunale barnehagar.

2.4 Arbeid med samfunnstryggleik og beredskap

I 2014 har det vore eit omfattande arbeid med overordna ROS-analyse. Omfanget auka etter at det kom nye retningslinjer våren 2014, og tidsfristen til fylkesmannen vart utsett til mai 2015. Etter at ROS-analysen er ferdig, skal krise- og beredskapsplanen oppdaterast, og det skal innarbeidast mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Det skal sikrast tverrfaglege og –etatleg deltaking og systematisk kompetanseheving/øving.

Det har vorte gjennomført ei større fellesøving i 2014 der den kommunale kriseleiinga deltok (KKL) saman med andre beredskapsinstansar.

Kvam heradsstyre vedtek i samband med budsjettet nødvendige økonomiske fullmakter til rådmannen i krisesituasjonar.

2.5 Økonomi

Kvam herad sine driftsinntekter vart i 2014 rett over 700 mnok¹. Driftsutgiftene vart større, 715 mnok. Brutto driftsresultat vart dermed eit underskot/meirforbruk² på 15 mnok, medan netto driftsresultat viser eit underskot/meirforbruk på 5 mnok. Det er ei resultatforverring på 20 mnok i høve 2013 og 12 mnok dårlegare enn opprinneleg budsjett for 2014, men 1,8 mnok betre enn justert budsjett.

Tilsynelatande har driftsinntektene vorte om lag som opprinneleg budsjett for 2014, men om lag 20 mnok av inntektene er i løpet av 2014 endra frå frie inntekter (frå kraftinntekter og statlege inntekter) til øymerka/aktivitetsdrivne inntekter, som medfører utgiftsvekst.

		Rek 2014	Rek 2013	Endring 2013 - 2014	Opph.bud 2014	Justert budsjett 2014	Avvik R14-Justert B14
LN10	Driftsinntekter	701	699	1	697	679	22
LN18	Driftsutgifter	715	698	17	702	699	16
LN19	Brutto driftsresultat	-15	1	-16	-5	-20	6
LN29	Netto finans.transaksjoner	-21	-20	-1	-21	-20	-1
LN30	Motpost avskrivningar	31	34	-3	34	34	-3
LN31	Netto driftsresultat	-4	15	-20	8	-6	2

Tilrådinga er at netto driftsresultat bør vera minst 1,75% av driftsinntektene, ein reduksjon frå 3% etter at mva.kompensasjonen for investeringar vart trekt ut av driftsrekneskapen f.o.m. 2014, og overført til investeringsrekneskapen. I 2013 hadde Kvam herad 2,2% i netto driftsresultat, medan den i 2014 er på – 0,6%. Mva.kompensasjon av investeringar utgjorde i 2013 11 mnok i driftsinntekter. Dersom ein trekkjer ut kompensasjonsinntekta, står ein att med 0,6% i netto driftsresultat i 2013. I 2014 er inntekta i investeringsrekneskapen på 6 mnok.

I det opprinnelege budsjettet for 2014 skulle året nyttast til opparbeiding av disposisjonsfond og langsiktig arbeid med tiltak som «Tidleg innsats» i skulen, digitaliseringsstrategi og barnehagestruktur som på sikt skal gje innsparingar. Nivået på eigedomsskatt vart oppretthalde for å skapa rom i drifta, og det vart henta ut ekstra midlar i utbytte frå Kvam Kraftverk AS til delfinansiering av Jondalstunnelen. Men etter at budsjettet vart vedteke kom det melding om vesentleg mindre inntekter frå staten, som måtte innarbeidast i 1. tertial med ein reduksjon på 5,1 mnok. Rekneskapen for 2014 viser at inntektene vart ytterlegare 1,8 mnok lågare enn opprinneleg budsjett, totalt 6,9 mnok.

Samstundes med inntektsfallet, auka ein i 1. tertial utgiftene med over 5 mnok til satsing på fleire barnehageplassar, Hardangerbad og samferdselsrapportar, totalt ei resultatforverring på 10 mnok i 1. tertial. I 2. tertial vart det heilt klart at det låge nivået på kraftinntektene ikkje var forbigåande, men kom til å halda seg, og budsjetterte inntekter vart redusert med 9 mnok. Rekneskapen viser at kraftinntektene vart endå 2,8 mnok lågare, totalt 11,8 mnok lågare enn opprinneleg budsjett.


På slutten av 2014 kom det store, ekstra inntekter, totalt 22 mnok. Av dette var 14,1 refusjonsinntekter for utlegg kommunen har, eller kjem til å få. Det same gjeld auken i statlege inntekter på 7,8 mnok. Sals- og leigeinntekter auka med 6,4 mnok, ein del av dette som følgje av auka aktivitet- og utgiftsnivå. Ein fekk såleis eit kraftig fall i «frie» inntekter i 2014, men ein stor auke i «bundne»/øymerka inntekter på hausten. Ein stor del av auken i inntekter er nivåheving, og inntektsnivået vil verta vurdert i 1. tertial 2015. Noko av inntektsauken, som skjønsmidlar og etterbetaling frå lmdi, er «eingongsinntekter».

¹ Mnok er forkorting for millioner kroner

² I kommunerekneskapen er meirforbruk og mindreforbruk nytta som omgrep i staden for det som i andre rekneskap vert omtala som underskot/overskot.



Noko av inntektstapet i 2. tertial skulle dekkast inn med reduksjon i lønsutgifter på 5 mnok for estimert lågare lønsvekst og i vakante stillingar. Men kommunen klarte ikkje å halda utgiftsnivået nede, og dei vart 16,5 mnok høgare enn budsjettert. På grunn av inntektsauken, vart brutto driftsresultat 5,6 mnok betre enn budsjettert, og netto driftsresultat 1,8 mnok betre. Men sidan så mange av inntektene hadde bindingar, og må setjast av på øyremerka fond, enda kommunen opp med å bruka 3,9 mnok av disposisjonsfond i staden for å byggja opp fondet med 8,2 mnok som opprinneleg budsjettert.

Sjølv om det er endringar i inntektene som prega 2014, er det framleis utgifter til løn og sosiale utgifter som er dei store utfordringane til kommunen. Nedgang i inntekter kan enten kompensast med bruk av driftsfond, eller innsparingar i driftsutgifter. Den største driftsutgifta er personalutgifter, og det er her ein må gjera dei fleste innsparingane. Personalutgiftene auka med 3% i høve 2013. Den estimerte lønsveksten var på 3,5% i statsbudsjetten. Lønsutgiftene auka med 2,9% i Kvam. Auken i sosiale utgifter vart på 3,5%, og utgjør no 30% påslag på lønsutgiftene. Utviklinga i løn og sosiale utgifter er illustrert nedanfor:




Då pensjonsordninga vart innført, var tanken at premieavviket kom til å svinga i løpet av åra, men grunnlaget for ordninga har vore for optimistisk og premieavviket har bygd seg opp, sjølv om auken i Kvam har vore noko lågare dei 2 siste åra. Totalt for alle kommunane var premieavviket rekna til om lag 30 milliardar, ein sum som skal utgiftførast i kommunerekneskapen i komande år. Tidlegare har ein kunna fordelt avviket på 10 år, men dette er no redusert til 7 år.


For Kvam herad er premieavviket på 85 mnok pr. 31.12.14. Avviket har auka med 43 mnok sidan 2009, som er ein auke på 101%. Pr. 31.12.14 hadde kommunen 729 mnok i midlar og forpliktingar på 971 mnok. Sidan 2009 har midlane auka med 267 mnok (58%) og forpliktinga med 412 mnok (74%). Pensjonsmidlane utgjer 75% av forpliktinga:



Diagrammet under viser korleis drifts- og finansinntektene til Kvam herad fordelte seg i 2014. Totalt var inntektene på 732 mill.kr mot 727 mill.kr i 2013, ein auke på 0,7 %. Det er små prosentvise endringar i mellom dei ulike inntektene i høve 2013. I tillegg til dei kraftrelaterte inntektene på 43,4 mnok (aksjeutbytte kraftverk, konsesjonskraft- og avgift og heimfall), utgjer 12,9 mnok av eigedomsskatten inntekter frå kraftrelatert næring (verk og bruk).




Fordeling av brutto driftsutgifter er vist i kakediagrammet nedanfor.



Prioritering av kva tenester Kvam herad skal bruka midlane sine til, er viktige politiske tema. I Kvam set heradsstyret difor budsjetttrammene tilsvarande netto driftsutgifter til dei ulike KOSTRA-tema (KOSTRA-tema=rammeområde). Vesentlege avvik i høve budsjettet vert difor gjennomgått i detalj under kapittelet: «Oversyn over tenestene».


Tenester innan pleie- og omsorg og grunnskule er dei to største «produkta» til kommunen, og utgjør til saman nesten 50%. Alle dei andre KOSTRA-områda utgjør under 10% av brutto driftsutgifter.

Dei to største tenestene til kommunen, er basert på personalressurs som den vesentlege innsatsfaktoren. Løn og sosiale utgifter utgjør 66%.



Ei av Kvam herad sine største utfordringar er høg lånegjeld etter store investeringar. I hovudsak har kommunen investert i bygg og VAR-anlegg. Investeringar i bygg omfattar ombygging av sjukeheimar, nybygg av omsorgsbustader, ombygging og utviding av skulebygg og idrettsanlegg. Nokre av desse investeringane har vorte støtta av staten med rente- og/eller avdragstilskot, men pr. 31.12.14 hadde kommunen ei lånegjeld på 904 mnok. 57 mnok av desse er startlån frå Husbanken som kommunen vidareformidlar til privatpersonar. I fjor utgjorde startlåna 59 mill.kr. Anna lånegjeld auka med 47 mnok til 847 mnok per 31.12.14. Av låneopptaket er 120 mnok ikkje brukt, då fleire av investeringsprosjekta som var planlagt starta opp/gjennomført i 2014 er forskyvde i tid. Dette gjeld særleg barnehage- og skuleprosjekt. Kvam herad gjennomfører som regel låneopptak i starten av året, før evt. forskyving i tid for investeringsprosjekt er kjende. Ubrukte lånemidlar vert plassert i obligasjonar som kommunen har fått høgare avkastning på enn det kommunen har betalt i lånerenta.

3



3 Oversyn over tenestene

Tabellen under viser korleis drifta fordeler seg på KOSTRA-tema³ bygd opp etter dei tenestene som er vedtekne brukt i Kvam herad, utanom avskrivningar og sosiale utgifter.

Tema (i 1000 kr)	Rekneskap 2014		Budsjett 2014		Avvik 2014
	Brt. utg. 2014	Netto utg 2014	Brt. utg. 2014	Netto utg 2014	
Politisk verksemd	4 465	3 526	4 426	3 520	5
Adm. og fellesutgifter	37 695	28 343	37 646	28 332	11
Barnehagar	60 408	45 179	59 475	46 421	-1 242
Grunnskule	122 338	102 754	118 179	102 746	8
Kommunehelse	29 060	21 213	29 070	21 932	-720
Pleie- og omsorgstenesta	182 510	136 386	165 550	131 031	5 355
Sosialteneste og NAV	27 808	25 834	25 681	23 898	1 936
Barnevern	17 034	15 172	17 648	16 723	-1 552
Bustader	10 392	-6 905	9 077	-7 773	868
Plan	9 075	4 890	10 226	4 873	16
Næringstøtte og komm. forretningsdrift	20 229	-6 536	25 224	-8 692	2 157
Brann og ulykkesvern	8 675	6 793	7 371	5 396	1 397
Samferdsle og grøntanlegg	17 822	12 808	14 646	11 439	1 369
Vatn avløp og renovasjon/avfall	34 618	-11 874	30 515	-10 937	-937
Kultur	19 139	10 904	18 071	11 646	-742
Kyrkje	5 035	5 033	5 000	4 973	59
Skatt og rammetilskot	0	-525 940	1 100	-517 889	-8 051
Finans	55 119	17 782	52 965	16 502	1 279
Sum	661 421	-114 641	631 872	-115 857	1 217

Kvam herad nyttar netto utgift som vedteke budsjett for kvart KOSTRA-tema. Tabellen viser i tillegg til rekneskapstala, justert budsjett 2014 (inkluderer alle justeringar fram til og med tredje tertial). Kolonne for avvik viser avvik mellom rekneskap og justert budsjett 2014.

På dei neste sidene er rekneskapstala til kvar teneste kommentert. Vidare er det laga tabellar som viser meir detaljert informasjon om kva tenester/funksjonar som høyrer til dei ulike rammeområda.

Andre opplysningar:

Alle sosiale utgifter er tekne ut av tabellane på kvart rammeområde. Endringar i lønsutgifter medfører oftast direkte endringar i sosiale kostnader. Men endringane er òg knytt til endringar i nivået på for eksempel pensjon og forsikring, som drifta av det enkelte rammeområde ikkje kan styra, og som påverkar alle rammeområde og difor vert omfattande å kommentera. Dei vesentlege endringane i lønsnivå vert difor kommentert pr. tema, medan sosiale utgifter vert kommentert for seg.

Dei sosiale kostnadene inkluderer pensjon, premieavvik på pensjon, gruppelivsforsikring, arbeidsgjevaravgift, premieavvik av arbeidsgjevaravgift og redusert arbeidsgjevaravgift av trygderefusjon.

³ KOSTRA=KOMMuneSTatRApportering. Kommunane skal nytta lik standard for rekneskap for å gjera det mogleg å samanlikna kommunar med kvarandre, på for eksempel tema «Grunnskule».

3.1 Politisk verksemd

Politisk verksemd						
Funksjon og rammer		Rek 13 (netto)	Rek 14 (netto)	Justert Bud 2014	Opphavleg bud 2014	Forbruk i % Avvik i kr
100	Politisk styring	2 715	3 002	2 844	2 844	106 % 157
110	Kontroll og revisjon	612	524	676	676	77 % -152
Politisk verksemd		3 327	3 526	3 520	3 520	100 % 5

Budsjettavvik

Det er eit meirforbruk på 0,2 mill. kr i høve justert budsjett og 0,3 mill. kr meir enn i rekneskapsåret 2013. 0,3 mnok til Hardangerrådet for 2015 er kome med i 2014. Det er og ein av dei store skilnadane i høve 2013. Innsparingstiltak er vidareført frå 2013. Dvs. har halde fram med redusert tal møtebolkar (i 2012: 10 HST- møter i 2014: 7 HST- møter), og det er utbetalt ca 0,2 mnok mindre enn budsjettet i ulike møtegodtgjersler. 0,1 mnok gjeld eldreråd, U-råd og RFMNF, og er ført på funksjon 180.

Det er brukt 0,1 mnok mindre til kontroll og revisjon enn i 2013, og 0,2 mnok mindre enn budsjettet. Det er utbetalt 0,1 mnok mindre utgifter til møte og opplæring enn budsjettet og i fjoråret, og 0,1 mnok mindre til konsulentkjøp enn budsjettet. På den andre sida har utgiftene til Hordaland fylkeskommune auka med ca. 30`, m.a. for arbeid med innkjøp av revisjonsteneste i 2014.

Resultat 2014

- Møteaktivitet og tal saker i 2014 har samla sett auka i forhold til 2013.

Aktivitet i politiske organ 2009 – 2014

	2009	2009	2010	2010	2011	2011	2012	2012	2013	2013	2014	2014
Organ	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker
Heradsstyre	10	126	9	131	11	163	10	144	7	102	7	123
Formannsk.	12	60	10	66	13	80	9	70	8	67	9	77
NPB	12	127	11	161	10	128	10	136	9	91	9	99
Teneste	8	25	8	25	7	22	8	31	5	22	1	1
Eldreråd	10	39	8	37	7	29	8	43	5	18	5	30
RFMNF	6		7	16	3	4	7	26	4	13	9	37
Adm.utval	0	0	0	0	1	2	0	0	0	0	1	3
AMU	4	14	4	12	1	3	2	7	3	8	2	4
Klagen.	2	6	0	0	2	4	0	0	0	0	1	2
Tema-H	2	0	1		2	0	3		0	0	2	0
Ungdomsråd											6	31
Samf.utv.											6	0
Samla	66	397	58	448	57	435	57	457	41	321	58	407

- Heradsstyret hadde 7 ordinære møter, det vart meldt 2 spørsmål og 1 interpellasjon frå representantane. I tillegg til dei ordinære HST-møta vart det arrangert eit seminar om etikk og ein budsjettkonferanse.
- Tenesteutvalet (TEN) vart lagt ned f.o.m. møtebolke nr. 2 i 2014. I 2014 vart det difor berre arrangert 1 møte.
- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne hadde eit svært aktivt år i 2014. Utanom dei faste møta vart det arrangert to fellesmøter mellom RMNF og interesseorganisasjonar i Kvam. I tillegg møtte representantar for rådet då rådmannen presenterte budsjettet på HST-møtet 04.11.2014.

- Politisk sekretariat har i 2014 også hatt ansvaret for Kvam ungdomsråd. Dette utvalet har hatt 6 møter og har behandla 31 saker i løpet av 2014 (URÅD er ikkje teke med tidl. år i tabell). 27.-28. november vart det arrangert studietur for ungdomsrådet til Oslo der representantane mellom anna besøkte Stortinget og KS besøkssenter.
- Samferdsleutvalet (SAUT) vart etablert 18.02.2014 som ei arbeidsgruppe og har hatt til saman 6 møter i løpet av 2014.

3.2 Administrasjon, styring og fellesutgifter

Adm. og fellesutgifter							
Funksjon og rammer		Rek 13 (netto)	Rek 14 (netto)	Justert Bud 2014	Opphavleg bud 2014	Forbruk i %	Avvik i kr
120	Administrasjon	25 018	26 386	26 291	27 085	100 %	94
121	Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	1 916	1 235	1 273	1 303	97 %	-39
130	Administrasjonslokale	2 008	993	1 079	1 061	92 %	-87
172	Pensjon	0	17	0	0	#DIV/o!	17
180	Diverse fellesutgifter	313	237	343	343	69 %	-106
190	Interne serviceeiningar	-485	-523	-654	-636	80 %	131
Adm. og fellesutgifter		28 770	28 343	28 332	29 155	100 %	11

Budsjettavvik

Funksjon 120 er redusert med 0,8 som følge av at stilling er flytta til annan funksjon, og vakansar. Det er og 0,3 mnok lågare utgifter til kjøp, men sett av øyremerka midlar på 1,3 mnok til fond for bruk i 2015.

For dei andre funksjonane er det berre mindre endringar.

Funksjon 190 går totalt sett i 0, men resten gjeld sosiale utgifter som er trekt ut i eigen tabell.

Om tema

Under tema «Administrasjon, styring og fellesutgifter» er det meste av leiargruppa i kommunen og stabseininga samla. I stabseininga finn ein tenester som informasjon, post, arkiv, resepsjon, politisk sekretariat, løn og personal, rekneskap, fakturering, eigedomsskatt, skatt, innkrevjing, IT, innkjøp, forvaltning bygg og eigedom, juridisk rådgjeving, kantinedrift, verneombod og hovudtillitsvald. I tillegg ligg kommunen sine utgifter til politi og rettspleie, forsikring, AFP og felleskontingentar, og lønsjusteringspotten til kommunen. Det er såleis eit innhaldsrikt KOSTRA-tema, med mange ulike funksjonar.

Resultat 2014

- Visjon, mål og arbeid med kommuneplan og andre delplanar, har vore i fokus i 2014.
- Leiarutviklingsprogrammet har halde fram, og det har vorte arbeidd vidare med etikk, leiar- og medarbeidarskap.
- Det har vorte brukt mykje interne ressursar på utarbeiding av overordna ROS-analyse. I tillegg er det leigd inn ekstern konsulent.
- I 2014 har Kvam ikkje teke i bruk nye digitale søknadsskjema. Det vert arbeidd med nytt skjema for kulturmidlar elles har ikkje einingane meldt om behov. Organisasjonen ventar på ny portalløysing og nytt «skjemadesign», når det er på plass forventar me større press på skjemaløysingar.
- Det er ein markert nedgang i bruken av våre tradisjonelle portalar, men ein auke i «følgjarar» på Facebook.
- Unike "vitjingar" pr. døgn innom dei ulike portalane er:

Portal	2010	2011	2012	2013	2014
www.kvam.no	870	965	1003	1053	910
Politikarnett	26	17	24	20	17
Lagsportalen	92	103	126	134	114

- Trenden er at informasjon vert fordelt via temagrupper i sosiale mediar. Den brukargruppa me vil ha flest av framover vil truleg vera dei som ynskjer å utføra handlingar meir enn å henta informasjon. Dermed bør me

prøva å stetta krava til denne gruppa mest mogleg. Det vil seia å utvida og forbetra løysingar der brukaren kan utføra handlingar direkte på nettsidene.

- Dette viser òg den store satsinga som skjer på statleg nivå opp mot spesialportalar utvikla for å løysa spesifikke tenester/oppgåver. Det er slutt på dei tider der ein har ein portal som handterer alt. Den tradisjonelle kvalitetsvurderinga av offentlege portalar har endra karakter frå å vurdera heile portalar til å vurdera enkelte digitale tenester som det offentlege tilbyr. Ingen tenester i Kvam vart testa ut i 2014.
- Arkivtenesta i Kvam fungerer godt, me har gode rutinar for internkontroll og det er ikkje meldt om «alvorlege» avvik i forhold til Innsyn.
- Kvam herad har i samarbeid med Interkommunalt arkiv i Hordaland slutført arbeidet med digital arkivplan. I samsvar med vedteken «Digitaliseringsstrategi» starta oppgradering av arkiv- og sakssystem i 2014. Dette arbeidet er krevjande og vil strekkja seg over tid. Me forventar at alle nye modular er på plass i løpet av 2016.
- I 2014 handsama me 96 registrerte krav om innsyn, av desse enda 2 som klage vidaresendt til fylkesmannen.
- Arbeidet med digitaliseringsstrategi for Kvam herad vart avslutta med vedtak i HST hausten 2014.
- Kommunen har løysingar til dei fleste IT-områda i eiga verksemd, og i Jondal kommune innanfor tele og data.
- Maskinparken til kommunen er einingane sitt ansvar, men IT-avdelinga gjennomfører kjøp, drift og vedlikehald. Maskinparken er aldrande, noko som går utover driftssituasjonen og tidsbruken til brukarane. Oppvekst har sett i gang oppdatering av maskinparken til elevar og fått tak i vel 100 maskiner. Framleis manglar ein elevressursar, men satsinga er vidareført i 2015.
- Satsingsområde i 2014 var:
 - Nytt lagringsområde med meir kapasitet.
 - 5 nye fysiske servere er bytt ut.
 - Halda fram med å byta ut trådlause nettverk til høgare kapasitet på ein del lokasjonar (sjukeheimar m.a).
 - Nettverksoppgradering på serverrom. Oppgradert for å handtera noverande og framtidig databehov.
 - Dobla talet på Citrix-servere som handterer sikker sone og heimekontor.
 - Skytenester for administrasjon i samband med prosjekt.

3.3 Barnehagar

Barnehagar						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Rek 14 (netto)	Justert Bud 2014	Opphavleg bud 2014	Forbruk i %	Avvik i kr
201 Førskeule	36 696	37 366	37 126	36 996	101 %	240
211 Styrka tilbod til førskeuleborn	4 240	4 623	4 769	4 341	97 %	-147
221 Førskeulelokale og skyss	3 634	3 190	4 525	3 668	71 %	-1 335
Barnehagar	44 569	45 179	46 421	45 005	97 %	-1 242

Budsjettavvik

Funksjon 201 – førskeule har i 2014 eit meirforbruk på 0,2 mnok. Løn i faste stillingar vart 0,8 mnok høgare enn budsjettert. Tilskotet til privat barnehage vart på 10 mnok, 0,3 mnok høgare enn budsjettert. Grunnlaget for utbetaling til private barnehagar vart endra til å gjelda rekneskapen året før (2013, ikkje 2014). På den andre sida auka inntektene med om lag 1 mnok, fordelt på utfakturert til andre kommunar (0,6 mnok), øymerka tilskot frå staten (0,2 mnok) og auka refusjon frå fylket (0,2 mnok).

Funksjon 211- styrka tilbod førskeule har eit mindreforbruk på 0,1 mnok. Øymerka tilskot frå staten var 0,7 mnok mindre enn budsett. Det var budsjettert med 0,6 mnok i tilskot frå lmdi til flyktningebarn som i staden er nytta til funksjon 202 – grunnskule. Mindreforbruk på løn i faste stillingar og engasjement er på om lag 1 mnok. Auka kostnad overføringar til privat barnehage er på 0,2 mnok.

Funksjon 221 har eit mindreforbruk på totalt 1,3 mnok som i hovudsak skuldast føring på tvers av funksjonane førskeule, barnehage og skule. Lønscostnader knytt til reinhald, drift og vedlikehald har eit mindreforbruk på 0,7 mnok. Budsett for leige av modulbarnehage på 0,6 mnok er for høgt.

Om tema

- Kvam herad har barnehagar i Ålvik, på Fykse, 2 i Øystese, 2 i Norheimsund, i Tørvikbygd, Strandebarm og på Oma.
- Kommunen tilbyr 50 og 100% plass

Resultat 2014

- Alle barn med lovfesta rett og som har søkt om barnehageplass, har fått tilbod om plass i barnehage.
- Totalt 433 barn hadde barnehageplass per 15.12.2014, 14 fleire enn året før.
- Stadig fleire ynskjer plass i barnehage. Barna er yngre når dei startar, og dei fleste har fulltids plass i barnehagen (94,9 %)
- Alle barnehagane har ope fem dagar i veka, med noko ulik opningstid. Sandven FUS barnehage har ope heile sommaren medan dei kommunale barnehagane har stengt vekene 28, 29, 30 og 31 kvar sommar.
- Støtteteam og PPT jobbar målretta med tidleg innsats og lågterskeltilbod i barnehagane.
- Det vart tilvist 19 nye barn i barnehagealder til PPT i 2014. 14 barn fekk enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp etter § 5-7 i opplæringslova pr. 31.12.2014.
- Systemarbeid og tidleg innsats i barnehage vart arbeida med gjennom Støtteteam barnehage/fleksibel støttepedagog, og spesialpedagogisk hjelp etter §5-7. I Støtteteam barnehage er det førskeulelærarar med ekstra kompetanse som systematisk rettleier og styrkjer personalet i barnehagane med mål om å fanga opp barn som har behov for litt ekstra hjelp på eit tidleg stadium.
- Fleire barn i barnehage treng tilrettelagt hjelp for å få tilfredstillande utbytte av barnehagetilbodet og ønska utvikling. Dette kan vera barn med funksjonshemming, utviklingsvanskar og funksjonshemmingar.

- Talet på minoritetsspråklege barn aukar. Det var i 2012 34 minoritetsspråklege barn i barnehagane i Kvam herad. I 2014 hadde talet stige til 53 barn. Ein auke på ca 18 %.
- Barn med minoritetsspråkleg bakgrunn utan kjennskap til norsk språk kan ha bruk for ekstra ressursar i oppstarten. Her har Støtteteam barnehage og fleksibel støttepedagog ei viktig rolle som støttespelar for barnehagane i arbeidet med å gje desse barna eit godt barnehagetilbod og sikra god språkutvikling.
- Dei fleste minoritetsspråklege barna bur sentralt i kommunen og går i barnehage i Norheimsund eller Øystese.
- Heradstyret vedtok ny barnehageplan i juni 2012 og styrarane saman med utviklar og leiar for barnehage og skule arbeidar med å fullføra handlingsplanen våren 2015.
- Heradstyret vedtok i sak 039/13 ny organisering av barnehage, der Bjørketeigen 1 og 2 skal ha felles leiling. Kvam herad har i 2014 gjennomført fleire drøftingsmøte med organisasjonane i samband med innføring av leiarteam i barnehage etter modell i skule. Målsetjinga med å innføra leiarteam er å styrkja den pedagogiske leiinga i barnehagen. Ny leiarstruktur i barnehage skal vera ferdig etablert innan 30.06.2015.
- Kvam herad er godt i gang med prosessen rundt bygging av 4 nye barnehagar og det vert jobba med ny leiarstruktur i Bjørketeigen 1 og 2 og nye Norheimsund barnehage. Ny struktur vil gje meir tenlege bygg, det opnar opp for meir fleksibel organisering av barnegruppene og bygga vil vera meir tilpassa dei små barna.
- Arbeidet med å sikra system for utskifting og oppgradering av IT-utstyr i barnehagen er ikkje ferdig. Dei aller fleste barnehagane har tilfredstillande utstyr til administrativt og pedagogisk bruk, men det er ikkje laga noko system for utskifting og oppgradering. Det manglar ein god del IT-utstyr til barna.
- Dei tilsette opplever at arbeidsdagen er i endring og at det er travle dagar. Det er summen av endring i einingsnorm, utvida opningstid og endra bemanningsnorm, som gjer styrarane og dei tilsette i barnehage engstelege for det å oppretthalda kvaliteten i barnehagane. På tross av endringane har sjukefråværet i barnehage gått ned. I 2013 var sjukefråværet på 10,1 prosent og i 2014 var det ein svært positiv nedgang i sjukefråvær i barnehage til 6,1 %.
- Kvam herad har fleire årsverk driven på dispensasjon i høve kravet om førskulelærarutdanning i pedagogiske leiarstillingar. I 2012 hadde Kvam herad 7,2 årsverk på dispensasjon og i 2014 hadde kommunen 8,6 årsverk på dispensasjon som pedagogiske leiarar fordelt på 9 personar. Om lag halvparten av årsverka på dispensasjon er knytt til 20 % og 30 % stillingar grunna førskulelærarar som har delvis permisjon.

3.4 Grunnskule

Grunnskule						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Rek 14 (netto)	Justert Bud 2014	Opphavleg bud 2014	Forbruk i %	Avvik i kr
202 Grunnskule	79 960	82 670	82 267	83 347	100 %	403
213 Vaksenopplæring	3 655	5 007	4 886	4 802	102 %	121
215 Skulefritidstilbod	1 606	1 376	1 646	1 634	84 %	-270
222 Skulelokaler	8 826	9 960	10 698	10 553	93 %	-738
223 Skuleskyss	3 121	3 741	3 250	3 250	115 %	491
Grunnskule	97 168	102 754	102 746	103 585	100 %	8

Budsjettavvik

Temaet grunnskule har i 2014 brukt budsjettert forbruk samla, men har ulike avvik mellom funksjonar. Funksjon 202- grunnskule har overskride budsjettet med 0,5 mnok for oppgradering av IT-utstyr. I tillegg er det ei rekkje andre avvik på kjøp, som summerer seg til 1,4 mnok over budsjett. Det er brukt 1,1 mnok meir enn budsjettert på lønsutgifter. Færre gjesteelevar frå Kvam til andre kommunar har redusert utgifta med 0,9 mnok. Det er overført 0,8 mnok meir enn budsjettert til Kvam friskule. Noko av summen er etterbetaling for 2013. Refusjonsinntektene er auka med 2,6 mnok til ulike øyremerka tiltak, samarbeidsprosjekt, gjesteelevar og liknande.

Funksjon 213 – vaksenopplæring har overskride budsjettet med 0,1 mnok. Auka brukarbetaling for tenester 0,1 mnok, men øyremerka tilskot frå staten er redusert med 0,2 mnok.

Funksjon 215 – skulefritidstilbod har hatt ein auke på 0,1 mnok frå brukarbetaling, og 0,1 mnok frå auka sal av mat.

Funksjon 222 – skulelokale (FDV og reinhald) varier noko frå år til år, saman med andre byggtenester. I 2014 er FDV-løn 1 mnok lågare enn budsjettert til denne funksjonen, og løn reinhald redusert med 0,4mnok. Anna forbruksmateriell auka med 0,4 mnok og drift, rep. og service teknisk anlegg auka med 0,3mnok.

Funksjon 223 – skuleskyss vart 0,5 mnok høgare enn budsjett, og utgiftene auka med 0,6 mnok til 3,7 mnok.

Om tema:

Kvam herad har 6 skular; 4 barneskular i Ålvik, Øystese, Norheimsund og Tørvikbygd. Det er ein ungdomsskule, Kvam Ungdomsskule, og Strandebarm skule er 1-10 skule.

Resultat:

- Elevtalet hausten 2014 er 1029 mot 1019 hausten 2013. Det er fleire elevar i skulen i Kvam som krev store ressursar. Nokre av desse elevane er minoritetsspråklege. Det er i dag 75 minoritetsspråklege elevar i skulen i Kvam.
- I 2013 fekk 15,9 % av elevane i Kvam spesialundervisning. I 2014 vart det gjort ei stor omlegging av organiseringa rundt tilpassa opplæring og spesialundervisning i kvammaskulen, som førte til at spesialundervisningsprosenten vart redusert til 7,6 %. *Inkluderande læringsmiljø* har fokus på læring og trivsel for alle, med vekt på fagleg utvikling, sosialt miljø og grunnleggjande dugleikar. Dette endringsarbeidet er eit felles løft mellom alle i skulen, assistentar/ fagarbeidarar, lærarar, leiarar, PPT og skuleeigar. Gjennom kompetanseheving på alle plan, som skal føra til styrka tilpassa opplæring for alle elevane, vert det samanheng mellom satsingsområda Vurdering for læring, lesing som grunnleggjande

dugleik som del av ungdomsstegsatsinga, klasseleiing og den innsatsen PPT har inn i skulane. Saman med skuleleiinga har PPT bygd opp nye støttesystem på skulane, slik at elevar med lese- og skriveanskar / dysleksi skal få hjelp gjennom tilpassa opplæring utan einskildvedtak om spesialundervisning. PPT held kurs og rettleiar lærarar med målsetjing om å gje betre tilpassa opplæring, slik at færre treng spesialundervisning. Omlegginga har vore krevjande både for PPT og skulane, men ein ser allereie resultat. 80 elevar har gått frå einskildvedtak om spesialundervisning til støttesystem.

- I samband med omlegginga av spesialundervisninga har skuleleiinga i samarbeid med PPT utarbeidd nye støttesystem i skulane, slik at elevar med lese- og skriveanskar / dysleksi skal få hjelp gjennom tilpassa opplæring utan einskildvedtak om spesialundervisning. Gjennom å heva kompetansen i skulen, kan støttesystemet gje meir fleksibel hjelp tidleg, og fleire elevar kan få den hjelpa dei treng inne i klassen.
- Me har knytt Vurdering for Læring (VFL) og skulebasert kompetanseutvikling (SKU) på ungdomssteget til lesing som grunnleggjande dugleik. Me vil vurdera om det er nødvendig med eit eige leseprogram i tillegg til denne satsinga. Alle trinna frå 1.-10. er med på denne satsinga, og i løpet av 2015 skal me vurdera behovet for eit eige leseprogram og om me har lukkast med satsinga på VFL og SKU. Det er eit mål at både lærarar, elevar og foreldre innan 3 år kan seie at i skulen i Kvam jobbar me ut frå prinsippa i vurdering for læring, og at dei har tileigna seg strategiar for lesing i alle fag.
- Arbeidet med § 9a er fast tema på rektormøta og det er utarbeidd ein rutine for gjennomføring av elevundersøkinga. Kvar enkelt skule jobbar systematisk ut frå sine planar i arbeidet mot mobbing, som er basert på heradet sin Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø. Det vert framleis arbeida med å utvikla eit årshjul for arbeidet med det psykososiale miljøet.
- Det har vore ein auke i tal minoritetsspråklege barn i skulen i Kvam dei siste åra, men talet var det same i 2014 som i 2013. Skulane treng eit system som sikrar rask norskopplæring og god undervisning til flyktningebarn og barn av arbeidsinnvandrarar slik at føresetnadene ligg til rette for at dei kan bli godt integrert i samfunnet. Dette systemet er ikkje på plass endå, men vil bli jobba vidare med i 2015 i samband med utviklinga av Kvam familie- og læringssenter.
- Små barnekull i indre og ytre delar av kommunen er ein kostnadsdrivar. Kvam har framleis to små skular, Ålvik skule og Tørvikbygd skule. Til undervisning, leing og assistent i skulen vert det nytta om lag 1,1 mill meir pr. småskule for å gje eit tilsvarende undervisningstilbod som på dei større skulane. Som følgje av skulestrukturen i Kvam er barnetrinnet på Strandebarm skule fådelt og dei får tilført ekstra ressursar på lik linje Tørvikbygd og Ålvik.
- Kvam herad har i 2014 vore proaktive knytt til grunnskuleopplæring for vaksne. Hausten 2014 var det 33 elevar ved vaksenopplæringa. Det er jobba med å få på plass eit system for realkompetansevurdering på grunnskulenivå. Kommunane har fått ansvar for å gjennomføra obligatorisk norskprøve og obligatorisk samfunnskunnskapsprøve etter gjennomført 50 timar kurs. Våren 2014 gjennomførte vaksenopplæringa 48 norskprøvar.
- Det er 8,1 årsverk pr 31.12.14 ved PPT i Kvam. PPT har ansvar for å hjelpa skule med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling, og for å leggja opplæringstilbodet betre til rette for elevar med særlege behov. Tenesta utarbeider sakkunnig vurdering i tråd med Opplæringslova. I 2014 var det totalt 328 saker ved PPT i Kvam, og 48 nye tilviste klientsaker der 42 av desse høyrer til i barnehage og skule.
- PPT vert rådspurd i saker om foreldreskap, psykisk helse, fagleg utvikling, klassemiljø, venskap, mobbing, konfliktproblematikk i skulen og spørsmål vedrørande mistrivnad på skulen hjå barn som ikkje er tilvist til PPT. Dette er ein del av PPT sitt arbeid med Tidleg innsats.
- Det vert arbeida vidare med implementeringa av 1310.no, eit forsvarleg system som skal sikra kvaliteten i skulen jfr opplæringslova §13.10. Eit kommunalt kvalitetsoppfølgingssystem er òg under utarbeiding.

- **IKT:** Målet er å gje eit likeverdig tilbod i alle skulane våre, og utvikle kompetanse i bruk av læringsplattforma itslearning og i andre pedagogiske verktøy og program. Dei nye/renovert skulane har elektroniske tavler. I 2014 vart det kjøpt inn 13 nye elektroniske tavler. No har alle skulane tilgang på dette bortsett frå Ålvik skule som vil få elektroniske tavler når ny skule står ferdig. Det finnest ikkje system for utskifting og oppgradering av IT-utstyr i skulane til tilsette og elevar.
- Status pr oktober 2014 elevmaskiner (frå Tilstandsrapporten):

Skule	Activeboard	Berbare elevmaskinar	Stasjonære elevmaskinar
Kvam ungdomskule	4	75	18
Øystese skule	0	25	24
Norheimsund skule	14	50	28
Strandebarm skule	2	65	34
Ålvik skule	0	17	10
Tørvikbygd skule	1	15	12
Vaksenopplæringa	0	16	16
Sum:	21	263	142

Deler av maskinparken har ikkje tilfredstillande kvalitet.

- I 2014 og framover er der viktig å arbeida systematisk med desse områda:
 - Inkluderande læringsmiljø:
 - Arbeida målbevisst for å senka tal på vedtak om spesialundervisning, styrka tilpassa opplæring, og ta i vare alle elevane i eit inkluderande læringsmiljø.
 - Vidareutvikla støtteteama ved skulane, og samarbeidet mellom PPT, skule og skuleeigar.
 - Arbeida vidare med kompetanseplan og verktøykasse med pedagogisk verkemiddel
 - Tidleg innsats
 - Vidareutvikle PPT sitt arbeid med Tidlig innsats i skulane.
 - Sosialt miljø
 - Følgja opp skulane sine handlingsplanar mot mobbing.
 - Vidareføra Trivselsleiarprogrammet på 1. til 7. steg.
 - Sjå det sosiale miljøet i samanheng med eit inkluderande læringsmiljø.
 - Prioritera satsing på IKT i skulen.
 - Utvida tilbodet om grunnskuleopplæring i vaksenopplæringa
 - Vidareutvikla system kvalitetsoppfølging i skulane.

3.5 Kommunehelse

Kommunehelse						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Rek 14 (netto)	Justert Bud 2014	Opphavleg bud 2014	Forbruk i %	Avvik i kr
232 Førebyggjg - skule og helsestasjonsteneste	4 128	5 021	5 374	5 426	93 %	-352
233 Anna førebyggjande helsearbeid	2 801	2 463	3 137	3 192	79 %	-674
241 Diagnose, behandling, rehabilitering	12 417	13 728	13 422	13 446	102 %	306
Kommunehelse	19 346	21 213	21 932	22 065	97 %	-720

Budsjettavvik

Funksjon 232 ligg 0,4 mnok under budsjett. Driftstilskot legar vart 0,4 mnok høgare enn budsjettert. Krisesenter er budsjettert på funksjon 232 med 0,4 mnok, men ført på funksjon 242.

Vakant stilling på psykiatri, 0,4 mnok. Refusjonsinntekt frå andre kommunar auka med 0,1 mnok, medan IT-lisens auka med 0,1 mnok.

Avvik i teneste 233 gjeld 0,3 mnok høgare lønsutgifter p.g.a. 40 % stilling utekontakt og 20 % stilling i prosjektdeltaking i nettverket Lokamedisinsk senter (LMS). Me har fått 0,2 mnok refusjon for prosjektdeltaking, alkoholfagleg konferanse og for gruppeleiar i Samhandlingsreforma. Driftsutgifter er 0,7 mnok mindre p.g.a. unytta midlar til kompetanseheving, beredskap og utførutsette hendingar.

I teneste 241 er forklaringa høgare kostnader på 0,8 mnok ved frikjøp av legar til utekontor og at rammeinnsparingar ikkje vart innfridd. Samarbeidsavtalen interkommunal legevakt har auka med 0,3 mnok det siste året grunna kapasitetsauke innan bemanning og lokale på legevaktssentralen på Voss. Refusjonar turnuslege og inntekter frå gjesteinnbyggar gjev ei meirinntekt på 0,8 mnok.

Om tema

• Helsestasjonstenestene:

Det er fire helsestasjonar i Kvam. Helsesøstre i til saman 5,25 stillingar og ei jordmor i 0,5 stilling utøver tenestene saman med 5 legar i til saman 84 % stilling, fordelt på helsestasjon, skulehelseteneste, helsestasjon for ungdom, helsestasjon for flyktningar og smittevern.

• **Ergoterapi – og fysioterapitenesta:** 8 fysioterapeutar med til saman 5,85 driftstilskot er knytt til 5 institutt. Saman med 7 fysioterapeutar som deler på 4,3 fastløna stillingar, og ein turnuskandidat gjev dei eit breitt tenestetilbod til kvenningane i alle aldersgrupper.

Det er 1 ergoterapeutstilling som gjev tilbod til brukarar i heile kommunen med hovudvekt på vaksne og eldre.

• **Kommuneoverlege:** Kvam herad har kommuneoverlege i 100 % stilling.

• **Folkehelse:** Kvam herad har folkehelsekoordinator i 100 % stilling. Gjennom ny lov om folkehelse har kommunane eit utvida ansvar for folkehelse. Folkehelsekoordinator har ei pådrivar-rolle i dette arbeidet.

• **Miljøretta helsevern:** Oppgåver innan miljøretta helsevern er plassert hjå kommuneoverlegen. Han har også mynde i hastesaker innan miljøretta helsevern.

• **Trygge lokalsamfunn:** Kvam herad har frå 2005 vore godkjent og vart i 2011 re-godkjent som trygt lokalsamfunn og er gjennom det del av eit nasjonalt skadeførebyggjande nettverk. Arbeidet i Kvam vert styrt av ei tverrsektoriell gruppe leia av folkehelsekoordinator.

• **Legetenesta:** Kvam herad har 10 fastlegar som arbeider ved 4 kontor. Strandebarm legekantor er kommunalt drive utekontor, dei andre kontora er privatdrivne. Til eitt av kontora er det knytt turnuskandidat.

Inkludert 100 % sjukeheimslege er det inngått avtalar med fastlegane om til saman 243 % stilling med allmenntilleggslege oppgåver.

- **Legevakt:** Kvam har 10-delt lokal legevakt på ettermiddag, kveld og også dagvakt helg og høgtidsdagar. På natt er det interkommunal legevakt på Voss med bakvakt i Kvam. Kvam herad har ansvar for å skaffa lege kvar 6. natt til den interkommunale legevakta på Voss.

På dagtid kvardagar er det legevakt sonevis knytt til kvart legekontor.

Legevaktsentralen er lokalisert på Kvam legevakt 08 – 23. På natta er legevaktsentralen kopla over til Voss legevaktsentral.

- **Kommunepsykolog:** Kvam og Jondal deler kommunepsykolog for barn, unge og familiar, iflg avtalen kjøper Jondal 30 %. Kommunepsykologen har permisjon frå stillinga i Kvam, 20 %. Psykologtenesta er eit lågterskeltilbod for barn og unge som står i fare for å utvikla psykiske helseplager. I tillegg skal tenesta bidra i det førebyggjande arbeidet og delta i arbeidet med tverrfaglege samarbeidsmodellar i og utanfor Kvam Familie- og Læringscenter.

- **Avdeling for alkohol og servering:** Avdelinga tek seg av kommunal sakshandsaming av saker gjeldande serveringsløyve og sals- og skjenkeløyve, samt sals- og skjenkekontroll. I arbeidet inngår: Kontroll av ordinære sals- og skjenkeløyve, ambulerande løyve/einskildløyve og salsstader. Det er 4 tilsette i avdelinga. Elleve kommunar har vore med i interkommunal sals- og skjenkekontroll som vert administrert av Kvam. Det er Jondal, Odda, Ullensvang, Eidfjord, Voss, Granvin, Ulvik, Fusa, Samnanger og Vaksdal i tillegg til Kvam.

Resultat 2014:

For mange som har arbeidet sitt i kommunehelse, har aktivitetar knytt til implementeringa av samhandlingsreforma og det nye lovverket, vidareføring av prosjekt lokalmedisinsk senter på Toloheimen, arbeid med tenesteavtalar, samarbeid med føretaket, arbeid med omorganisering av helse og omsorg og krav om innsparingar, bydd på til dels tidkrevjande og utfordrande oppgåver og prosessar i 2014.

Helsestasjonstenestene:

Grunna redusert helsesøsterbemanning er det kun vaksinasjonar som har vorte gjennomført på fleire skular halve året 2014. Frå august 2014 har tenesta vore fullt bemanna. Vellukka rekrutteringsarbeid har resultert i utdanna helsesøstre som bur i kommunen vår, i alle stillingane. Lovpålagde tenester elles i tenesta er utførde utan klager, og tenesta er i ferd med å henta inn etterslepet av arbeid grunna personellmangelen. Det har vore stor slitasje på dei tilsette pga redusert bemanning og rekrutteringsvanskar i lang tid.

Jordmor i Kvam har vore aktivt med i arbeidet med utarbeiding av tenesteavtale 8 som legg til grunn ny nasjonal rettleiar for barseltida. Rettleiaren legg mellom anna opp til tidlegare utskrivning av mor og barn frå fødeavdelinga. For å løysa denne utfordringa er det arbeidd med å få auka jordmorstillinga til 100 %.

Ergo- og fysioterapitenesta: Tenesta opplever aukande arbeidsmengd i samband med kortare liggjetid på sjukehusa og større utfordringar lagt til kommunehelsetenesta etter utskrivning. Kommunen har ikkje prioritert auka bemanning i ergo- fysioterapitenesta i 2014 slik tilrådd i planen. Derimot har 40% av ergoterapistillinga gått til innsparing. 1982 personar har fått fysioterapi i 2014 og dette er ein auke på 739 personar frå 2006. Dette meirarbeidet har ikkje hindra at ventetida på behandling ved institutta har auka og serviceerklæringa for tenesta vert difor i periodar ikkje oppfylt. Det er aukande frustrasjon hjå dei tilsette over at ressursituasjonen ikkje vert betre.

Det er kronikarane som må venta lengst, og dette gjev auka risiko for funksjonsfall. Dette er bekymringsfullt for å nå målet om at flest mogleg skal kunne bu lengst mogleg heime og leve eit sjølvstendig liv.

Kommuneoverlege: Kommuneoverlegen hadde permisjon i 4 månadar i 2014. Det var vikar i 20 % av stillinga. Kun må-oppgåver har vorte løyste i denne perioden. Kommuneoverlegen er medlem i akuttmedisinsk utval i Voss lokalsjukehusområde.

Folkehelse: Folkehelsekoordinator hadde permisjon i heile 2014. Det vart ikkje teke inn vikar i stillinga. Systematisk folkehelsearbeid har vore sett på vent i 2014.

Miljøretta helsevern: Kun må-oppgåver har vorte utførde på dette området i 2014 grunna kommuneoverlegen sin permisjon. Kommuneoverlegen har delteke i arbeidsgruppe med miljøretta helsevern og samfunnsmedisin som tema knytt til prosjekt Samhandling og Folkehelse i Hardanger.

Trygge lokalsamfunn: Trygge lokalsamfunn er ein viktig arena for det systematiske arbeidet med å førebyggje skadar og ulukker i Kvam. Arbeidet har vore tona ned i 2014 grunna permisjon både hjå folkehelsekoordinator og kommuneoverlege.

Legetenesta: I tråd med intensjonane i samhandlingsreforma har Kvam mange legar med relativt små lister. Det er god tilgang på kurative legetenester utan at det medfører ekstrakostnadar for kommunen. Kortare liggjetid på sjukehusa og større utfordringar lagt til kommunehelsetenesta etter utskriving merkast hjå legane tilliks med i dei andre helse- og omsorgstenestene i kommunen. Det er svært lite klager på legetenestene i Kvam.

Legekontora i Kvam har delteke i den nasjonale satsinga innan e-helse med innføring av e-reseptordning og elektronisk meldesystem. Det har medført ein del utfordringar undervegs, men er ei kvalitetsforbetring og forenkling for både pasient, lege og samarbeidspartane.

Legevakt: Kvam legevakt er ei av 7 vaktårnlegevakter i Noreg. Dette inneber at me leverer aktivitetsdata til nasjonal statistikk. Sidan 2002 har det vore om lag 4500 kontaktar årleg med legevakta. Dagleg leiar på legevakta har i tillegg til legevaktsoppgåvene ein svært viktig funksjon i arbeidet ved sengeavdelingane på Toloheimen og ved Kvam lokalmedisinske senter. Omfanget av arbeid av tilsette ved legevakta knytt til KRB har auka i 2014.

I hovudsak er det våre eigne legar som har legevakt i Kvam.

Dagleg leiar har halde fleire kurs i hjartelungeredning for tilsette i Kvam herad og for eksterne.

Kommunepsykolog: Stillingsreduksjonen har ført til at ungdomar er prioritert framfor andre aldersgrupper. Det har også medført redusert deltaking i systemarbeid. Prosjektet «Ingen skal stå igjen...» vart avslutta i 2014.

Kommunepsykologen er for tida leiar i *Underutval for barn og unges psykiske helse (Voss sjukehusdistrikt)*.

Avdeling for alkohol og servering

Eininga har utført lovpålagde oppgåver med sals- og skjenkekontroll. I 2014 har det vore utført 656 kontrollar av sals- og skjenkestader, noko som utgjer ein kontrollprosent på 107,69%. I tillegg er det halde kurs i alkoholova, og gjennomført kunnskapsprøvar for tilsette ved sals- og skjenkestader i kommunane. I Kvam og Fusa har eininga og halde/delteke på kurs med godkjenning av vakter for tilskipingar på forsamlingshus.

Eininga hadde hovudansvar for planlegging og gjennomføring av nasjonal alkoholfaglig konferanse på Gardemoen 7-8.april. Det var 240 deltakarar på konferansen.

3.6 Pleie- og omsorg

Pleie- og omsorgstenesta						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Rek 14 (netto)	Justert Bud 2014	Opphavleg bud 2014	Forbruk i %	Avvik i kr
234 Aktivisering eldre og funksjonshemma	6 911	7 330	6 827	7 041	107 %	502
253 Pleie, omsorg, hjelp i institusjon	50 766	52 879	51 313	51 283	103 %	1 566
254 Pleie, omsorg, hjelp i heimen	55 806	62 204	59 706	60 423	104 %	2 498
255 Medfinansiering somatiske tjenester	9 105	9 285	9 756	9 756	95 %	-471
256 Akutthjelp helse- og omsorgstenesten	13	4	0	0	#DIV/0!	4
261 Institusjonslokaler	4 351	4 683	3 428	3 901	137 %	1 255
Pleie- og omsorgstenesta	126 953	136 386	131 031	132 404	104 %	5 355

Budsjettavvik

Teneste 234 har hatt høgare lønsutgifter i samband med støttekontaktar, 0,8 mnok. Tenesta har hatt ei meirinntekt på 0,1 mnok på brukarbetalingar og 0,2 mnok i mindreforbruk driftsutgifter. I tillegg er det motteke eit øymerka tilskot på 0,5 mnok til opparbeiding av hagen ved Øysteseheimen, som ikkje var budsjettet. Summen er sett av på fond. Det er brukt 0,5 mnok til same tiltak i 2014, med bruk av gamle fondsmidlar. Denne bruken var heller ikkje budsjettet, men vert 0 i netto for funksjonen.

Meirforbruk i teneste 253 skuldast auka lønskostnader 0,5 mnok. Faste stillingar auka med 0,7 mnok, men helge- og høgtidstillegg vart 0,5 mnok lågare. Utgiftene til lærlingar og tillitsvalde 0,3 mnok høgare. Kjøpsutgiftene auka med 2,5 mnok, der kjøp av vikartenester utgjorde 1,9 mnok. I tillegg måtte kommunen ut med 1,4 mnok til utskrivingsklare pasientar. Totalt auka utgiftene med 4,4 mnok. Netto fondsdisponeringar ligg 0,3 mnok over budsjett.

Brukarbetalingane auka med 1,7 mnok. Fleire tilskot er motteke, totalt 1,4 mnok, blant anna kompetanseheving, kreftkoordinator, tilbodet om augeblikkeleg hjelp og dag- og aktivitetstilbod for personar med demens. Totalt er inntektsauken på 3,1 mnok.

I teneste 254 er lønsutgifter (inkl. refusjonar) 4,3 mnok over budsjett. Faste stillingar ligg 1,8 mnok over budsjett, helg- og høgtidstillegg 0,5 mnok, og vikarar 1,0 mnok over. Det er hyrt inn ekstravakter og utbetalt overtid for 0,6 mnok meir. Det er kjøpt inn for 1,6 mnok (0,7 til mat), og driftsavtale med andre vart 1,5 mnok dyrare (1,2 til vikartenester). Totalt auka utgiftene med 7,4 mnok. Netto fondsdisponeringar ligg 1,3 mnok over budsjett. Inntekter viser ein auke på 1,2 for auka sal av mat. Øymerka tilskot frå staten er på 1,7 mnok, som ikkje var budsjettet. Foreløpig estimert refusjon for ressurskrevjande brukarar er 3,4 mnok over budsjett. Totalt er inntektsauken på 6,3 mnok.

Medfinansiering somatiske tenester, 255, har foreløpig ein estimert kostnad på 0,5 mnok lågare enn budsjett. Endeleg kostnad vert ikkje kjent før sjukehusa er ferdige med sine utrekningar.

FDV og reinhald er felles for alle bygg, og aktivitetsnivået varierer noko frå år til år per funksjon. I 2014 er det brukt meir på reinhald og FDV på institusjonsbygg enn budsjettet, totalt 1,2 mnok, der 0,5 mnok gjeld løn reinhald og 0,3 mnok løn FDV. I tillegg er kjøp av varer og tenester 0,4 mnok over budsjett.

Status

I kapittel helse og omsorg er følgjande tema omtala:

- pleie- og omsorgsteneste (PLO)
- Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling (KRB)

- avdeling rus og psykisk helse (ROP)
- avdeling stab og forvaltning

Pleie- og omsorgstenesta har ansvar for å gje individuell hjelp til dei som treng omsorg, behandling og pleie gjennom ulike heimetenester og institusjonsomsorg. Tenesta rettar seg mot personar i alle aldersgrupper. Dei største gruppene er eldre, personar med psykisk utviklingshemming og personar med psykiske vanskar. Institusjonsomsorg omfattar langtidsopphald og korttidsopphald. Heimetenesteomsorg omfattar heimehjelp, miljøarbeid, dagtilbod, heimesjukepleie, omsorgsløn, utleige av trygde- og omsorgsbustader og tryggleiksalarmar. Tal brukarar registrert i tenesta har vore relativt stabil i 2014, om lag 550 brukarar pr. 31.12.2014. Pleie- og omsorgstenesta yt hjelp til stadig nye og yngre brukargrupper, ofte ressurskrevjande brukarar med behov for koordinerte tiltak.

Pleie- og omsorgstenesta er organisert i 14 arbeidsgrupper: 2 i Strandebarm, 5 i Norheimsund, 6 i Øystese (inkl. dagsentergruppe) og 1 i Ålvik.

Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling er ei korttidsavdeling som gjer tilbod om avlastning, opptrening, vurdering, behandling og omsorg ved livets slutt. Avdelinga er ein del av Kvam lokalmedisinske senter. Det er utarbeidd plan for fagleg og organisatorisk utvikling av senteret. Senteret er å sjå på som ei «overbygging» av fleire tenester som: sengeposten (KRB), hjelpemiddellager, legevakt, læring og mestring, friskliv, spesialistpoliklinikk i samarbeid med Helse Bergen, ambulansestasjon og andre tverrfaglege kompetansestillingar. Fleire av desse funksjonane er alt samlokalisert på Toloheimen.

Det er tilsett kreftkoordinator i 50% stilling. Stillinga er delfinansiert med midlar frå Kreftforeningen og er eit 4 årig prosjekt i perioden 2012-16. Kreftkoordinator skal koordinere hjelp og tenester til beste for kreftpasienten og pårørnde. Kreftkoordinator skal ha oversikt over tilbod og tenester, gje informasjon, råd og rettleiing knytt til diagnose, behandling, rehabilitering, palliasjon og omsorg ved livets slutt i tett samarbeid med pleie og omsorg, fastlegane og spesialisthelsetenesta.

Helse Bergen oppretta dialysesatelitt i Kvam i november 2013. Dialysesatelitten har 2 maskiner og har ope 3 dagar i veka. Tilbodet er lokalisert på Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling. Kvam herad har samarbeidsavtale med Helse Bergen om drifta, denne gjeld i 3 år og vert finansierte av Helse Bergen.

Helse og omsorg har som overordna mål at innbyggjarane skal få hjelp på lågast effektive omsorgsnivå. Dette betyr mellom anna at flest mogleg skal få bu heime lengst mogleg.

Etter innføring av Samhandlingsreforma i 2012 har tenesta fått nye fagleg utfordrande og ressurskrevjande arbeidsoppgåver. Oppgåvene vert opplevd som interessante og utløyser stor grad av motivasjon og engasjement i fagmiljøa, men dei har også vore kostnadsdrivande langt utover kompensasjonen frå staten. Tidlegare utskriving frå sjukehus har medført at sjukare og meir behandlingsskrevjande pasientar kjem til korttidsavdelinga eller direkte tilbake til heimen. Dei tilsette på korttidsavdelinga, i langtidsavdelingane, fastlegane, fysioterapeutane og tilsette i heimetenesta opplever dette og rapporterer om auke i arbeidsmengda. Pasientar som kjem frå sjukehus, og som har trong for vidare behandling nett no, må ofte prioriterast framfor andre oppdrag av meir langvarig og kronisk karakter. Dette er uheldig og kan på sikt føra til ei generelt tyngre og meir pleietrengjande brukargruppe.

Avdeling rus og psykisk helse yt hjelp og støtte til personar som har psykiske vanskar eller rusproblematikk og som treng oppfølging i kvardagen.

Avdelinga organiserer også lågterskel dagtilbod på Holmsund 3 dagar i veka.

Avdeling stab og forvaltning (tenestekontoret) har ansvar for sakshandsaming av alle søknader til helse og omsorg. Avdelinga har også ansvar for merkantile oppgåver som telefonsentral, post/arkiv, IT-brukarstøtte og innkjøp for heile eininga.

Nasjonale føringar krev at all kommunikasjon i helsevesenet fortrinnsvis skal vera elektronisk. Målet er raskare, meir effektiv og sikrere informasjonsutveksling mellom dei ulike nivåa i helsetenesta. Elektronisk meldingsutveksling er innført mellom pleie- og omsorgstenesta og fastlegane og mellom Kvam herad og Helse Bergen.

Kvam herad har avtale med Helse Bergen om oppstart av ØH-døgntilbod (1 seng) i Kvam og avtale om samarbeid med Voss kommune på natt. Kvam herad har motteke prosjektmidlar for oppstart av ØH-døgntilbod frå helsedirektoratet og Helse Bergen. Tiltaket er diverre ikkje kome i gang grunna Voss kommune ikkje er klare for oppstart.

Helse- og omsorgstenesta i kommunen har gjennom 12 tenesteavtalar med Helse-Bergen forpliktande samarbeid på fleire nivå i sjukehuset og kommunen.

Resultat

Den største utfordringa for tenesta i 2014 har vore å tilpassa drifta i tråd med innsparingskrav for eininga, aktuelt lovverk og sentrale føringar i mellom anna Samhandlingsreforma.

Tal brukarar i **pleie og omsorgstenesta** har vore relativt stabilt gjennom året.

Grunna tidlegare utskriving frå sjukehus og fleire behandlingsskrevjande pasientar i heimetenesta, opplever dei tilsette ein stor auke i arbeidsmengda. Den generelle grunnbemanninga i tenesta er knapp. Tidspresset er stort, og det har vore vanskar med å hente inn nok vikarar. Det er stort krav til effektivitet og rett prioritering av oppgåver i det daglege.

Heimetenesta har i 2014 innført Mobil pleie, eit effektiviserings- og kvalitetsforbetringstiltak. Mobil pleie er ein applikasjon til mobiltelefonen som gjer at dei tilsette i heimetenesta kan ta med seg deler av pasientjournalsystemet ut til brukaren. All informasjon vert kryptert og sendt/motteke via Norsk Helsenett som er ein sikker kommunikasjonskanal.

Dagsentera i Øystese og Strandebarm har med tilskot frå helsedirektoratet utvida dagtilbodet til personar med demenssjukdom.

Kvam rehabilitering- og behandlingsavdeling har i 2014 auka tilbodet frå 16 til 20 senger med drift i 4 to-sengsrom (ekstraløyving på 1,5 mill).

På trass av dette har avdelinga opplevd ein markant reduksjon i tal innleggingar og ein betydeleg auke i arbeidsmengda.

Rehabiliteringsavdelinga har hatt ein nedgang i innleggingar på 22,5 % (168 i -14 mot 217 i -13).

Ei av hovudoppgåvene denne avdelinga har er å tilby rehabilitering til heimebuande eldre, eit førebyggjande tiltak for å halda på funksjonsevne slik at dei kan bu heime lenger. I 2013 fekk 40 heimebuande eldre eit slikt tilbod, i 2014 berre 14.

Mangel på langtids plassar i sjukeheim går i særleg grad ut over heimebuande eldre som treng rehabilitering.

Pasientar som kjem frå sjukehus og treng trening etter skadar eller operasjonar, vert prioritert.

Behandlingsavdelinga har hatt ein nedgang i innleggingar på 37% (62 i -14 mot 99 i -13). Årsaka til dette er at avdelinga ikkje får skriva ut pasientar som er ferdigbehandla til anna passende tilbod i kommunen som t.d. langtids plass eller omsorgsbustad.

Auken i tal utskrivingsklare pasientar i sjukehus har vore stor; 390 utskrivingsdøgn i -14 mot 103 i -13 og 88 i -12. Det har i 2014 vore mange faglege utfordringar og i periodar eit svært stort arbeidspress. Det er godt samarbeid mellom heimetenesta og institusjonsomsorga både på korttids- og langtidsavdelingane. Dette er heilt avgjerande for å greie dei nye faglege utfordringane i tenesta. Dersom Kvam rehabilitering- og behandlingsavdeling skal fungere etter hensikta, som «eit nav» i tenesta, må mottaksapparatet vera på plass, dvs. at ferdigbehandla pasientar i avdelinga må tildelast anna kommunalt tilbod.

I tillegg til fleire utskrivingsklare pasientar i sjukehus og fleire pasientar i korttidsavdelinga «på vent» til anna kommunalt tilbod (langtids plass eller omsorgsbustad), så har det i heile 2014 vore lange venteliste både til institusjon og omsorgsbustad.

Dialyse-tilbodet har gitt brukarane eit godt lokalt behandlingstilbod og spart dei for mange reisetimar. For dei tilsette har det vore ei ny, spennande og fagleg utfordrande arbeidsoppgåve som dei trivst med.

Kreftkoordinator opplever at stillinga etter kvart er godt innarbeidd i tenesta i Kvam og rapporterer om auke i oppdrag både frå sjukehus og frå fastlegane i Kvam. Stillinga skal evaluerast i samband med budsjett 2016.

Avdeling rus og psykisk helse (RoP) vart våren 2014 organisert i ei avdeling. Ruskonsulent og miljøarbeidarstillinga vart overført frå NAV til RoP avdelinga.

Nav og avdeling rus og psykisk helse deltek i Brukarplan, eit nasjonalt verktøy som kartlegg omfang og type rusmiddelbruk blant brukarane. Målet med kartlegginga er i større grad å utvikla tenestetilbodet i kommunen i tråd med brukarane sine behov.

Tal brukarar som får oppfølging frå rus og psykisk helse har auka i 2014.

Gruppa pårørande og menneske i livskriser og med lettare angst/depresjonsproblematikk har auka.

Leiar i avdelinga har delteke i utarbeiding av rutinar knytt til ROP forløp i Helse Bergen. Desse skal sikre betre samhandling og saumlause tenester mellom spesialisthelsetenesta, sjukehus og kommunane.

ROP forløpet byggjer på ny tenesteavtale mellom kommunane og spesialisthelsetenesta.

Avdelinga har i 2014 etablert nytt kurstilbod; «Mestring av belastning». Tilbodet er godt nytta.

Holmsund har hatt eit aktivt år, med mange gode aktivitetar, og ei jamn stor gruppe som tek imot tilbodet.

Avdelinga har motteke prosjektmidlar frå Fylkesmannen og frå helsedirektoratet til auka aktivitet og tilsetjing av kommunepsykolog.

Avdeling stab og forvaltning har i 2014 hatt ein krevjande personellsituasjon grunna sjukefråvær i stillingar.

Avdelinga har overteke ansvar frå NAV for formidling av husbanktenester.

Innsparingskravet i eining helse og omsorg på 3 mill i 2014 vart gjennomført ved at det ikkje vart teke inn vikar ved sjukefråvær, permisjonar ol. i nokre stillingar. Dette har spesielt råka rusomsorga, psykisk helse, flyktningtenesta og stab og forvaltarkontoret.

Det er få klager på tenestetilbodet i helse og omsorg. Avvik meldt i tenesta dette året er primært knytt til pressa grunnbemanning og bekymring knytt til fagleg uforvarleg nedbemanning i samband med innsparing.

1 klage på omsorgsløn vart vidaresendt til Fylkesmannen i 2014, og kommunen fekk medhald.

Kvam deltek i prosjekt Vestlandsløftet som har ansvar for implementering av elektronisk meldingsutveksling i vår region.

Kvam er godt i gang med innføringa mellom pleie og omsorg og fastlegane og mellom kommunen og sjukehusa. Det er oppretta intern arbeidsgruppe som sikrar framdrift i prosjektet.

Det er god samhandling med spesialisthelsetenesta med bakgrunn i tenesteavtalane gjennom samarbeidssekretariat, samarbeidsråd, utval og nettverk. Gjennom prosjekt Samhandling og Folkehelse i Hardanger er det oppretta arbeidsgrupper på ulike interkommunale samhandlingstema med deltakarar frå kommunane.

Gjennom målretta satsing i fleire år har tenesta relativt god tilgang på fagpersonell, m.a. sjukepleiarar, fysioterapeutar og legar. Størst utfordring er rekruttering av nok fagarbeidarar. Det har også i 2014 vore vanskar me å skaffa kvalifisert personell i samband med sjukefråvær, permisjonar og ferieavvikling. Det har vore ein auke i bruk av vikarar frå vikarbyrå.

6 tilsette har teke fagbrev i helsearbeiderfaget i 2014. 21 er i kvalifiseringsprogram for fagbrev, 13 av desse er lærlingar.

Helse og omsorg har motteke kompetansemidlar frå Fylkesmannen og kompetansehevingstiltak som har hatt eit spesielt fokus i 2014 har vore: demensomsorg, kvardagsrehabilitering, velferdsteknologi, aktiv omsorg og vidareutdanningar innan kvardagsrehabilitering og barnefysioterapi.

Det har i 2014 vore eit stort engasjement knytt til ny helse- og omsorgsplan. Det har vore gjennomført kick-off seminar med stor deltaking. 9 arbeidsgrupper har arbeidd med ulike temaområde i helse og omsorgsplanen.

3.7 Sosialteneste og NAV

Sosialteneste og NAV						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Rek 14 (netto)	Justert Bud 2014	Opphavleg bud 2014	Forbruk i %	Avvik i kr
242 Rådgjeving, rettleiing og sosialt føreb. arbeid	5 084	5 946	5 230	5 779	114 %	716
243 Tilbod til personar med rusproblem	540	696	455	458	153 %	241
273 Kommunale sysselsetjingstiltak	4 037	3 639	3 839	4 255	95 %	-200
275 Introduksjonsordning	5 109	4 588	5 611	5 637	82 %	-1 023
276 Kvalifiseringsordning	1 202	1 409	1 515	2 115	93 %	-106
281 Økonomisk sosialhjelp	8 207	9 555	7 248	4 848	132 %	2 308
Sosialteneste og NAV	24 179	25 834	23 898	23 091	108 %	1 936

Budsjettavvik

I teneste 242 har ein lågare lønskostnader pga vakante stillingar 0,1 mnok, medan andre driftsutgifter som kjøp av tenester og overføringar til private og andre kommunar gjev ein auke på 1,2 mnok. Dette gjeld kjøp av plassar på Storeholmen, tolk og oversetjingsteneste og samarbeidsavtale om krisesenter. NAV-leiar har tidlegare vore statleg, men vart kommunal i 2014. Det gjev høgare lønnskostnadar men også ei refusjonsinntekt frå staten på 0,4 mnok som ikkje var budsjettert.

Ei stilling innan teneste 243 er flytta frå NAV til avdeling for Rus og Psykologi, og lønsutgifta vart samstundes auka med 0,3 mnok netto.

Avviket innan 273 er unytta tiltak for sysselsetjing det siste året grunna ressursmangel.

Introduksjonsordninga, 275, har brukt 0,4 mnok mindre i lønsutgifter enn budsjett, og introduksjonsstønad vart 0,4 mnok lågare. Kjøp av tenester hjå private er ført på andre tenester med 0,2 mnok. Reduksjonen i tenesta kjem som følgje av at kommunen har avgrensa mottaket av flyktningar til 15. På ei anna side har kostnadane auka på økonomisk sosialhjelp, som fylgje av familieinnvandring for flyktningar. Familiane som kjem har mange barn og desse kjem ikkje inn under rettane til introduksjonsstønad.

Om tema

Kommunale oppgåver i Nav-kontoret er økonomisk sosialhjelp og flyktningsteneste.

Rustenesta og formidling av husbanktenester vart i 2014 flytta til andre kommunale tenester (avdeling Rus og Psykisk helse og avdeling Stab og Forvaltning).

Dei tilsette har desse oppgåvene:

- Rådgjeving og økonomisk stønad, inkl. kvalifiseringsprogram
- Bu-tilbod til bustadlause
- Individuell samtale og oppfølging
- gjeldsrådgjeving
- busetjing av flyktningar
- introduksjonsordninga for flyktningar

Resultat 2014

Tenesta har i 2014 gjennomført omorganisering. Rustenesta vart ein del av ny avdeling rus og psykisk helse. Den kommunale delen av bustønad-ordninga til Husbanken er flytta til stab- og forvaltarkontoret til helse- og omsorg. Nav-kontoret har fått ny leiar i 2014.

Det har vore ein liten auke på personar i kvalifiseringsprogram og ein nedgang i tal personar som har motteke sosialhjelp:

- 206 personar/familiar mottok sosialhjelp i 2014 (222 i 2013)
- 12 personar har delteke i kvalifiseringsprogram i 2014 (9 i 2013)
- 24 personar har fått gjeldsrådgjeving i 2014 (27 i 2013)
- 33 personar har fått introduksjonsprogram i 2014 (37 i 2013)

Kvam herad har vedtak om å busetje 15 flyktningar i året og i 2014 har tenesta nådd dette målet. Tenesta gjennomførte 1 busetjing første halvår. 14 personar vart busett mellom i perioden 18.09.14 og 30.12.14. Flyktingtenesta opplever at det er vanskeleg å skaffa eigna bustader til flyktningar som kjem til Kvam. Praksis om å nytte framleige av private bustader vert framleis nytta for å kunna nå målet om å busetja 15 flyktningar i året i tråd med politisk vedtak.

Nav-kontoret har også i 2014 motteke statlege midlar til kampen mot barnefattigdom. Tidlegare har barnefattigdomsmidlane vore nytta til konkrete tiltak. Midlane for 2014 skal nyttast til planarbeid og ikkje til konkrete tiltak til personar eller familiar som fell inn under barnefattigdomsbegrepet. Planarbeidet vert slutført i 2015.

Sosialtenesta og flyktingtenesta arbeider med personar som er i svært sårbare situasjonar og oppgåvene er fagleg krevjande. I 2014 vart det gjennomført kompetansehevande tiltak for alle tilsette innan rettleiingsmetodikk. Målet er å auka kompetansen til den enkelte medarbeidar til å gjennomføra kvalitativt gode samtalar.

Det vert arbeidd med å etablera ordninga *Arbeid for sosialhjelp*. Nav kontoret har gjennomført eit grundig førearbeid i 2014. Sosialtenesta har utarbeidd modell for korleis ordninga kan gjennomførast og tiltaket vert starta opp i februar 2015.

Nav Kvam har framleis følgjande utfordringar knytt til arbeidet med flyktningar og sosialhjelpsmottakarar:

- Skaffa høvelege bustader
- Hjelp til å meistra butilhøva
- Utvikling av differensierte dagtilbod
- Framleis uforholdsmessig mange sosialhjelpsmottakarar
- Stønadslengda for sosialhjelpsmottakarar er framleis for lang

3.8 Barnevern

Barnevern						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Rek 14 (netto)	Justert Bud 2014	Opphavleg bud 2014	Forbruk i %	Avvik i kr
244 Barnevernteneste	4 169	3 786	5 310	5 381	71 %	-1 524
251 Barneverntiltak i familien	2 477	2 675	2 796	2 807	96 %	-122
252 Barneverntiltak utanfor familien	7 140	8 711	8 617	8 573	101 %	94
Barnevern	13 786	15 172	16 723	16 762	91 %	-1 552

Budsjettavvik

Funksjon 244 – har eit mindreforbruk på 1,5 mnok. Vakante stillingar reduserte lønsutgiftene med 0,9 mnok. Refusjonar frå andre kommunar utgjorde ei inntekt på 0,4 mnok.

Funksjon 251 – har eit mindreforbruk på 0,1 mnok. Reduksjon i kjøp av tenester frå staten er på 0,4 mnok. Auka kostnad hjelpetiltak 0,3 mnok.

Funksjon 252 – har eit meirforbruk på 0,1 mnok. Barnevern har ei rekkje tiltak, og bruken av dei ulike varierer frå år til år. I 2014 vart det brukt om lag 2,3 mnok mindre via lønsmidlar, og kjøpt tenester av ulike aktørar for 2,4 mnok meir enn budsjettet.

Resultat 2014:

- Ved årsslutt i 2014 var det 84 barn/ungdom med aktive tiltak, venta på tiltak eller påbegynt undersøking. Dette er ein nedgang frå 2013 på 30 barn/ungdom.
- Nedgang i tal barnevernsaker heng saman med:
 - Barnevernet har fått betre evalueringsverktøy og kan i større grad enn tidlegare vurdere om mål/ending er oppnådd. Nedgang i tal barn som mottek hjelp frå barnevernet kan forklarast med at barnevernet jobbar meir strukturert og målretta med å oppnå ending i familien og at saker blir i større grad enn tidlegare avslutta etter evaluering dersom mål/ending er oppnådd.
 - Nokre saker er avslutta med bakgrunn i barnet sin alder
 - Fagprogrammet Acos er oppdatert og rapportar og statistikkar er betre kvalitetssikra enn tidlegare med ny programvare.
 - Naturlege svingingar.
- Ved utgangen av 2014 innehar om lag 10-15% av sakene høg alvorsgrad. Sakene er meir komplekse og det er tidkrevjande å gjera dokumentasjonsarbeidet skikkeleg. I dei alvorlegaste sakene kan familiesituasjonen vera prega av:
 - Heimesituasjon prega av rus og eller valdsbruk, eller psykisk sjukdom
 - Samlivsbrot med høgt konfliktnivå mellom foreldra der barna blir skadelidande
 - Barn utsett for seksuelle overgrep eller andre former for fysisk og psykisk omsorgssvikt.
 - Ungdom som «treng hjelp til å bu» utanfor heimen, og treng tett oppfølging f.eks på institusjon/fosterheim

- Det var 17 barn under omsorg og 14 tilsynsbarn.
- 1 barn blei akutt plassert i løpet av 2014, men blei tilbakeført etter ankesak i Tingretten.
- Ved årsskifte 2014 hadde barneverntenesta 17 barn under omsorg, 2 mindre enn året før.
- Eitt barn blei tilbakeført etter sak i fylkesnemnda. Eitt barn fylte 18 år og blei overført til hjelpetiltak/ettervern fram til 23 år.
- Kommunen sendte i løpet av 2014 ei akutt sak til fylkesnemnd med forslag om omsorgsovertaking.
- Barneverntenesta mottok i 2014 ein klage som var retta til Fylkesmannen der det ikkje blei opna tilsynssak.
- I løpet av heile 2014 mottok barneverntenesta 51 nye meldingar mot 63 meldingar i 2013 og 64 meldingar i 2012. Det er foreldre sjølv som tek kontakt i dei fleste saker. I 2014 meldte skule og barnehage noko fleire saker enn året før. Barnevernet har tettare samarbeid med barnehage og skule og det gjer det lettare for dei å be om hjelp frå barnevernet.
- Tilrådingpunkta i forvaltningsrevisjonsrapporten frå Deloitte er jobba målretta med i 2014.
- Barneverntenesta arbeider målretta med å oppnå effektiv drift. Det blir jobba systematisk med å halda fram utviklinga frå kompenserande og økonomiske tiltak og over på endringstiltak i familien. Dette er i tråd med barnevernlova der det i lovteksten er presisert at hjelpetiltak skal ha som føremål å bidra til positiv endring hjå barnet og familien.
- I samarbeid med dei andre hjelpetenestene i KFL har barnevernet eit større fokus enn tidlegare på det førebyggjande arbeidet for å ivareta lovkrav i barnevernlova om å sikre barn og unge gode oppvekstvilkår.
- Barneverntenesta må, som følgje av endringar i Bufetat, i større grad rekruttera og rettleia fosterheimane i og utanfor kommunen. Barnevernet har også fått ansvar for å føra tilsyn i saker der retten pålegg tilsyn ved samvær i barnefordelingssaker.
- **Kvam familiesenter er eit heimebasert tiltak:** Familiesenteret skal hjelpe foreldre og familiar som av ulike årsaker ikkje gjer barna god nok omsorg. I 2014 har senteret jobba med 28 familiar som til saman har 53 barn/ungdom. Senteret jobbar med mange ulike tema i familiane. Tema som kommunikasjonsvanskar, atferdsutfordringar, foreldra si psykiske og fysiske helse, relasjonsskade, vald/traume og ofte ein kombinasjon av fleire, er tema som familiesenteret jobbar mest med. Det krev ulik tilnærming. Blant anna har 17 familiar mottatt veiledning etter veiledningsprogrammet Circle of security (COS). Familiesenteret manglar for tida kompetanse innan familieterapi. Det er gjort grep for å endra på dette og 2 personar har starta på familieterapistudiet hausten 2014.
- I løpet av 2014 har utekontakten mellom anna drifta jentegrupper i samarbeid med helsesøster, førebudd oppstart av grupper med gitar, gjennomført VIP ved dei vidaregåande skulane, drive oppsøkjande arbeid i ungdomsmiljøet, delteke aktivt i arbeidet med Kvammaveko, drifta Dozerprosjektet ung til ung som fekk Eldsjelprisen 2014, samt delteke på temadag for rus i regi av Av og Til.
- Utekontakten er med i utviklinga av det førebyggjande ungdomsarbeidet i kommunen og er sentral i utviklinga av det førebyggjande ungdomsarbeidet i KFL. Ved kutt i utekontakttenesta i 2016 blir det viktig

å halda fokus på at kommunen ivaretek lovkrava i barnevernlova om å sikra barn og unge gode oppvekstvilkår.

- **Utekontakten** har fast trefftid på ungdomsskulane og gjer same tilbod til vidaregåande skular i kommunen. Ein vidaregåande skule takka ja til tilbodet i 2014.
 - Ungdomsbasen har ope kvar torsdag frå kl. 12.30 – kl. 20.00, og har eit gjennomsnittstal på 47,6 besøkande ungdomar pr. opningsdag. I løpet av 2014 har det vore arrangert 6 ulike temakvelder i tillegg til vanleg opningstid.
 - Utekontakten har hatt individuelle oppfølgingsamtalar med 87 ungdomar som har behov for ein vaksenperson å prata med.
 - Kommunen søkte om LOS-midlar i 2014 og fekk dette. LOS-prosjektet er ein del av regjeringa si satsing på å leggja til rette for at flest mogleg kan fullføra vidaregåande opplæring og vera godt rusta til arbeidslivet. Målgruppa er ungdom i alderen 14 – 23 år. Utekontakt og LOS skal jobba tett saman inn mot målgruppa.

3.9 Bustader

Bustader						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Rek 14 (netto)	Justert Bud 2014	Opphavleg bud 2014	Forbruk i %	Avvik i kr
265 Kommunal disponerte bustader	-8 451	-7 608	-8 718	-8 824	87 %	1 109
283 Bistand til etabl. og oppretth. av eigen bustad	406	478	701	701	68 %	-223
315 Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak	1 168	225	243	262	92 %	-18
Bustader	-6 878	-6 905	-7 773	-7 861	89 %	868

Budsjettavvik

Det er brukt 0,5 mnok meir på vedlikehald på kommunale bustader enn budsjettert

Utgiftene til straum har auka med 0,4 mnok

Advokatutgifter på 0,2 mnok var ikkje budsjettert.

Renteinntekter på startlån vart 1 mnok, 0,2 mnok meir enn budsjettert.

Om tema

Ved utgangen av 2014 disponerte Kvam herad 218 bueiningar. Av desse eig kommunen 177, fordelt på:

- 49 trygdebustader
- 108 omsorgsbustader
- 20 utleigebustader

Kommunen er i ein prosess med å avvikla framleigeavtalar, men hadde att 15 bueiningar ved årsskiftet (33 i 2013).

I tillegg disponerer kommunen 46 privateigde bueiningar.

Kommunen administrerer og formidlar Husbanken sine verkemidlar – lån og tilskot, funksjon 283.

Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak gjeld kommunegeolog-stillinga. Interkommunalt skredsamarbeid mellom 8 kommunar pågår i sitt tredje av tre avtalte år. I Kvam har kommunegeologen jobba mykje med radonmålingar i tillegg til rådgjeving i plan og byggjesaker, uromeldingar, skredhendingar, m.m. Arbeidet har vore fokusert rundt oppfølging av bestillingar frå samarbeidande kommunar, nettverksarbeid, opplæring, m.m.

Resultat 2014

- Kvam herad har ei utfordring med å skaffa gode og rimelege bustader til vanskelegstilte på bustadmarknaden, eller bustader til dei med nedsett funksjonsevne. Alle bustadane er utleigde stort sett heile året, og det er til tider ventetid på å få tildelt bustad. Kommunen har særskilte utfordringar med å få busett flyktningar, blant anna på grunn av at familieinnvandring for store familiar krev bustader som er vanskeleg å oppdriva i Kvam.
- Ny FDV-leiar kom på plass i 2014, og arbeidet med å overføra eigedomsforvaltninga frå Stab til FDV-leiar, har starta opp.
- Arbeidet med ny bustadplan starta opp i 2013, men på grunn av låg bemanning og mykje planarbeid er planarbeidet sterkt forseinka.
- Kvam herad held på å avvikla framleigeavtalar med private huseigarar. Avtalane krev mykje oppfølging av Kvam herad, og kommunen vil heller prioritera å auka buevna til leigetakarane.
- I 2014 vart det utbetalt kr 10,7 millionar i startlån til 15 ulike låntakarar. Utlånssummen var i 2013 kr 10,1 millionar til 16 lån.
- Saldo Startlån frå Husbanken som ikkje er lånt vidare er per 31.12.2014 kr 4,2 mill. Kommunen søkte om 20 mnok i startlån i 2014, men fekk tildelt 5 mnok som vart utbetalt i 2015.

3.10 Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø

Plan						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Rek 14 (netto)	Justert Bud 2014	Opphavleg bud 2014	Forbruk i %	Avvik i kr
301 Plansaksbehandling	3 739	3 452	4 262	4 166	81 %	-810
302 Byggjesaksbehandling og eigarseksjonering	-80	444	-407	-349	-109 %	851
303 Kart og oppmåling	943	993	1 018	918	98 %	-25
Plan	4 602	4 890	4 873	4 734	100 %	16

Budsjettavvik

Funksjon 301 har ei vakant stilling og ubrukte konsulentmidlar som gjev mindreforbruket.

Funksjon 302 har eit meirforbruk som kjem av at ei stilling er rekneskapsført på denne funksjonen (0,4), men budsjettert på feil funksjon (120). I tillegg er det fordelt kalkulatoriske kostnader (0,45) etter nye sjølvkostretningslinjer, noko som ikkje vart lagt inn i budsjett 2014.

Kart og oppmåling (303) har auka gebyrinntekter på 0,2 mnok, men har fått vel 0,1 mnok i interne utgifter i tråd med nye sjølvkostretningslinjer. Sjå sjølvkostnote.

Om tema

Kommuneplanen sin samfunns- og arealdel er under arbeid, men er dessverre på etterskot i høve til oppsett framdriftsplan. Det er likevel gjort mykje godt arbeid omkring visjon og hovudmål i samfunnsdelen, og viktige arealstrategiar er vedtatt av heradsstyret. Viktige tema for strategiane er senterstruktur, utnytting av landbruk, natur- og friluftsområde, industri- og næringsareal, funksjonell strandsone, område for akvakultur mm. Desse er eit svar på utfordringane til kommunen og eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

I 2014 kom me så vidt i gang med risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS-analyse) av alle innkomne merknader til kommuneplanen sin arealdel, men arbeidet er omfattande og tidkrevjande.

I samband med kommuneplanen sin arealdel vart det gjennomført kartlegging av den funksjonelle strandsonen i 2014, kartet vil vera ferdig i første halvdel av 2015. Det vart også gjennomført moglegheitsstudie for den gamle ungdomskuletomta i Norheimsund, med nye spennande idéar for tomta og Norheimsund sentrum.

Det viktige arbeidet med integreringsplanen kom også godt i gang i 2014.

Resultat 2014 – Byggesak, kart og oppmåling

- I 2014 mottok Kvam herad 236 byggjesaker og 87 delingssaker (268/90 i 2013). Kvam herad handsama 295 byggesaker og 61 delingssaker. 10 klagesaker vart sendt over til Fylkesmannen, som omgjorde 1 vedtak, oppheva 2 vedtak og stadfesta 6 vedtak. 1 klage var ikkje avgjort ved årsskiftet. Det vart gjort 9 tilsyn av byggesakene, som er 3% mot målet på 7 %. Det var gitt 3 pålegg. 70 matrikkelbrev ol vart tinglyst. 162 eigenerklæringar om konsesjonsfritak kom inn og 150 vart handsama. 276 ordrar vart handsama i INFOLand. Total omsetning var på 164.000 kr, der andelen kartsal utgjorde 16.000 kr. I 2013 var det 146 ordrar og ei omsetning å kr 88.000. Avdelinga tok inn 3,29 mill. kr i gebyrinntekter mot 3 mill. kr i budsjett.
- Geodataavdelinga drifta og fullførte fornyinga av webinnsyn, og implementeringa av geoinnsyn, winmap matrikkel og analysemodular for revisjon av kommuneplanen. Geodataavdelinga ajourførte AR5/planar/bygg/VA.

- Digitaliseringa av gamle reguleringsplanar er fullført og ligg tilgjengeleg via nettkartet til kommunen.
- Geodataavdelinga la grunnlaget for adressering på Kvamskogen. Nødvendig programvare er gjort klar og forslag til vegnamn er i siste fase når det gjeld godkjenning av stadnamntenesta.

Samarbeid rundt kommunegeolog omfattar rådgjeving i plan og byggjesaker, uromeldingar, skredhendingar, radonmålingar, nettverksarbeid, opplæring, m.m. Det skjedde fleire store skredhendingar i Kvam i mars og oktober.

Resultat 2014 - Offentlege planar

•Kommuneplanen sin areal- og samfunnsdel vart kunngjort med oppstart i juli 2013. Når det gjeld framdrift, så vert det vist til innleiinga ovanfor.

•Bustadplan. Pga av manglande ressursar til dette planarbeidet, så er det strategiske arbeidet omkring bustad, tatt inn som ein del av samfunnsdelen. Helse- og omsorgsplanen, og integreringsplanen tek også for seg dette temaet.

•Kommunedelplan for næring og kompetanse er godt i gang. Heradsstyret vedtok den 16.12.2014 å leggja ut planen til høyring og offentlig ettersyn.

•Arbeidet med integreringsplan vart i 2014 lagt til eining for samfunn og utvikling. Planen er er tilført administrative ressursar, tilsvarende 50% stilling. Arbeidet vert styrt i frå kulturkontoret.

•Samstundes med at dei fleste reguleringsplanane for Kvammapakken no er på plass, har det vore gjennomført eit godt og grundig arbeid med å få på plass reguleringsplanar for nye barnehagar i Kvam.

Endeleg vedtak av reguleringsplanar i 2014:

• **Reguleringsplan for Fv-49 –Lingaparsellen –del 2**

Planen tek for seg utbetring av Fv-49 på Linga. Delar av planen vart vedatt i juni 2013, medan del 2 av Lingaparsellen kom på plass i juni 2014. Planen gjer det mogleg å forlenga utbetringa av Fv-49 på Linga. Planen er ein del av Kvammapakken.

• **Straumbrua - Tolo småbåthamn.**

Planen tek for seg nytt sentralt bustadområde i Norheimsund. Planen har vore på høyring i 2011. Statens vegvesen og Fylkesmannen har hatt motsegner til planen. Alle motsegner vart rydda bort i 2013. Planen var ute på ny høyring i 2014, og planen vart vedtatt i desember 2014.

• **Reguleringsplan for Fv -49 krysset til Heradstveit**

Planen tok opphavleg for seg ny ferjekai i Tørvikbygd. I tillegg til ferjekai, tok planen for seg eventuelle overskottmassar til utbetring av vegen til Heradstveit. Hordaland fylkeskommune skriv at «*planen har eit omfang som ikkje er realistisk med tanke på gjennomføring i nær framtid*». Med bakgrunn i fylkeskommunen si tilbagemelding vart planen delt. Vedtak i mai 2014.

Offentlege planar under arbeid i 2014:

• **Reguleringsplan for Rv-7 Øystese – Laupsa/Skarpasvingen del 2**

Planen tek for seg vegutbetring og gang- og sykkelveg frå Øystese til Laupsa, i tillegg til utbygging av 84 husvære på Stronde. Delar av planen vart vedtatt i oktober 2013. Fylkeskommunen har påvist fornminne i planområdet på Laupsa, difor er planen delt. Avventar tilbagemelding i frå fylkeskommunen. Planen er ein del av arbeidet med Kvammapakken.

- **Reguleringsplan for gang- og sykkelveg Ungdomsheimen til NAF –Kvamskogen**

Reguleringsplan for gang- og sykkelveg på strekkja Ungdomsheimen – NAF vart starta opp den 25. januar 2012 og låg ute på høyring i 2013 og vart sendt tilbake til administrasjonen for justeringar etter vedtak i heradsstyret. Planen er ein del av Kvammapakken.

- **Reguleringsplan for Håfjellstunnelen**

Planen gjeld ny tunnel i mellom Øystese og Fykkesund. Konsulent har levert plan til Kvam herad. Planen var på høyring i 2014. Planen er pr dags dato ikkje ein del av Kvammapakken.

- **Reguleringsplan for strekkja mellom Fykkesund og Steinstø**

Planen gjeld utbetring av vegen mellom Fykkesundbrua og Steinstø. Målet er utbetring av vegen og tilrettelegging med gang- og sykkelveg. Lagt på vent pga kostnader med bonitering. Planen er pr dags dato ikkje ein del av Kvammapakken.

- **Ålvik sentrum:**

Planen tek i hovudsak for seg fylkesvegen, løysing for mjuke trafikantar inn til sentrum og opprusting av torget midt i sentrum. Planen har vore ute på høyring. Lokal motstand mot framlagde løysingar. Planarbeidet er tatt opp på nytt og det er innarbeidd nye løysingar. Planen har vore på høyring i 2014.

- **Grustaket i Øystese.**

Planen tek for seg utvida næringsareal i Grustaket, alternativ vegtilkomst til Tolomarka, framtidig bruk av Busdalen, bruk av arealet i Meierihola med meir. Vedtak om oppstart vart gjort i 2013 og vedtatt planprogram i 2014.

- **Reguleringsplan for Laupsa (privat plan - med offentlege interesser).**

Kommunen har konsentrert seg om dei offentlege interessene i planen, som stort sett omhandlar friområdet og tilgjenge til strandsona. Fylkesmannen la ned motsegner til planen. Det har komme nytt planframlegg og motsegnene er trekt.

- **Reguleringsplan for ny ballbinge med meir i Mundheim sentrum.**

Etter at skulen er overtatt av private, skal skuleplassen erstattast med nytt leikeareal i sentrum. Planen har vore ute på høyring. Fylkesmannen har varsla motsegn. Planen har lege i ro i 2013, og midlar er nytta til tiltak med toalett i sentrum.

Private planar:

Godkjente reguleringsplanar i 2014

- Reguleringsplan for tilkomstveg til gnr 33 bnr 76 m.fl i Kvam
- Reguleringsplan Vetlevasshaugen Panorama, Kvamskogen
- Reguleringsplan for Vikøyevja, Vikøy i Kvam herad
- Reguleringsplan for gnr 87 bnr 33 og 114, Lund i Tørvikbygd
- Reguleringsplan for Haukeli, gnr 51, bnr 3 og 5 m.fl – Masseuttak
- Reguleringsplan for Damvegen, øvre del, Ålvik. Kvam herad
- Reguleringsplan for del av gnr 32 bnr 8, Tolo i Norheimsund.

Mindre reguleringsendring i 2014

- Mindre reguleringsendring Kvamskogen gnr 22, bnr 167, 168 og 169
- Mindre reguleringsendring, på gnr 121, bnr 140 småbåthamn. Tangeråsneset

3.11 Næringsstøtte og kommunal forretningsdrift

Næringsstøtte og komm. forretningsdrift						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Rek 14 (netto)	Justert Bud 2014	Opphavleg bud 2014	Forbruk i %	Avvik i kr
320 Kommunal næringsverksemd	-17 768	-667	-648	-18 129	103 %	-19
321 Konesjonskraft, kraftrettigheter og anna kraft for vidaresal	0	-9 871	-11 925	0	83 %	2 054
325 Tilrettelegging og stønad for næringslivet	8 838	3 078	3 234	3 257	95 %	-156
329 Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutv	474	666	490	502	136 %	176
360 Naturforvaltning og friluftsliv	-3 603	258	157	157	164 %	101
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift	-12 058	-6 536	-8 692	-14 213	75 %	2 157

Budsjettavvik

Rammeområdet har eit avvik på 2,2 mnok i forhold til budsjett 2014.

Funksjon 320 har berre mindre avvik i høve budsjettet. I 2014 vart innhaldet i KOSTRA-funksjonen endra, slik at innhaldet i funksjon 321 vart trekt ut, og det no berre står att noko utleigeverksemd.

På funksjon 321 er inntekter på heimfall og konsesjonskraft høvesvis 1,7 mnok og 1,1 mnok lågare enn budsjett. Skatt på heimfall er redusert med 0,6 mnok. Av midlane som vart avsett til rettsaka mot sentralskattekontoret er 0,2 mnok ubrukt, fordi rettsaka ikkje er avslutta.

Kompensasjonsinntekt frå fylket går gjennom kommunen i funksjon 325. Det er tildelt 5,3 mnok til prosjekt i Kvam, men ingen av dei budsjetterte inntektene kom i 2014. Det medførte òg at utgifta på overføring til private vart 5,3 mnok lågare enn budsjettet. Auke i konsesjonsavgift gav ei meirinntekt på 0,1 mnok. Konsesjonsavgift vert sett av på næringsfond.

Årsaka til overforbruket på 329 er kjøp av tenester hjå andre kommunar utover budsjett.

Avviket på funksjon 360 skuldast at det er budsjettet på ein annan funksjon.

Om tema

Kvam herad disponerer årleg eit kraftvolum på 167,6 GWh. Av dette sel heradet ca. 155 GWh medan ca. 12,4 GWh vert nytta i eigne bygg.

60,9 GWh er konsesjonskraft. Det meste kjem frå Bjølvo kraftverk (37,9 GWh) og Samnanger (BKK, 21,7 GWh). Kommunen disponerer òg 106,7 GWh årleg frå Bjølvo kraftverk som heimfall.

Kvam Kraftverk AS sel krafta for kommunen på den opne marknaden. Avkastninga er avhengig av pris på kraft og skatteprosent. Kommunen må betala både grunnrenteskatt (30% av spot-pris) og overskotsskatt (28%).

Næringsavdelinga er organisert som ein del av Samfunn og utvikling. Arbeidsområdet er generell næringsutvikling og landbruksforvaltning. Det vert leigd inn kompetanse på skog og utmark frå landbrukskontoret i Ullensvang. Kontoret har og ansvar for prosjektarbeid som Flytt til Hardanger, kompensasjonsmidlar for arbeidsgjevaravgift, reiseliv med turistveg, internasjonalt arbeid m.m.

Resultat 2014

- Kvam herad har leigd ut nedlagde skular o.l. til private og stiftingar, som gav ei inntekt på 0,7 mnok i 2014.
- I 2014 var gjennomsnittleg pris pr. KWh 23,52 øre, mot 30,28 øre i 2013. Prisane svinga frå 15,63 i mai til 28,14 i desember. Kommunen sin pris for heimfallskrafta var 10,84.
- I 2013 starta Kvam herad opp arbeidet med ein ny kommunedelplan for næring og kompetanse. Kvam næringsråd og Geoplan A/S var engasjerte i planarbeidet. Hausten 2013 var om lag 90 personar engasjert i ulike grupper for å koma med innspel til planen. Før jul i 2014 vart planen sendt på høyring og vil verta endeleg vedteken vinteren 2015.

- Kommunedelplan for næring og kompetanse peikar på utfordringa til kommunen med at talet på arbeidsplassar i kommunen har vorte færre dei siste åra. Folketalsutviklinga i Kvam var negativ dette året etter fleire år med positiv utvikling. Folketalet går no ned ifrå 8 584 pr 01.01.2014 til 8 539 pr 01.01.2015, ein nedgang på 0,5%. Det er difor viktige å understreka arbeidet i næringsplanen med å skapa **lokale** arbeidsplassar, for folk som ynskjer å bu i kommunen.
- I NHO sitt «Nærings-NM» gjer Kvam det svært godt i 2014. Me er nummer 7 i Hordaland og nummer 35 mellom alle kommunane i landet. Det er særleg på lønsemd Kvam kjem godt ut.
- Ved Steinsdalsfossen er turistvegprosjektet ferdig og det var stor opning i juni 2014. Den nye turistinformasjonen er teken i bruk og talet på besøk auka frå 2703 personar til 13897. Det er framleis nokre utbetringar som står igjen i lokala.
- Rekkjefylgjekrava for utviding av næringsarealet i Sandvenhagen er utført og det er interesse for kjøp av næringsareal. På Bakka/Breievne har Hardanger Fiskeforedling starta opp ny regulering av næringsarealet med kommunal støtte. I Øystese er arbeidet med ny reguleringsplan for Grustaket/Busdalen i gang.
- Kvam næringsråd har arbeidd med etablering av Næringsshagen i Hardanger. Det er sendt søknad til SIVA om støtte til etableringa.
- Høgskuleutdanning i Hardanger har etablert studiesenter på Fruktlageret i Øystese. Her er det mogleg å ta ei rekkje studiar som fjernundervisning.
- Kvam er no medlem av stiftinga Ungt entreprenørskap og det er ei målsetjing å styrkja arbeidet med elevbedrifter i skulen.
- Talet på aktive husdyrbønder steig for fyrste gong på 20 år, frå 167 til 171. Totalt er det 190 bønder som søker om tilskot og det vart løyvd om lag 35 millionar i produksjonstilskot til føretaka i kommunen. Kvam herad er på tredje plass i Hordaland over kommunar som tek ut mest tilskot frå Innovasjon Norge til nye bygningar og tiltak. Det har vore auke i talet på sau og det vert planta meir frukttre.
- Det var i 2014 30 søknader om SMIL-midlar og kr. 750 000.- vart fordelt til ulike tiltak. Om lag halvparten går til restaurering av stølar, naust og gamle bygg på gardsbruka. 40 % går til oppretthalding av kulturlandskapet.
- Det er registrert 101 nye føretak i Brønnøysundregisteret for Kvam i 2014
- Næringslivet i Kvam fekk vel 6 millionar kroner som kompensasjon for arbeidsgjevaravgift i 2014. Kvam næringsråd, saman med bedriftene som bidreg til ordninga, innstilte på bruken av pengane. 4 millionar vart løyvt til Hardangerbadet.

3.12 Brann og ulykkesvern

Brann og ulykkesvern						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Rek 14 (netto)	Justert Bud 2014	Opphavleg bud 2014	Forbruk i %	Avvik i kr
338 Førebyggjning av brannar og andre ulykker	510	640	184	207	348 %	456
339 Beredskap mot brannar og andre ulykker	5 450	6 153	5 212	5 226	118 %	941
Brann og ulykkesvern	5 960	6 793	5 396	5 433	126 %	1 397

Budsjettavvik

Rammeområdet for brann- og ulykkesvern har eit netto overforbruk på 1,4 mnok i 2014.

Det er brukt 0,1 mnok meir i lønsutgifter til øving enn budsjettert på funksjon 338. Kjøp av feietenester vart 0,1 mnok høgare enn budsjettert, og inntektene 0,1 mnok lågare. I tillegg har innføring av nye sjølvkostretningslinjer auka dei indirekte kostnadane og avsetning til nytt fond for feiing med 0,2 mnok.

I funksjon 339 er det eit netto overforbruk på 0,9 mnok. 0,2 mnok av desse skuldast etterbetaling til Elkem Bjølfvossen vedkomande sløkkeavtale for 2013. Det resterande meirforbruket i funksjonen, totalt 0,7 mnok, er knytt til uttrykking utover budsjett (0,2), auke andre lønsutgifter (0,3) dyrare driftsavtale for 110-sentral (0,1) og kjøp av varer (0,1).

Om tema

Feiing vert kjøp av private aktørar. I tillegg nyttar kommunen deler av 2 faste stillingar til førebyggjande arbeid, funksjon 338.

Kommunen har brannutstyr plassert på 4 ulike lokasjonar; på Oma, i Norheimsund, i Øystese og i Ålvik. I tillegg har kommunen sløkkeavtale med Elkem Bjølfvossen og driftsavtale med Bergen kommune LRS for 110-sentral.

Resultat 2014

Ut over vanlege øvingar, har det hausten 2014 vorte gjennomført ei litt større og «ny type» øving. Hendinga det vart øva på, var ein gisselsituasjon med påfølgjande brann. Øvinga gav god trening i samspel mellom deltakarane frå politi, helse/ambulans og det lokale brann og redningsmannskapet. Øvinga vart filma og seinare gjennomgått i fellesskap, noko som har gjeve mykje og nyttig lærdom for ettertida.

I løpet av året, har avdelinga styrka beredskapen gjennom kjøp av tre røykdykkarkamera. Desse vert plassert i Ålvik, Øystese/Norheimsund og på Oma, og vil gjera det monaleg raskare å lokalisera sakna under røykdykking, samt under ettersøk både i terreng og sjø. I tillegg vil røykdykkarkamerane kunne brukast til førebygging av brann i kommunale bygg, mellom anna ved å avdekke varmgang i elektroniske anlegg.

Trass i kjøp av nye røykdykkarkamera, opplever avdeling for brann og redning utfordringar knytt til ein aldrande utstyrspark. Dette gjeld særleg for redningsbilen i Ålvik og mannskapsbilen i Øystese, som er høvesvis 30 og 20 år gamle. Slik avdelinga vurderer det, tilseier den teknologiske utviklinga på utstyrssida, samt den oppbygde kompetansen innanfor eininga, at det ikkje lengre er naudsynt med desse store bilane. Ut over å auke driftstryggleiken knytt til bilparken, bør det difor vurderast utbyte av bilane i mindre, enklare og billegare utrykkingskøyretøy. Tilsvarande er og vasstankvogna for stor og gamal til ei føremålsteneleg bruk. Her er det likevel ikkje eit tilsvarande stort behov for snarleg utskifting. Behovet for utbytting av køyretøy bør og vurderast i samanheng med brannstasjonane i Norheimsund og Øystese. Særleg er det utfordringar knytt til plassering og arealstorleik ved brannstasjonen i Norheimsund, og avdelinga vonar difor å gjennomføre ei vurdering av framtidig behov for øvingar, utstyr og brannstasjonar i Kvam i løpet av 2015.

Året 2014 hadde totalt 93 hendingar, mot tidlegare 105 i 2012 og 99 i 2013. Ingen av hendingane var av ein slik storleik at Kvam Kommunale Kriseleiing måtte setjast, og avdelinga løyste oppgåvene i eit godt samvirke med politi og helse. Dei mest kritiske hendingane har vore innan trafikken, der det diverre har helde seg «stabilt» høgt i Kvam herad.

Innan brannteknisk førebyggjande arbeid, er det gjennomført branntilsyn i om lag 60 % av dei særskilde brannobjekta. Noko av årsaka til at eininga ikkje har oppnådd branntilsyn for alle, er ei noko lågare intern bemanning enn det rettsreglane gjev føringar på. Dette vonar ein vil verta betre for 2015, då ein no har gjort avtale om kjøp av teneste gjennom avtalen om feiing. Elles er det gjennomført jamlege aktivitetar som opplæring av 6. klasse, personell tilsett i ulike verksemdar og informasjon til innbyggjarane. I påskeveka deltok brann og redningstenesta i ein førebyggjande aksjon mot hytteeigarar på Kvamskogen. I september vart det halde opne brannstasjonar og i byrjinga av desember gjennomført arbeid med «Aksjon bustadbrann».

3.13 Samferdsel og grønntanlegg

Samferdsle og grønntanlegg							
Funksjon og rammer		Rek 13 (netto)	Rek 14 (netto)	Justert Bud 2014	Opphavleg bud 2014	Forbruk i %	Avvik i kr
330	Samferdsleverksemdar / transporttiltak	1 882	1 865	1 900	1 900	98 %	-35
332	Kommunale vegar	6 353	9 420	8 195	7 687	115 %	1 225
335	Rekreasjon i tettstad	948	1 497	1 353	1 332	111 %	143
285	Tenester utanfor kommunalt ansvarsområde	352	26	-10	-3	-270 %	36
Samferdsle og grønntanlegg		9 535	12 808	11 439	10 915	112 %	1 369

Budsjettavvik

Rammeområdet for samferdsle og grønntanlegg har eit netto overforbruk på 1,3 mnok i 2014.

Funksjon 330 gjeld tilskot/nedbetaling lån Jondalstunnelen på 1,9 mnok årleg.

Funksjon 332 varierer i høve vêret. I 2014 har det vore fleire endringar i høve «normalen». Fyrst medførte ein snøfattig vinter 2013/2014 at utgiftene til snøbrøyting vart noko lågare (0,1 mnok). På grunn av utgifter til fast beredskap for snøbrøyting, utgjorde det ikkje så mykje. Deretter fekk kommunen utfordringar med ras/flaum.

Det største avviket på funksjon 332 skuldast at kommunen mottok vel 2,6 mnok i skjønsmidlar frå staten (funksjon 800) til dekking av utgifter med flaum/ras. 1,8 mnok av desse er ikkje brukt i 2014, og sett på fond til bruk i 2015. Sjå òg rassikringsprosjekt, P61155.

Dersom ein ser vekk frå fondsavsetjinga, er det brukt 0,6 mnok mindre enn budsjettert på funksjon 332. Sal av tenester vart 0,8 mnok høgare enn budsjettert (i hovudsak til Statens vegvesen), og øyremarka tilskot frå Statnett for kompensasjon rassikring 0,2 mnok meir, gav totalt 1 mnok i auka inntekter. Elles varierer utgiftene i høve vår, men til trass for lite snø og deretter skadar som fylgje av mykje vatn, enda driftsutgiftene ut med om lag 0,4 mnok over budsjett, der ein del av utgiftsauken har vorte fakturert vidare.

Meirforbruket på 0,1 mnok i funksjon 335 skuldast auka reinhaldskostnader i tilknytning til nye offentlege toalettanlegg, til dømes turistvegprosjektet ved Steinsdalsfossen og ved Strandvegen i Norheimsund. Funksjon 285 gjeld Hardanger Maritime Leirskule.

Om tema

Drift og vedlikehald av kommunale vegar er å finna på funksjon 332.

Kommunegartnar og han sine tilsette nyttar i hovudsak sine stillingar til funksjon 335. Reinhold av offentlege toalett vert og ført på denne funksjonen.

Resultat 2014

Innan samferdsel har Kvam herad hatt ein del utfordringar, men med godt resultat i 2014. Størst utfordring fekk ein knytt til til periodar med ekstremvêr i mars og oktober. I tidsrommet rundt 20. mars, gjekk det 12 små og store ras, om lag 6 av desse med store og små økonomiske konsekvensar for kommunen. Den andre hendinga fekk me i perioden mellom 24.-29. oktober. Her gjekk det 18 store og mindre skred, og der 7 av desse gav store økonomiske konsekvensar.

Etter hendingane i mars, vart det investert i ny 5 tonns gravmaskin. Investeringa har gjort det mogleg for kommunen å rydda opp etter mange av skredhendingane sjølve. Det er viktig at teknisk eining har ein fungerande og oppdatert utstyrspark, som gjer ein i stand til å respondera på slike ekstremhendingar. Teknisk meiner difor at ei fornying av maskiner og utstyr vil vera svært viktig framover. Dette for at ein framleis skal kunne oppretthalda dei gode tenestene som vert levert, vera i stand til å redusera vedlikehaldsetterslep på kommunale bruer og vegar, samt sikre mot, og eventuelt rydde raskt opp etter skred og ekstremvêrshendingar.

Trass i at oppryddingsarbeidet er godt i gong, ser ein at utfordringar knytt til skred over kommunale vegar berre vil verta større som følgje av klimaendringar og meir ekstremvêr. Enkelte vegar bør difor sikrast mot framtidig ras, eller leggjast om til ein sikrare stad. Utsifting og oppdimensjonering av stikkrenner, sikring av bekkeinntak og grøfting langs vegar må vidare prioriterast høgt framover.

Dei same hendingane knytt til ekstremvêr, har og ført til skader på kommunale bruer. Som følgje av dette har vedlikehaldsetterslepet knytt til dei kommunale bruene vorte større gjennom 2014.

Når det gjeld vintervedlikehaldet, vart 2014 prega av lite snø dei første månadane av året, og mykje snø siste månaden i året.

Elles har ein i løpet av 2014 fått vedteke nytt reglement for graving i offentleg veg og gategrunn. Teknisk eining vonar dette vil vera med å sikre kommunale vegar betre, samtidig som det legg til rette for lik handsaming av ulike graveentreprenørar og kabeletatar.

Kommunen har trong for eit betre system for registrering knytt til drift og vedlikehald av kommunale vegar. Ei nærliggjande løysing på dette vil vera den nasjonale vegdatabasen (NVDB) som Statens vegvesen og fleire andre kommunar nyttar. Første gongs registrering og dokumentering av tilstanden på dei kommunale vegane krev likevel ein del resursar, og bruken lyt difor vurderast i løpet av 2015.

Arbeid med rassikring har halde fram i 2014. Steinsdalsfossen er ferdig sikra, langs Fitjadalsvegen er det utført fjellsikring og Skutlbergvegen er utvida og sikra. Tilsvarande er det utført sikringsarbeid på Åsevegen i Tørvikbygd, det er utført fjellreinsk i Bergshagen og i Tolofeltet er stein sikra mot utrasing.

Langs kommunale vegar og plassar er det utført asfalteringsarbeid for 1,6 MNOK. Det er og utført systematisk kantklipping, tømning og spyling av sandfang og stikkrenner. Det er og starta systematisk grøftereinsk av kommunale vegar som følgje av kjøp av ny kommunal gravemaskin. Vidare er det gjort ein del arbeid med utbetring av støttemurar langs vegar og støypt ein del varamurar.

Kontroll og vedlikehald av kommunale bruer er utført, og det er skifta ut og oppdimensjonert om lag 20 stikkrenner.

Når det gjeld parkvesenet, har det stort sett vore vanleg drift i 2014. Innan tenesteområdet var det i 2014 fire personar som har utført samfunnssteneste i samarbeid med Kriminalomsorgen i Odda. Vidare har tenesta fått kompetanse og overtatt ansvaret med å godkjenna dei kommunale leikeplassane/leikeapparata. Elles har det vore sysselsett åtte ordinære sesongarbeidarar i løpet av året. Dei største utfordringane er å skaffa arbeidskraft når vekstsesongen byrjar i starten av mai og delvis også ved sesongslutt. Dette ettersom tenesta baserar arbeidskrafta på skuleelevar/studentar, og dei ikkje er tilgjengelege før skuleslutt i juni. Tilsvarande har ein vanskar med å finna arbeidskraft etter at undervisninga startar opp att i slutten av august. Desse utfordringane har vorte meir aktuelle, ettersom vekstsesongen har vorte lengre dei siste åra, truleg som følgje av klimaendringar. Målet er likevel at kommunens grønt og uteareal skal vera velstelte til alle tider av året, og særleg når tilhøva krev det.

Når det gjeld tilsyn med av dei 7 gravplassane/kyrkjene i kommunen, er desse ikkje lengre kommunale, men likevel eit kommunalt ansvar. Her har ein opplevd betydelege utfordringar knytt til den økonomiske ramma på totalt kr. 200.000. Reknar ein med utstyrskostnader på kr. 30.000 i året, står det her att om lag kr. 24 000 i årleg ramme til kvar av kyrkjene/gravplassane. Innanfor denne ramme vert det såleis vanskeleg å innfri publikum sine forventningar til stell og tilsyn med grøntareala, og har mellom anna medført at ein har avstått frå å gjødsle og kalka plenane då dette ville medføre ytterlegare arbeid. Av denne grunn bør det truleg gjerast ei vurdering av kva forventingar og arbeidsoppgåver som skal løysast innanfor den økonomiske ramma.

Kvam herad har og vorte medlem i Bergen og omland friluftsråd i løpet av 2014, noko som har vore positivt, særleg for dei kommunale friområda nær fjorden.

3.14 Vatn, avløp og renovasjon/avfall

Vatn avløp og renovasjon/avfall (eks. kalk. Renter)						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Rek 14 (netto)	Justert Bud 2014	Opphavleg bud 2014	Forbruk i %	Avvik i kr
340 Produksjon av vatn	-1 575	-1 562	-1 613	-1 613	97 %	51
345 Distribusjon av vatn	-3 648	-4 680	-3 995	-3 995	117 %	-685
350 Avlaupsrensing	-862	-984	-760	-760	130 %	-224
353 Avlaupsnett / innsamling av avlaupsvatn	-3 603	-4 064	-4 114	-4 114	99 %	50
354 Tømming av slamavskillere	-14	-17	-14	-14	125 %	-3
355 Avfall	-460	-566	-442	-442	128 %	-124
Vatn avløp og renovasjon/avfall (eks. kalk. Renter)	-10 163	-11 874	-10 937	-10 937	109 %	-937

Budsjettavvik

VAR-området skal ikkje gå med overskot over tid, og er underlagt heilt særskilde reglar for sjølvkostberekning. VAR-noten gjer eit godt bilete av kostnadane og inntektene på dei ulike avgiftsområda, og denne er å finna til slutt i årsrekneskapen. I 2014 engasjerte kommunen Momentum for å utarbeida sjølvkostrekneskap i samband med at det vart innført nye retningslinjer for dette. Endring i retningslinjene har gjeve nokre budsjettavvik.

Dei interne kostnadane frå andre funksjonar vart 0,6 mnok høgare enn budsjettert for funksjon 340. Auken vert finansiert med fondsmidlar. Straumutgiftene vart 0,2 mnok høgare, men lønsutgiftene 0,2 mnok lågare. Utgiftene til funksjon 345 auka med 1,1 mnok til interne kostnader (0,3) og ulike kjøp (0,5) og faste lønstillegg (0,1). På den andre sida auka inntektene med 0,9 mnok. Bruken av fondsmidlar vart 0,8 mnok høgare enn budsjettert.

Utgiftene til avlaupsrensing (350) vart 0,4 mnok høgare enn budsjettert for ei rekkje mindre avvik, og bruken av fond 0,6 mnok høgare, netto 0,2 mnok.

Lønsutgiftene på avlaupsrensing vart 0,6 mnok utover budsjettamma, og kjøpet 0,9 mnok. Auken er fondsfinansiert.

Kommunen kjøper tømming av slamskillarar frå privat leverandør. Kjøpet vart 0,5 mnok høgare enn budsjettert, men andre utgifter 0,2 mnok lågare og inntektene 0,2 mnok høgare. Bruken av fond er auka med 0,3 mnok. For funksjon 355 er det ingen større avvik i inntekter eller utgifter, men retningslinjene for sjølvkost medfører at bruk av fond auka med 0,1 mnok.

Utgiftene til VA-området stig etter store investeringar seinare år, men investeringane er forseinka og fristen for å bruka midlane ute. Det vert difor nokre år framover med underskot og bruk av fondsmidlar for VA-området. I 2015 vert forbruket på vatn og avlaup på Kvamskogen, og vatn i Kvam, gratis.

Status for VAR-fonda pr. 31.12.2014:

Konto	Tekst	Beløp
29650100	Vatn - Felles	-548 830,23
29650110	Kloakk - Felles	-5 372 046,13
29650120	Slam - Felles	-152,608,95
29650150	Renovasjon - Felles	3 814 575,39
29650200	Vatn - Kvamskogen	-6 210 850,54
29650210	Kloakk - Kvamskogen	-11 605 762,43
Sum		-20 075 522,89

Når det gjeld renovasjon, er dette sett ut til BIR, og BIR handterer heile tenesteområdet. Kostnaden med tidlegare avfallsplass i Kvam ligg i våre rekneskap, og her er det ein underdekning som me må dekkja inn..

Om tema:

Det har vore høg aktivitet innan VA i 2014.. Drift av små og større anlegg gjennom heile kommunen krev ressursar. I tillegg har ein også sett i drift resterande VA-anlegg mot Samnanger (t.o.m Eikedalen skisenter). Kvammapakken krev også oppfølging både innan koordinering for innhenting av informasjon for eksisterande private anlegg i bakken, samt planlegging og prosjektering av nye private og kommunale anlegg. Ei utfordring har vore Statens Vegvesen sine endringar av prioriteringar for prosjekta, og tidspunkt for utlysing av desse. Sjølv drifta av VA-anlegga har vore stabil, og mykje av dette kan tilskrивast god og stabil arbeidskraft innan området, samt god planlegging av driftsavdelinga.

Resultat 2014

Det har i 2014 vore gjennomført fleire prosjekt knytt til vatn og avløp, sjå og note for prosjekt.

- Området frå Norheimsund sentrum til Kaldestad er no sanert i samband med Kvammapakken. Dette inkluderar også 2 nye pumpestasjonar som snart var klare for drift ved slutten av året 2014.
- Ein har samstundes prosjektert VA-anlegg frå Stronda i Øystese til kaien, og frå Skipadalen til Rema 1000. Dette er dei neste VA-prosjekta som kjem i Kvammapakken.
- Forprosjekt for nytt felles avløpsreinseanlegg på Notaneset er i gang. COWI har arbeidd med eit skisseprosjekt i løpet av 2014. Prosjektet skal gje bakgrunn for utveljing av mogleg prosessar. Dette er eit krevjande prosjekt både økonomisk og strategisk. Ein ynskjer eit robust og driftssikkert anlegg bygd for framtida. Foreløpige kostnader for eit oppgradert reinseanlegg er om lag 50 mill., og eksisterande prosjektrammer må difor aukast.
- Anlegget for produksjon av drikkevatt på Kvamskogen vart sett i drift i 2013, og har heller ikkje i 2014 hatt nedetid eller stopp. I løpet av 2014 har ein pussa opp noko av uteområdet rundt vassverket, og prosjektet kan snart avsluttast. Det står att sal av ei hytte.
- Prosjektet med vidareføring av vatn og avløp frå Måvotno til Eikedalen vart starta opp våren 2013 og omtrent sluttført i løpet av 2014. Det er også tilrettelagt for vidareføring av anlegget langs vegen i Samnanger om ein ynskjer dette. Det er no viktig at det kjem på plass ein avtale med Samnanger om drift og kostnader knytt til prosjektering. Hytter langs den nye traseen koplar seg til etter som tekniske planar frå dei vert klare og godkjende.
- Prosjektering av nye vassrør og veg til Torpe har vorte teke opp igjen, og ein har arbeidd med planar og anbodspapir som vert klargjort før utlysing i 2015. Det er viktig at valt entreprenør finn gode løysingar knytt til trafikkavikling og sikring medan arbeidet pågår.
- Prøveprosjekt med reinsing av sigevatt frå bosstippen i Tolomarka er starta opp og ein avventar rapport frå COWI på dette.
- Felles VA-norm for fleire Hardangerkommunar vart vedteke politisk i 2014. Denne sikrar m.a. kvalitet på framtidige kommunale anlegg og gjev føringar på private tilkoplingar til kommunale anlegg.
- Det er laga skisseplanar/saneringsplanar for deler av områda m.a. i Ålvik, Evjo, Børvenes og Norheim.
- I tillegg til dette er det gjennomført fleire til dels store driftsprosjekt.
 - Det er lagt ny utsleppsleidning Ø500mm til sjø i Krossen i Øystese. Den gamle leidningen gjekk berre ned i fjøro og førte til lukt sjenanse for grannar.
 - Ny utsleppsleidning til sjø og ny fellesleidning frå FV til sjø i Havnen i Øystese. Gammal leidning hadde store lekkasjar og enda opp i fjøresteinane.
 - På Sandven i Norheimsund er det sanert vatn, avløp og overvassleidningsnett. Det er bygd separat system for spillvatn og overvatn.

Utfordringar og planar framover:

- Mange prosjekt og planar innan VA er ei utfordring. Med ny VA-ingeniør på plass frå jan 2015 har ein betre kapasitet innan fagfeltet, men tilgjengeleg ressursar er framleis betydeleg mindre enn arbeid som skulle vore utført.

- Kvammapakken krev oppfylging, og det er spesielt viktig når ein no skal i gang med neste steg i utbygginga med bl.a. 2 pumpestasjonar og fordrøyningssystem mellom Øystese og Norheimsund.
- Varmare klima og meir nedbør gjer at vasskvaliteten for råvatn for drikkevassproduksjon vert endra. Dette har ein mellom anna sett i Strandebarm, Skålheim og Ålvik, og dette skapar utfordringar for drifta.
- Etter 2 hendingar med mykje nedbør i løpet av 2014 og tidlegare hendingar, er det viktig at ein kjem i gang med sanering og utskiljing av overvatn. Dette er spesielt viktig i Norheimsund (m.a. Norheim) der ein har hatt dei største problema.
- Mål for 2015 er at ein skal kome i gang med 2 kommunedelplanar for avlaup og drikkevatt i Kvam. Desse må leggje grunnlag for prioriteringar i åra framover.

3.15 Kultur

Kultur							
Funksjon og rammer		Rek 13 (netto)	Rek 14 (netto)	Justert Bud 2014	Opphavleg bud 2014	Forbruk i %	Avvik i kr
231	Aktivitetstilbod born og unge	388	181	412	412	44 %	-230
365	Kulturminnevern	0	8	0	0	0 %	8
370	Bibliotek	2 493	2 371	2 333	2 523	102 %	37
373	Kino	300	193	312	312	62 %	-119
375	Museum	888	136	844	844	16 %	-707
377	Kunstformidling	640	483	613	618	79 %	-131
380	Idrett og tilskot til andres idrettsanlegg	-1 194	-1 115	-483	-483	231 %	-632
381	Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	2 819	1 982	1 476	1 455	134 %	506
383	Kvam kulturskule	3 377	3 450	3 688	3 827	94 %	-238
385	Andre kulturaktivitetar, tilskot andres kulturbygg	1 668	2 886	2 078	2 107	139 %	808
386	Kommunale kulturbygg	77	328	373	359	88 %	-45
Kultur		11 458	10 904	11 646	11 973	94 %	-742

Budsjettavvik

Rammeområdet kultur har i 2014 eit mindreforbruk på 0,7 mnok. På funksjon 231 er det ein auke i øyremerka tilskot frå staten. Meirinntekta har tilsvarande utgiftspost på andre rammeområder. Kinobesøket i 2014 vart betre enn forventa, noko som gav ein netto inntektsauke på 0,12 mnok på funksjon 373. Samla på funksjonane 375, 377, 380, 381 og 385 er avviket frå budsjett på 0,15 mnok. Avvik på den enkelte funksjon kjem av at kostnadene er budsjettert på ein funksjon medan dei er rekneskapsført på ein annan. Meirinntekta på 0,15 mnok er knytt til inntekter på utleige av basseng. På funksjon 385 er det statlege tilskotet til kulturell skulesekk (0,1) rekneskapsført, men budsjettet ligg på funksjon 202. Funksjon 385 har eit mindreforbruk på driftsavtale med private (0,1).

Om tema

Kulturavdelinga fekk tilsett ny leiar i frå april 2014, omtrent samstundes vart kulturskulen overført frå oppveksteininga til kulturavdelinga. Etter den tid har det vorte ny giv på mange område innafor kulturarbeidet i kommunen.

Resultat 2014

Kulturprisen i 2014 gjekk til Bård Gauden for hans frivillige arbeid med å avdekka arkeologisk materiale i Kvam frå jernalderen og vikingtida.

Kulturstipenda gjekk til ;

- Hanna Thiesen – fiolin
- Christian Bjotveit Fonneland – låtskrivar, gitarist
- Siri Helen Vik- musikk

❖ Kino

Kvam kino hadde 6321 besøkande i 2014. Det var 185 framvisingar. I tillegg til ordinære visingar, hadde kinoen skulekino i samarbeid med Den kulturelle skulesekken og vidaregåande skular, samarbeid med Kvam filmklubb og Kvam senioruniversitet. Filmar for barn og unge er best besøkt.

❖ **Ferieklubben**

Ferieklubben gav barn i alderen 6-10 år eit dagtilbod i 3 veker i sommarferien 2014, med aktivitetar knytt til opplevingar i nærmiljø, og utflukter.

Det vart òg arrangert ferietilbod for barn frå 11 år, samt familiar same veker som Ferieklubben, i samarbeid med m.a. Grannehjelpa, frivillige lag/organisasjonar og andre kommunale etatar.

❖ **Aktivitetar for funksjonshemma**

Målet er å gje alle eit variert og tilrettelagt fritidstilbod ut frå eigne interesser og funksjonsnivå. Kulturkontoret arrangerer ulike aktivitetar for enkeltpersonar og som fellesarrangement., t.d. klubbar, idrettsaktivitetar, utflukter, sommar/vintertilbod, osv. Me samarbeider med ulike kommunar, Hordaland fylkeskommune og lag og organisasjonar. Arrangementa er svært godt besøkt, og tiltaka gjev funksjonshemma varierte og stabile aktivitetar.

Deler av støttekontaktenesta vart overført kulturkontoret i 2014 (rekruttering, avtalar, oppfølging m.m.).

❖ **Museum**

Kvam bygdemuseum Storeteigen er ein del av Hardanger og Voss museum, og selskapet Bygdagnist driv museumsanlegget. Museet har store vedlikehaldsbehov, og arbeid med dette vart sett i gang i 2014. Ein del av opprustinga er å få inn toalett med universell utforming, og fasilitetar som legg til rette for at tunet skal ha buande vertskap.

❖ **Kulturminne**

Det er ei utfordring å få til ei sunn drift av dei kommunale museumsanlegga som ikkje er ein del av ei konsolidert museumseining. Ålvik industriarbeidarmuseum vert halde bra ved like når det gjeld bygg og anlegg, men har for liten aktivitet.

Ved skulemuseet i Vikøy har det vore gjort nødvendig vedlikehaldsarbeid, og frivillige har stilt seg til disposisjon for å gje museet meir liv.

Vikøy prestegard er i hovudsak Opplysningsvesenets fond sin eigedom, men også Kvam herad eig bygningar i tunet. Prestegarden vert ikkje nytta til prestebustad, og er i dels dårleg stand. Kulturkontoret har i 2014 hatt kontakt med Opplysningsvesenets fond for å sjå på kva som kan gjerast for å sikra tunet, som har kulturhistorisk verdi.

Som i mange andre kommunar er ei rekkje kulturminne i Kvam under press. Med den planlagde rivinga av Gamle Bjølvo kraftverk vil Kvam lida tap av eit kulturminne. I samband med rivingsprosjektet føregår eit dokumentasjons-/formidlingsprosjekt. Kulturkontoret har i 2014 delteke i dette, saman med Statkraft, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum og Hordaland fylkeskommune.

I 2014 valde Hardanger kulturell rådgjevar til kultur og integrering i Kvam herad til å vera Hardanger sin representant i Hordaland fylkeskommune sitt prosjekt Kulturminnekompetanse i kommunane, og han har delteke i styringsgruppa der. Kvam herad fekk tildelt kroner 100.000,- frå Hordaland fylkeskommune til arbeid med kulturminneplan. Me byrja førebuingar for dette planarbeidet i 2014.

I 2015 er det 150 år sidan forfattar Hans E. Kinck vart fødd. Kinck hadde viktige år av oppveksten sin i Strandebarm, og var nært knytt til bygda så lenge han levde. Kulturkontoret tok i 2014 på seg ansvaret for å laga eit Kinck-jubileum i 2015. Ei jubileumsnemnd vart oppretta, under leiing av leiar for kultur og integrering. Jubileet har fått økonomisk støtte frå Kvam herad, Hordaland fylkeskommune og Stiftelsen Fritt Ord.

❖ **Kulturell spaserstokk**

Heradet søkte og fekk kr 104 000,- i 2014 til Den kulturelle spaserstokken. Tilskotsmidlane vart lyst ut lokalt, og har vore nytta til konsertar, filmframvisingar, foredrag, kunstutstillingar m.m. for eldre. Tiltaka er spesielt tilrettelagde for eldre på institusjonar.

❖ Inkludering

Samarbeid om prosjektet «Ingen skal stå igjen» for å inkludera barn og unge inn i fritidsaktivitetar.

❖ Frivillig aktivitet

Den frivillige innsatsen er svært stor i kommunen, med mange frivillige organisasjonar. Kvam herad fordelte driftstilskot til ulike lag og organisasjonar, lokale kulturhus, underskotsgarantiar, nærmiljømidlar, tilskot til leikeplassar, ulike prosjekt, og stipend etter søknad.

Frå 01.01.15 må alle lag som får kommunalt tilskot ha organisasjonsnummer. Kulturkontoret har i løpet av 2014 informert og gjeve opplæring i samband med dette.

Heradet støttar òg ulike lag og organisasjonar ved ulike former for tilskot til drift, prosjekt og arrangement.

Kvammaveka 2014 synte fram frivillig sektor på ein god måte, ikkje minst under festframsyninga.

NRK-programmet Da KORK kom til bygda var ein stor suksess på mange måtar. Her fekk me vist både dugnadsanda i kommunen, og musikalske talent.

❖ Kunstformidling

Kvam herad har over lengre tid vore svært aktiv i arbeidet med etablering av nye institusjonar kring kunst og formidling i Kvam, dette gjeld Messen, HAKU, med meir. Regionaldepartement har løyvd 1,3 mill. til Kvam herad sitt Bulyst-prosjekt som skal føra dette arbeidet vidare. Hordaland fylkeskommune har også gjeve støtte. Det har vore gjort førebuingar i dette prosjektet i løpet av 2014, slik at det prosjektet kan setjast fullt i gang i 2015.

❖ Integrering

Kulturkontoret har oppgåva med å utarbeida ein integreringsplan for kommunen, og fekk inn ein prosjektmedarbeidar i 50% stilling for å arbeida med planen. Integreringsplanen skal vera ferdig i 2015. Det føregår mykje godt integreringsarbeid innan kulturlivet og i ulike lag og organisasjonar (sjå mellom anna årsmeldinga til kulturskulen)

❖ Kultur på regionalt nivå

Hordaland fylkeskommune sende i 2014 ut regional kulturplan på høyring. Kulturkontoret utarbeidde eit grundig høyringsinnspel, som vart sendt Hordaland fylkeskommune etter politisk handsaming i Kvam herad.

❖ Årsmelding frå Kvam kulturskule 2014

- Kvam kulturskule vart organisert under *Samfunn og utvikling* i april 2014. Samstundes som kulturavdelinga fekk ny leiar.
- Kulturskulen starta året 2014 med **UKM** (Ungdomens kulturmønstring) i midten av januar med særskilt mykje flotte kulturelle bidrag frå ungdomane i Kvam. Kvaliteten var så høg at med dispensasjon frå fylkesarrangørane (som var til stades) så fekk me sende fleire deltakarar til fylkesmønstringa enn det som var den kommunale kvoten. Det viste seg at kvaliteten var høg også på fylkesmønstringa i Grieghallen, og Kvam herad gjorde «Storeslem i UKM» (forsida på HF 8. april 2014). I tillegg til to stipend til kvemmingar fekk ein kjøkemeister, eit solo musikal-innslag samt heile ungdomsstorbandet reisa på ein 5-dagars UKM-landsfestival i Trondheim i juni. Dette utgjorde over 50 % av delegasjonen frå Hordaland.
- **Fleire fargar** er eit integreringstiltak der om lag 30 barn bidreg med kunstnarlege innhald og som utøvarar i ein stor scenisk produksjon. I juni 2014 hadde **Fleire fargar** strålande suksess med fem framføringar i Amfisalen på Norheimsund skule. I tillegg vart det framføring under *Festspillene i Bergen* på *De unges festspilldag*, innslag på *Fossefest* (opninga av turistveganlegget), på Bjørketeigen då Kvam tok i mot KORK samt på Barnas verdsdag.

- *Då KORK kom til bygda* (sendt på NRK1 20. desember) var i Kvam i slutten av juni der ein av kulturskulen sine elevar: *Hanna Thiesen*, samt ein tidlegare elev: *Anja Savic Røed* var solistar. Fleire av dei tilsette i kulturskulen var også svært delaktige i førekant og under produksjonen. Her må Rut Oppedal Rasmussen, som stod for den flotte dekoreringa av utescenen, trekkjast fram.
- **Barnas verdsdag i Hardanger** vart arrangert i Norheimsund den 15. november 2014 saman med Rikskonsertane. Det var 8 interkulturelle verkstadar, andre kulturelle aktivitetar i vringleområdet, konsertar, flotte utsmykningar samt mat frå heile verda. Det var over 1100 besøkjande på arrangementet i Norheimsund denne dagen.
- Kulturskulen si ordinære drift med undervisning i kulturelle fag går sin gang. Nye fag hausten 2014 er *Digital animasjon* og *Video/foto*. Her ser me at me treff andre målgrupper.
- Elevtalet har gått kraftig nedover dei siste to åra, og det er ved inngangen til 2015 om lag 200 færre elevar enn for to år sidan.

❖ Bibliotek

Bibliotek er ei lovpålagt teneste for kommunane og er ein viktig del av både kunnskaps- og kulturpolitikken i Noreg. Biblioteket er eit kulturelt senter i heradet og fungerer som ein viktig møtestad.

På biblioteket er det gratis og ope for alle. Det skal gje ei kjensle av sosial velferd og fellesskap.

Kvam bibliotek er organisert med hovudbibliotek i Norheimsund og avdelingar i Ålvik (på Torget) og i Strandebarm (på skulen).

Nytt i 2014 var at me byrja med utlån av e-bøker. Dette har vore ein suksess i vår kommune. Kvam vart den kommunen med nest høgast utlån av e-bøker i Hordaland (Bergen er ikkje rekna med).

Elles visar utlånsstatistikken tydeleg at me har ei bibliotekavdeling mindre enn tidlegare.

Me har fått nytt biblioteksystem i 2014 (MM3) og i haust stoppa bokbåten Epos for første gong i Øystese.

Det mest gledelege talet me kan visa til i år er arrangement. Det har vore 33 arrangement i regi av Kvam bibliotek. Til saman har 873 personar delteke på desse.

Aktivitet	2013	2014
Utlån Norheimsund	26373	27154
Utlån Strandebarm	7121	7196
Utlån Ålvik	5653	4711
Utlån Øystese	7552	
Samla utlån	46699	39061
Fjernlån	1239	913*
E-lån		714
Total utlån (med fjernlån og e-lån)	47938**	40688**
Arrangement	10	33
Samla bibliotekbesøk	48905	47002

* Me har nytt biblioteksystem i år. Nedgangen i fjernlån er misvisande. I talet frå 2013 er fornyingar av fjernlån tatt med, det er dei ikkje i talet frå 2014. Fjernlånet har i realiteten gått litt opp.

** Inkludert i totalt utlån i 2013 er utlån av lærebøker til skulen i kombinasjonsbiblioteket. I det totale utlånet for 2014 er utlån av lærebøker ikkje tatt med. Ca 2600 lån.

❖ Idrett

Ansvar for idrett har lege til leiar for samfunn og utvikling, og frå 1. april har ansvaret vore delt med leiar for kultur og integrering som vart tilsett då, og seinare i nært samarbeid med

folkehelsekoordinator. Kulturkonsulenten har også gjort arbeid på idrettsfeltet. Kontakten mellom Kvam herad og Kvam idrettsråd har teke seg opp, og det vart inngått samarbeidsavtale mellom partane i juni. Idrettsrådet og heradsstyret gjorde følgjande prioritering for spelemidlane i 2014:

Spelemidlar

- *Strandebarm skule og idrettsplass, idrettshall*
- *Sjusete; skiskytterstadion, rulleskiløype, stadion, m/rundkøyring/løyper*
- *Forlenging Øystese fotballbane*
- *Tørvikbygd, utviding av fotballbane*
- *Symjebasseng Hardangerbadet.*
- *Skytebane i Vangdalsåsen*

Nærmiljømidlar

- *Ombygging av ballplass ved Øystese barneskule, frå grus til kunstgras*

Idrettsstipenda for 2014 gjekk til;

- Malin Auganæs Bergtun i Kvam Langrenn og Skiskyttarklubb
- Kai Loyd Hesthammer i Rossvoll VBK

❖ Friluftsliv

Etter at leiar for kultur og folkehelsekoordinator kom på plass i 2014, har også grunnlaget for å arbeida med friluftsliv og rekreasjon betra seg.

- «Trakk og snakk», der ordførar og rådmann inviterer til enkle fotturar, vart gjennomført på tre ulike stadar i kommunen i 2014. «Trakk og snakk» vert gjennomført for å auka merksemda rundt fysisk aktivitet og folkehelse, og for å komme nærmare innpå innbyggjarane sine meiningar om «godt og gale» i kommunen.
- Etter at Kvam herad vart medlem av Bergen og omland friluftsråd i 2014, har kommunen alt fått mykje att for dette medlemskapet. I 2014 vart mange av friluftsområda langs med sjøen oppgradert, med betre skilting og tilrettelegging for båtturistar og andre.
- Kvam herad bidrog også i 2014 med midlar til preparering av skiløypene på Kvamskogen og på Sjusete. Begge løypene er viktige for den fysiske aktiviteten for kvemmingar og andre.
- Kvam har og gjeve tilskot til nærmiljøtiltak, leikeplassar og turløyper i kommunen.

3.16 Kyrkja

Kyrkje						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Rek 14 (netto)	Justert Bud 2014	Opphavleg bud 2014	Forbruk i %	Avvik i kr
390 Den norske kyrkja	3 849	3 850	3 850	3 850	100 %	0
392 Andre religiøse føremål	176	222	150	150	148 %	72
393 Gravplassar og krematorier	938	961	974	974	99 %	-13
Kyrkje	4 963	5 033	4 973	4 973	101 %	59

Budsjettavvik

Tilskot til Den norske kyrkja er utbetalt i tråd med budsjett (3,8 mnok).

Overføringar til andre religiøse føremål enn kyrkjeleg fellesråd vart kr 72 000 over budsjett. Nivået på tilskotet til Kyrkjeleg fellesråd styrer nivået på tilskotet til andre religiøse føremål.

Tilskot til kyrkjegardar (0,8 mnok) er utbetalt i tråd med budsjett.

Kommentarar til tema

Rekneskapen for 2013 til fellesrådet hadde eit overskot på kr 47.556 etter eit år med stort fokus på innsparing. I 2014 fekk rådet eit underskot på kr 191.675. Særleg pensjonskostnadane veks, og premien har auka med 100% på 4 år. Budsjettet til Kyrkjeleg fellesråd var på 7,45 mnok, der overføring frå Kvam herad utgjorde 4,68 mnok. Ved utgangen av 2014 hadde fellesrådet 8,57 årsverk fordelt på 14 tilsette. I 2013 var talet på årsverk det same, men fordelt på 12 tilsette. 1,5 årsverk til trusopplæring var finansiert av bispedømekontoret.

Rådet mottok bl.a. gåve til salmebøker på kr 150.000 og fekk overført testamentarisk gåve frå Kvam herad til oppussing og vedlikehald av Vikøy kyrkje. Det står att kr 318.000 av denne gåva.

3.17 Skatt og rammetilskot

Skatt og rammetilskot						
Funksjon og rammer	Rek 13 (netto)	Rek 14 (netto)	Justert Bud 2014	Opphavleg bud 2014	Forbruk i %	Avvik i kr
800 Skatt på inntekt og formue	-227 650	-231 721	-232 058	-236 693	100 %	337
840 Statlege rammetilskot og øvrige generelle statstti	-267 420	-279 990	-276 661	-277 131	101 %	-3 329
850 Generelt statstilskot vedk. flyktningar m.v.	-9 907	-14 229	-9 170	-9 270	155 %	-5 059
Skatt og rammetilskot	-504 977	-525 940	-517 889	-523 094	102 %	-8 051

Budsjettavvik

Skatteinntektene for 2014 vart 0,3 mnok lågare enn budsjettert, fordelt med om lag halvparten på eigedomsskatt og inntekts-/formuesskatt. Totalt vart skatt av inntekt og formue på 191,9 mnok (budsjett 192,1) og eigedomsskatt med 39,8 mnok (budsjett 40 mnok).

Kvam herad får vanlegvis lågare skatteinntekter enn resten av landet, og kompensert for dette med inntektsutjamning. Sidan skatteveksten i landet elles har vore låg, vart inntektsutjamninga 1,6 mnok lågare enn budsjettert. På den andre sida fekk kommunen totalt 4,6 mnok meir i skjønsmidlar enn budsjettert. Midlane er gjevne for å dekkja spesifikke utgifter til ras (2,6), etablering av Kvam familie- og læringssenter (1,1), Samhandlingsreforma (0,7), tettstadutvikling (0,1) og arbeid med kommunereform (0,2). Dei fleste av desse utgiftene kjem ikkje før i 2015, og inntektene er difor sett av på fond for øymerka tilskot.

Det ordinære rammetilskotet vart 0,2 mnok høgare enn budsjettert. I tillegg vart vertskommunetilskotet 0,3 mnok høgare enn budsjettert, totalt vart funksjon 840 3,3 mnok høgare enn budsjettert.

Statlege rammetilskot og andre generelle statstilskot på funksjon 840 er fordelt slik:

Konto	Tekst	Beløp i 1000	Budsjett vedtatt	Avvik
Rammetilskot frå staten	Rammetilskot Distriktstilskot Sør-Norge	-6 744	-6 744	0
Rammetilskot frå staten	Rammetilskot Inntektsutjamnande	-13 055	-14 661	-1 606
Rammetilskot frå staten	Rammetilskot Ordinært	-232 205	-231 946	259
Rammetilskot frå staten	Rammetilskot Skjønssdel	-14 932	-10 300	4 632
Andre statlege overføringar		-5 465	-5 710	-245
Vertskommunetilskot ⁴		-7 589	-7 300	289
Sum		-279 990	-276 661	3 329

Ein gjennomgang av statstilskot vedr. flyktningar (funksjon 850), viste at Kvam herad hadde krav på meir tilskot enn tidlegare krevd for tidlegare år. Inntektene vart difor 4 mnok høgare enn budsjettert. I tillegg er det eit mindreforbruk på 1,1 mnok i bidrag til livsopphald, men dette må sjåast i samanheng med overforbruk på funksjon 281.

⁴ Føremålet med vertskommunetilskotet er å kompensera dei 33 vertskommunane for dei bebuarane som ved HVPU – reforma valde å verta buande i institusjonskommunen. Tilskotet har delvis vore innlemma i rammetilskotet, men vart frå 2009 teke ut av rammetilskotet og gjeve som eit direkte tilskot frå Helse- og omsorgsdepartementet.

3.18 Finans

Finans						
Funksjon og rammer		Rek 13 (netto)	Rek 14 (netto)	Justert Bud 2014	Opphavleg bud 2014	Forbruk i % Avvik i kr
870	Renter / utbyte og lån	20 555	20 018	19 454	20 154	103 % 564
880	Interne finansieringstransaksjonar	8 152	-511	-2 952	6 916	17 % 2 441
899	Årets rekneskapsmessige meir-/mindreforbruk	0	-1 726	0	0 	#DIV/o! -1 726
Finans		28 707	17 782	16 502	27 070 	108 % 1 279

Kommentarar til tema

Rente og avdrag på lån utgjer dei store finanspostane, totalt om lag 53 mnok. Aksjeutbytte er den største finansinntekta kommunen har, totalt på 22,2 mnok. Deretter kjem avkastning på plasseringar i bank eller obligasjonar på 8,1 mnok.

Budsjettavvika i 2014 for funksjon 870 skuldast:

- Gebyr og konsulentonorar 0,1 mnok høgare enn budsjettert
- Tilbakeført avsett tap på krav (0,8 mnok) frå 2013. Ny avsetning på funksjon 880
- Lågare inntekt frå byggjelånsrenter på grunn av endra sjølvkostmetode (1,3 mnok)
- Høgare renteinntekt på bankinnskott (0,7 mnok)
- Lågare gevinst på finansielle instrument (0,7 mnok)

Funksjon 880 vert nytta til disponering av driftsresultat og mellom anna som fellesfunksjon for innsparingskrav som ikkje er fordelt på dei enkelte tenestene, totalt 2,1 mill.kr i 2014. Det er sett av 0,7 mnok for potensielle tap på krav. Det er netto sett av 0,4 mill.kr mindre til fond enn budsjettert.

3.19 Sosiale kostnader inkludert premieavvik

Sosiale kostnader inkludert premieavvik						
	Rek 13 (netto)	Rek 14 (netto)	Justert budsjett 2014	Opphavleg bud 2014	Forbruk i %	Avvik i kr
Politisk verksemd	461	482	517	517	93 %	-35
Adm. og fellesutgifter	8 156	-1 997	-1 063	-1 063	188 %	-933
Barnehagar	14 946	16 522	15 611	15 227	106 %	911
Grunnskule	26 812	29 704	31 711	31 656	94 %	-2 007
Kommunehelse	4 428	5 361	5 277	5 278	102 %	83
Pleie- og omsorgstenesta	40 278	47 497	45 239	45 239	105 %	2 258
Sosialteneste og NAV	1 971	1 966	3 506	3 505	56 %	-1 540
Barnevern	2 591	2 820	3 484	3 484	81 %	-664
Bustader	1 006	766	1 027	1 027	75 %	-261
Plan	2 382	2 605	2 694	2 694	97 %	-89
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift	488	609	588	588	104 %	21
Brann og ulykkesvern	1 288	1 694	1 562	1 562	108 %	132
Samferdsle og grøntanlegg	1 007	1 386	1 173	1 173	118 %	213
Vatn avløp og renovasjon/avfall	1 586	1 797	1 791	1 791	100 %	6
Kultur	3 316	3 343	2 850	2 850	117 %	493
Kyrkje	37	86	50	50	170 %	35
Finans	0	0	-159	-159		
Totalt	110 755	114 641	115 857	115 419	99 %	-1 217

Kommentar til tabell:

Dersom pensjonssatsen endrar seg i høve budsjett, vil det medføra endringar som må kommenterast under kvart tema. Dei budsjettansvarlege kan ikkje påverka prosentsatsen (men lønsgrunnlaget), og dei sosiale kostnadane er difor trekt ut av tabellane på kvart KOSTRA-tema/rammeområde for å gjera budsjettavvika meir oversiktlege.

Dei sosiale kostnadene inkluderer pensjon, premieavvik på pensjon, gruppelivsforsikring, arbeidsgjevaravgift, arbeidsgjevaravgift av premieavvik og redusert arbeidsgjevaravgift av trygderefusjon. Kvam herad har tre ulike pensjonsordningar, Statens pensjonskasse for lærarar, KLP sjukepleier og KLP hovudordning. Pensjonsprosenten er ulik på kvar ordning.

Forklaring til endringar:

Pensjonskostnaden i dei tre ulike ordningane inkludert årets og tidlegare års premieavvik samt overføring frå premiefond vart totalt 0,3 mnok lågare enn justert budsjett. Kostnad til arbeidsgjevaravgift vart 1,0 mnok lågare enn budsjett.

3.20 Avskrivingar

Avskrivingar						
	Rek 13 (netto)	Rek 14 (netto)	Justert budsjett 2014	Opphavleg bud 2014	Forbruk i %	Avvik i kr
Politisk verksemd	38	38	38	38	100 %	0
Adm. og fellesutgifter	2 568	2 721	2 506	2 506	109 %	214
Barnehagar	1 097	1 109	1 097	1 097	101 %	12
Grunnskule	9 909	6 932	9 432	9 432	73 %	-2 500
Kommunehelse	180	199	211	211	94 %	-12
Pleie- og omsorgstenesta	3 754	3 798	3 446	3 446	110 %	352
Sosialteneste og NAV	0	0	0	0	0 %	0
Barnevern	0	0	0	0	0 %	0
Bustader	5 202	3 812	3 811	3 811	100 %	0
Plan	92	51	51	51	100 %	0
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift	157	158	957	957	17 %	-799
Brann og ulykkesvern	405	366	335	335	109 %	31
Samferdsle og grøntanlegg	2 067	2 336	2 217	2 180	105 %	119
Vatn avløp og renovasjon/avfall	5 447	5 829	5 997	5 997	97 %	-168
Kultur	2 791	3 841	3 820	3 820	101 %	20
Kyrkje	0	0	0	0	0 %	0
Motpost avskrivingar	-33 709	-31 189	-33 918	-33 918	92 %	2 729
Totalt	0	0	0	-37	0 %	0

Kommentar til tabell:

Avskrivingane er tatt ut av kvart rammeområde og samla i ein tabell.

Prosjektforskyvingane i tid, særleg på grunnskule, har medført reduserte avskrivingar på 2,5 mnok og Strandvegen med 0,8 mnok.

4 Årsrekneskap

Årsrekneskapen for 2014 er sett opp i samsvar med kommunale rekneskapsforskrifter.

4.1 Driftsrekneskap

A. ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT, INKL. PROSJEKT						
DRIFTSINNTEKTER		Endring 2013 - 2014				
	Rek 2014	Rek 2013	2014	Opph.bud 2014	Justert budsjet 2014	Avvik R14-Justert B14
LN01 Brukarbetalingar	24 522	22 878	1 644	21 701	22 106	2 415
LN02 Andre sals- og leigeinntekter	52 118	49 352	2 766	48 228	48 058	4 061
Overføringar med krav til						
LN03 motytting	73 785	88 299	-14 514	61 983	59 678	14 107
LN04 Rammetilskot frå staten	265 028	254 753	10 275	264 121	263 651	1 377
LN05 Andre statlege overføringar	41 964	40 577	1 387	40 520	35 520	6 444
LN06 Andre overføringar	7 439	11 961	-4 522	19 478	13 578	-6 139
LN07 Skatt på inntekt og formue	191 886	189 267	2 619	196 693	192 058	-172
LN08 Eigedomsskatt	39 835	38 383	1 452	40 000	40 000	-165
LN09 Andre direkte og indirekte skattar	4 004	3 872	132	3 888	3 888	116
LN10 Sum driftsinntekter	B	700 582	699 343	1 239	696 611	22 045
DRIFTSUTGIFTER		Endring 2013 - 2014				
	Rek 2014	Rek 2013	2014	Opph.bud 2014	Justert budsjet 2014	Avvik R14-Justert B14
LN11 Lønsutgifter	378 266	367 697	10 569	376 389	372 681	5 585
LN12 Sosiale utgifter	114 641	110 755	3 886	115 419	115 857	-1 217
Kjøp av varer og tenester som						
LN13 inngår i kommunal tenesteproduksjon	86 793	81 041	5 752	81 724	80 192	6 601
LN14 Kjøp av tenester som erstatter kommunal tenesteproduksjon	39 513	34 254	5 259	31 157	31 157	8 357
LN15 Overføringar	66 913	72 709	-5 796	65 853	67 274	-362
LN16 Avskrivingar	31 189	33 709	-2 520	33 918	33 918	-2 729
LN17 Fordelte utgifter	-2 132	-1 810	-322	-2 359	-2 359	226
LN18 Sum driftsutgifter	C	715 182	698 354	16 828	702 100	16 462
LN19 BRUTTO DRIFTSRESULTAT	D=B-C	-14 600	989	-15 589	-20 183	5 583
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER		Endring 2013 - 2014				
	Rek 2014	Rek 2013	2014	Opph.bud 2014	Justert budsjet 2014	Avvik R14-Justert B14
Renteinntekter, utbytte og						
LN20 eigaruttak	33 678	26 271	7 407	33 500	33 700	-22
LN21 Gevinst finansielle instrumenter	668	1 206	-538	100	100	568
LN22 Mottekne avdrag på lån	10	85	-75	0	0	10
LN23 Sum eksterne finansinntekter	E	34 357	27 562	6 795	33 800	557
Renteutgifter, provisjon og andre						
LN24 finansutgifter	25 107	20 965	4 142	24 503	24 003	1 104
LN25 Tap finansielle instrumenter	613	96	516	100	100	513
LN26 Avdragsutgifter	29 709	26 103	3 606	29 700	29 700	9
LN27 Utlån	0	0	0	0	0	0
LN28 Sum eksterne finansutgifter	F	55 429	47 164	8 265	53 803	1 626
Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	G=E-F	-21 072	-19 602	-1 470	-20 003	-1 069
LN30 Motpost avskrivingar	31 189	33 709	-2 520	33 918	33 918	-2 729
LN31 NETTO DRIFTSRESULTAT	I	-4 484	15 095	-19 579	7 726	1 785
AVSETNINGAR		Endring 2013 - 2014				
	Rek 2014	Rek 2013	2014	Opph.bud 2014	Justert budsjet 2014	Avvik R14-Justert B14
Bruk av tidligare års regnskapsmessige mindreforbruk						
LN32	768	0	768	400	1 200	-432
LN33 Bruk av disposisjonsfond	4 586	5 013	-427	1 100	3 400	1 186
LN34 Bruk av bundne fond	31 163	27 746	3 416	24 329	26 608	4 555
LN35 Sum bruk av avsetningar	J	36 516	32 759	3 757	31 208	5 308
Overført til						
LN36 investeringsrekneskapet	13	12	1	0	0	13
LN38 Avsetningar disposisjonsfond	676	20 055	-19 379	9 255	1 920	-1 244
LN39 Avsetningar til bundne fond	31 344	27 784	3 559	24 300	23 020	8 324
LN40 Sum avsetningar	K	32 032	47 854	-15 822	33 555	7 093
LN41 Regnskapsmessig meirforbruk	L=I+J-K	0	0	0	0	0

Kommentar til tabell: I = L23 (D) + L34 (G) + L35 (motpost avskrivingar).

Driftsinntektene vart 22,0 mnok høgare enn i justert budsjett.

LN01 - Brukarbetalingar aukar med 2,4 mnok. (PLO 1,8, skule 0,2, kultur 0,2).

LN02 - Andre sals- og leigeinntekter aukar med 4,0 mnok. Gebyrinntekter (0,3), sal av mat (1,2), purregebyr (0,1), Var-gebyr (1,0), billettinntekter kino (0,2) og ei rekkje andre inntekter (1,2).

LN03 - Overføringar med krav til motyting aukar med 14,1 mnok. Refusjonar frå staten (5,9), herav 3,4 knytt til ressurskrevjande brukar. Refusjon frå andre kommunar (2,3), blant anna gjesteelevar, sal av skatteoppkrevjarfunksjon og tilskot fosterheim. Refusjon frå fylket (0,6), frå andre (0,4), sjukerefusjon (1,7) og momskompensasjonsinntekt (2,9).

LN04 - Rammetilskot frå staten vart 1,3 mnok over justert budsjett. Kommunen fekk tildelt 2,6 mnok i ekstra skjønsmidlar for å dekkja nokre av dei ekstra utgiftene etter ras- og flaumskader. På grunn av at skattenivået vart lågare, vart inntektsutjamninga frå andre kommunar 1,6 mnok lågare enn budsjett. Det ordinære rammetilskotet auka med 0,3 mnok.

LN05 – Andre statlege overføringar aukar med 6,4 mnok. Tilskot til KFL og skjønsmidlar samhandlingsreforma (1,7), auka tilskot (etterbetaling) frå Imdi (4,1). Vertskommunetilskotet vart 0,3 mnok over budsjett. Spelemidlar utgjorde 2,2 mnok meir enn budsjett, medan sal heimfallskraft fall med 1,8 mnok.

LN06 – Andre overføringar er redusert med 6,1 mnok. 5,3 mnok i kompensasjonsmidlar arbeidsgjevaravgift er ikkje motteke i 2014. Sal av konsesjonskraft er 1,1 mnok under budsjett.

LN07 - Reduksjon i skatteinntekter på 0,2 mnok.

LN08 - Mindreinntekt på eigedomskatt næring på 0,2 mnok.

LN09 - Inntekt konsesjonsavgift er 0,1 mnok over budsjett.

Driftsutgiftene vart 16,5 mnok høgare enn justert budsjett.

LN11 – Auke på 5,5 mnok. Auken på fastløn er 2,2 mnok. På vikar er det brukt 2,3 mnok over budsjett. Utgifter til ekstravakt og overtid ligg 0,7 mnok over. På anna løn og godtgjersle vart overforbruket 0,8 mnok. Introduksjons- og kvalifiseringsstønad hadde eit mindreforbruk på 0,5 mnok.

LN12 – Reduksjon på 1,2 mnok. Pensjonskostnader inkludert premieavvik vart 0,2 mnok lågare enn budsjett. Arbeidsgjevaravgifta vart 1,0 mnok lågare enn budsjett 2014.

LN13 – Kommunen har eit omfattande og variert kjøp. Det er ei lang rekkje mindre avvik med begge forteikn på til saman 6,1 mnok.

LN14 – Auke på 8,4 mnok. Kjøp av tenester hjå staten (0,6), driftsavtale med andre kommunar (1,1) og kjøp av tenester hjå private (5,5). Tilskot til FUS vart 0,6 mnok høgare enn budsjett.

LN15 – Reduksjon på 0,4 mnok. Overføringar til staten er redusert med 0,2 mnok. Overføringar til andre er 3,5 mnok lågare enn budsjett. Momskompensasjonsutgift drift er 2,8 mnok over budsjett. Overføringar til andre kommunar er 0,5 mnok over budsjett.

LN16 – Avskrivingar er redusert med 2,7 mnok.

LN17 – Fordelte utgifter aukar med 0,2 mnok.

Brutto driftsresultat vart -14,6 mnok, noko som er 5,6 mill. kr lågare enn justert budsjett.

Resultat av eksterne finansutgifter vart -21,0 mnok. Dette er 1 mnok dårlegare enn justert budsjett.

1,2 mnok gjeld lågare byggjelånsrenter etter at nye sjølvkostretningslinjer vart tekne i bruk for VA-prosjekt. Det gjev høgare kalkulatoriske rentekostnader, og meir bruk av VA-fond, og mindre av disposisjonsfond. Det vil sei at disponeringane vert dei same, men delresultata 1 mnok dårlegare. Netto andre finanspostar vart 0,2 lågare enn budsjett.

Netto driftsresultat vart negativt med 4,5 mnok, men 1,8 mnok betre enn justert budsjett. Det er tilrådd at netto driftsresultat bør vera ca. 1,75% av inntektene for at heradet skal vera i stand til å setja av midlar til framtidig bruk og til eigenfinansiering av kommunale investeringar. I 2014 vart Kvam sitt netto driftsresultat negativt.

Rekneskapsmessig resultat for 2014 vart 0 fordi det i ulike vedtak er føringar for disponering av driftsresultatet.

Det er brukt 0,4 mnok mindre av tidlegare års mindreforbruk enn planlagt, då deler av utgiftene til kraft-rettssak og samferdselsrapport som midlane skulle finansiera, kjem i 2015.

Resultatet for 2014 varet betre enn venta, men ein stor del av inntektsauken kom med krav/øyremerking, som gjorde at enten utgiftene auka, eller at krav til avsetjing av ubrukte øyremerka midlar/gåver auka. Til trass for ei betring i resultat, medførte det at den budsjetterte avsetjinga til disposisjonsfond ikkje kunne gjerast, og at ein i staden for måtte bruka 1,7 mnok av disp.fond til finansiering av 2014. Så lenge det er disposisjonsfond, skal desse nyttast til å finansiera eit meirforbruk. Har ikkje kommunen disp.fond, vert det eit udekkka meirforbruk.

På den andre sida er det brukt 0,5 mindre av disp.fond til finansiering av P19141 – Hardangerbadet, då deler av utgifta kjem i 2015. Netto bruk av disp.fond vart difor 1,2 mnok meir enn budsjettert.

Bruk av bundne fond er 4,6 mnok høgare enn budsjettert. Auke i bruk er knytt til sjølvkostfond og øyremerka fondsmidlar. Ein av aukane i bruk av sjølvkostfond, skuldast kalk.rente på sjølvkostområde.

Det er avsett 1,1 mnok mindre til disp.fond, då driftsresultatet ikkje tillèt det. I staden for måtte ein bruka 1,2 mnok meir av disp.fond.

Den auka avsetjinga til bundne fond på 8,3 mnok gjeld auke i øyremerka inntekter/gåver og sjølvkostområde, som må setjast av på fond.

4.1.1 Rekneskapsskjema 1A

REKNESKAPSSKJEMA 1A (tusen kr)				
	Rek 14	Bud. 14	Oppr. Bud 14	Rek 13
Driftsinntekter				
1. Skatt på inntekt og formue	-191 886	-192 058	-196 693	-189 267
2. Ordinært rammetilskot	-265 028	-263 651	-264 121	-254 753
3. Skatt på eigedom	-39 835	-40 000	-40 000	-38 383
4. Andre direkte eller indirekte skatter	-4 004	-3 888	-3 888	-3 872
5. Andre generelle statstilskot	-41 964	-35 520	-40 520	-40 577
6. Sum frie disponible inntekter	-542 717	-535 117	-545 222	-526 852
7. Renteinntekter og utbytte	-33 678	-33 700	-33 500	-26 271
8. Gevinst finansielle instrumenter	-668	-100	-100	-1 206
9. Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	25 107	24 003	24 503	20 965
10. Tap finansielle instrumenter	613	100	100	96
11. Avdrag lån	29 709	29 700	29 700	26 103
12. Netto finansinntekter / -utgifter	21 083	20 003	20 703	19 688
14. Til ubundne avsetningar	676	1 920	9 255	20 055
15. Til bundne avsetningar	31 344	23 020	24 300	27 784
16. Bruk av tidlegare overskot	-768	-1 200	-400	0
17. Bruk av ubundne avsetningar	-4 586	-3 400	-1 100	-5 013
18. Bruk av bundne avsetningar	-31 163	-26 608	-24 329	-27 746
19. Netto avsetningar	-4 496	-6 268	7 726	15 080
20. Overført til investeringsrekneskapet	13	0	0	12
21. Til fordeling	-526 118	-521 382	-516 793	-492 073
22. Sum fordelt til drift (skjema 1B)	526 118	521 382	516 793	492 069

4.1.2 Rekneskapsskjema 1B

REKNESKAPSSKJEMA 1B (tusen kr)					
Driftsinntekter ekskl. skatt og statstilskot	Rek 14	Bud. 14	Oppr. Bud 14	Rek 13	Bud.avvik 2014
LN03 Brukerbetalinger	24 522	22 106	21 701	22 878	2 415
LN04 Andre salgs- og leieinntekter	52 118	48 058	48 228	49 352	4 061
LN05 Overføringer med krav til motytelser	73 785	59 678	61 983	88 299	14 107
LN08 Andre overføringer	7 439	13 578	19 478	11 961	-6 139
Sum driftsinntekter ekskl. skatt og statstilskot	B	157 865	143 420	172 491	14 445
Driftsutgifter					
LN14 Lønnsutgifter	378 266	372 681	376 389	367 697	5 585
LN15 Sosiale utgifter	114 641	115 857	115 419	110 755	-1 217
LN16 Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal t	86 793	80 192	81 724	81 041	6 601
LN17 Kjøp av tjenester som erstatter kommunal tjenestep	39 513	31 157	31 157	34 254	8 357
LN18 Overføringer	66 913	67 274	65 853	72 709	-362
LN19 Avskrivninger	31 189	33 918	33 918	33 709	-2 729
LN20 Fordelte utgifter	-2 132	-2 359	-2 359	-1 810	226
LN21 Sum driftsutgifter	C	715 182	698 720	698 354	16 462
Brutto driftsresultat, ekskl. skatt og statstilskot	D=B-C	-557 317	-555 300	-550 711	-2 017
Andre eksterne finansieringstransaksjoner					
LN26 Mottatte avdrag på lån	10	0	0	85	10
Mottatte avdrag på lån	E	10	0	85	10
Sum utlån	F	0	0	0	0
Resultat andre eksterne finansieringstransaksjoner	G=E-F	10	0	85	10
LN35 Motpost avskrivninger	31 189	33 918	33 918	33 709	-2 729
Sum fordelt til drift (skjema 1A)		-526 118	-521 382	-492 069	-4 736

4.2 Investeringsrekneskap

INVESTERINGSINNTEKTER		Rek 14	Rek 13	Bud 14	Opph. Bud 14	Bud.avvik
LN01	Sal av driftsmidler og fast eiendom	2 719	5 752	5 250	3 000	-2 531
LN02	Andre salgsinntekter	4 126	67	0	0	4 126
LN03	Overføringer med krav til motytingar	650	0	492	8 992	158
LN04	Kompensasjon for meirverdiavgift	5 836	0	4 205	17 669	1 631
LN06	Andre overføringer	3 436	75	125	0	3 311
LN07	Renteinntekter og utbytte	30	0	0	0	30
LN08	Sum inntekter	L 16 796	5 894	10 071	29 660	6 725
INVESTERINGSUTGIFTER						
LN09	Lønnsutgifter	1 068	1 007	409	409	-659
LN10	Sosiale utgifter	261	352	167	167	-95
LN11	Varer og tenester i kommunal eigenproduksjon	56 360	93 872	58 791	201 438	2 431
LN12	Kjøp av tenester som erstatter egenproduksjon	0	0	0	1 500	0
LN13	Overføringer	6 769	11 067	4 984	18 169	-1 785
LN14	Renteutgifter og omkostningar	251	3 577	0	0	-251
LN15	Fordelte utgifter	50	-265	0	0	-50
LN16	Sum utgifter	M 64 759	109 610	64 350	221 681	-409
FINANSUTGIFTER						
LN17	Avdrag på lån	1 964	1 786	2 000	2 000	36
LN18	Utlån	10 793	10 194	20 050	20 000	9 257
LN19	Kjøp av aksjer og andeler	13 029	3 751	13 030	200	1
LN21	Avsatt til ubundne investeringsfond	1 455	11 426	3 000	3 000	1 545
LN22	Avsetninger til bundne investeringsfond	2 468	1 262	0	0	-2 468
LN23	Sum finanstransaksjonar	N 29 710	28 418	38 080	25 200	8 370
LN24	Finanseringsbehov	O=M+N-L	77 673	132 134	92 359	14 686
FINANSIERING						
LN25	Bruk av lån	59 098	99 045	59 082	187 141	-17
LN27	Motteke avdrag på utlån	3 166	9 586	2 000	2 000	-1 166
LN28	Overført frå driftsbudsjettet	13	12	0	0	-13
LN30	Bruk av disposisjonsfond	-2 898	13 645	250	0	3 148
LN31	Bruk av bundne driftsfond	5 306	3 577	5 523	6 020	217
LN32	Bruk av ubundne investeringsfond	12 569	6 269	15 504	12 060	2 935
LN33	Bruk av bundne investeringsfond	419	0	10 000	10 000	9 581
LN34	Sum finansiering	R 77 673	132 134	92 359	217 221	14 686
LN35	Udekka/udisponert	0	0	0	0	0

Kommentar til investeringsrekneskapen:

Investeringsinntektene (LN08) syner 16,8 mnok. Dette er 6,7 mnok meir enn budsjettert. 4 mnok gjeld inntekter til Kvammapakke-prosjekt. Det var budsjettert med 2,3 mnok for sal av ei hytte innkjøpt i samband med Vassverket på Kvamskogen, men dette salet vert ikkje gjennomført før i 2015. Mva.kompensasjonsinntekta vart 1,6 mnok høgare, og overføringer frå fylket 3,4 mnok meir enn budsjettert til Strandvegen.

Investeringsutgiftene (LN16) er 0,4 mnok lågare enn justert budsjett for 2014. Hovudårsaka til dette er forskyving/forseinking av investeringsprosjekt. Investeringsprosjekta vert først og fremst styrt etter den totale prosjektramma og ikkje investeringsbudsjettet per år.

Finansutgiftene (LN23) var i 2014 8,4 mnok lågare enn budsjettert. Utlånet frå Husbanken vart 9,3 mill.kr lågare. Det vart sett av 1,5 mnok mindre til ubundne invest.fond pga lågare eigedomssal enn budsjettert og 2,5 mill.kr meir til ubundne investeringsfond for «overskot» startlån (1,2 mnok) og netto inntekt frå sal av testamentert hus (1,3 mnok).

Samla finansieringsbehov (LN24) vart dermed 14,7 mill.kr lågare enn budsjettert og skuldast hovudsakeleg lågare aktivtetsnivå på startlån enn budsjettert og auka inntekter.

4.2.1 Rekneskapsskjema 2 A

REKNESKAPSSKJEMA 2A (tusen kr)	Rek 14	Bud. 14	Oppr. Bud 14	Rek 13
1. Investert anleggsmiddel	64 759	64 350	221 681	109 610
2. Utlån og forskottering	10 793	20 050	20 000	10 194
3. Kjøp av aksjar og andelar	13 029	13 030	200	3 751
4. Avdrag på lån	1 964	2 000	2 000	1 786
6. Avsetningar	3 923	3 000	3 000	12 688
7. Årets finansieringsbehov	94 470	102 430	246 881	138 028
8. Finansiert slik:				
9. Bruk av lånemidler	-59 098	-59 082	-187 141	-99 045
10. Inntekter frå sal av anleggsmiddel	-2 719	-5 250	-3 000	-5 752
11. Tilskot til investeringar	-3 436	-125	0	-75
12. Kompensasjon for meirverdiavgift	-5 836	-4 205	-17 669	0
13. Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-3 816	-2 492	-10 992	-9 586
14. Andre inntekter	-4 156	0	0	-67
15. Sum ekstern finansiering	-79 060	-71 153	-218 801	-114 525
16. Overført frå driftsbudsjettet	-13	0	0	-12
18. Bruk av avsetningar	-15 397	-31 277	-28 080	-23 492
19. Sum finansiering	-94 470	-102 430	-246 881	-138 028
20. Udekka(+)/ udisponert(-)	0	0	0	0


Korleis investeringane er finansierte kjem fram i tabellen over. Tabellen syner at det ikkje var investeringar som mangla finansiering i 2014. 63 % av investeringane er finansierte med lån, resten med eigenkapital. I 2013 var 72 % av investeringane finansierte med lån, resten med eigenkapital.


4.2.2 Rekneskapsskjema 2B

REKNESKAPSSKJEMA 2B (tusen kr)					
Investeringsutgifter		Rek 14	Bud. 14	Oppr. Bud 14	Rek 13
LN09	Sum inntekter	L	0	0	0
LN11	Lønnsutgifter	1 068	409	409	1 007
LN12	Sosiale utgifter	261	167	167	352
LN13	Varer og tenester i kommunal egenproduksjon	56 360	58 791	201 438	93 872
LN14	Kjøp av tjenester som erstatter egenproduksjon	0	0	1 500	0
LN15	Overføringer	6 769	4 984	18 169	11 067
LN16	Renteutgifter og omkostninger	251	0	0	3 577
LN17	Fordelte utgifter	50	0	0	-265
LN18	Sum utgifter	M	64 759	64 350	109 610
Finansutgifter					
LN19	Avdragsutgifter	1 964	2 000	2 000	1 786
LN20	Utlån	10 793	20 050	20 000	10 194
LN21	Kjøp av aksjer og andeler	13 029	13 030	200	3 751
LN22	Avsatt til ubundne investeringsfond	1 455	3 000	3 000	11 426
LN23	Avsetninger til bundne fond	2 468	0	0	1 262
LN25	Sum finanstransaksjonar	N	29 710	38 080	28 418
Til investering (frå 2A)		94 470	102 430	246 881	138 028

4.3 Balanse

EIGNELUTAR	R-2014	R-2013	Endring
(A) Anleggsmidler			
Faste eiendomar og anlegg	1 069 450	1 039 986	29 464
Utstyr, maskinar og transportmidlar	19 967	20 986	-1 020
Utlån	46 447	38 857	7 590
Pensjonsmidlar	728 579	629 996	98 583
Aksjer og partar	82 828	69 798	13 029
Sum anleggsmidler	1 947 270	1 799 624	147 647
(B) Omløpsmidlar			
Premieavvik	84 676	78 151	6 525
Kortsiktige fordringar	37 947	40 888	-2 941
Obligasjonar	217 249	225 915	-8 666
Kasse, bankinnskott	73 912	64 277	9 635
Sum omløpsmidlar	413 783	409 231	4 553
SUM EIGNELUTAR (A + B)	2 361 054	2 208 854	152 199
EIGENKAPITAL OG GJELD			
(C) EIGENKAPITAL			
Disposisjonsfond	37 962	38 974	-1 012
Bundne driftsfond	53 959	59 084	-5 125
Ubundne investeringsfond	77 108	88 222	-11 114
Bundne investeringsfond	9 241	7 191	2 049
Endringar i rekneskapsprinsipp	-5 375	-5 375	0
Overskot i drift	1 588	2 356	-768
Kapitalkonto	193 028	150 763	42 265
SUM EIGENKAPITAL	367 511	341 215	26 296
(D) GJELD			
<i>Langsiktig gjeld</i>			
Pensjonsforpliktelse	970 971	893 015	77 956
Ihendehavarobligasjonslån	48 440	73 316	-24 875
Sertifikatlån	260 000	150 000	110 000
Andre lån	595 749	635 797	-40 048
Sum langsiktig gjeld	1 875 161	1 752 128	123 033
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Anna kortsiktig gjeld	112 567	110 471	2 096
Premieavvik	5 815	5 040	774
Sum kortsiktig gjeld	118 382	115 512	2 870
			0
SUM GJELD (D)	1 993 543	1 867 640	125 903
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD (C + D)	2 361 054	2 208 854	152 199
BALANSENS NETTOSUM	0	0	0
(E) MEMORIAKONTI			
			0
Ubrukte lånemidlar	120 921	103 269	17 652
Andre memoriakonti	-19 755	-22 325	2 570
Motkonto for memoriakontiane	-101 166	-80 944	-20 222
SUM MEMORIAKONTI	0	0	0


Arild McClellan Steine
Rådmann


Anita Hesthamar
Stabs- og økonomisjef

Kommentarar til Balansen

Aktivasida:

(A) Anleggsmidlar

Aktivasida viser per 31.12.14 eignelutar på i alt 2,4 mrd.kr (2,2 mrd. i 31.12.13).

"(A) Anleggsmidlar" har endra seg med 148 mnok til 1,95 mrd. kr.

Det er investeringsprogrammet til Kvam herad som gjer at sum anleggsmidlar stig. Det meste av anleggsmidlane er bundne opp i faste eigendomar som ikkje er likvide.

(B) Omløpsmidlar

Sum omløpsmidlar er auka med 5 mnok. Ubrukte lånemidlar er plassert i obligasjonar, og gjev eit høgt nivå når større investeringsprosjekt vert forskyvd i tid.

Eigenkapital og gjeld

(C) Eigenkapital

Eigenkapitalen er auka med 26 mnok til 368 mnok. Eigenkapitalprosent er auka med 7,1% til 15,6%.

(D) Gjeld

Langsiktig gjeld

"Pensjonsforpliktelsar" auka med 78 mill. kr til 971 mnok (sjå eigen pensjonsnote).

Anna langsiktig gjeld auka med 45 mnok i 2014 til 904 mnok, og den kortsiktige gjelda er auka med 3 mnok til 118 mnok.

(E) Memoriakonti

"Memoriakonti" er hjelpekontoar utanfor sjølve balansen. Den viktigaste er «Ubrukte lånemidlar» som viser kor mykje som førebels ikkje er brukt av lån som kommunen har teke opp. Denne er høg per 31.12.14 då fleire store investeringsprosjekt er forskyvd i tid. Midlane vert plassert i obligasjonar.

4.4 Notar

4.4.1 Rekneskapsprinsipp

Rekneskapen til Kvam herad vert utarbeidd i tråd med rekneskapsprinsipp som framkjem av kommunelova § 48, rekneskapsforskrifta § 7, samt god kommunal rekneskapsskikk.

Som det framkjem av forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar § 7, er all tilgang og bruk av midlar i løpet av året som vedkjem kommunen si verksemd i drifts- eller investeringsrekneskapen (anordningsprinsippet). Det skal ikkje førekoma rekneskapsføring av tilgang og bruk av midlar som berre vert ført i balanserekneskapen.

Alle kjente utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i året er rekneskapsført brutto, det vil sei at det ikkje er gjort frådrag for tilhøyrande inntekter til utgiftene – og omvendt. Vidare er dei tatt med i årsrekneskapen for vedkomande år, enten dei er betalt eller ikkje. For utgifter og inntekter som enkeltvis ikkje kan fastsetjast eksakt for tidspunktet for rekneskapsavlegginga, vert det registrert eit anslått beløp. Justering ut frå eksakt beløp vert gjort påfølgjande år.

For lån er det den delen av lånet som faktisk er brukt, som vert ført i investeringsrekneskapen. Ubrukte lånemidlar er registrert som memoriapost.

Klassifiserings- og vurderingsreglar for anleggsmidlar, omløpsmidlar og gjeld

I tråd med forskrift om årsrekneskap og årsmelding for kommunar § 8, er anleggsmidlar eigedelar bestemt til varig eige eller bruk for kommunen i balanserekneskapen. Eigedelar som ikkje oppfyller kravet til varig eige eller bruk, vert klassifisert som omløpsmidlar. Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffingskostnad og omløpsmidlar til det lågaste av anskaffingskostnad og verkeleg verdi (lågaste verdis prinsipp). Lågaste verdis prinsipp vert fråvike i tilfeller der det er i tråd med god kommunal rekneskapsskikk for rekneskapsføring av sikring.

Anleggsmidlar med avgrensa levetid, vert avskrive med like store årlege beløp over levetida til anleggsmiddelet. Avskrivingsperioden er i tråd med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar § 8 andre ledd. Avskrivning startar seinast året etter at anleggsmiddelet er skaffa eller tatt i bruk. Ved verdifall som ikkje er forbigåande, vert anleggsmiddelet nedskrive til verkeleg verdi.

Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar vert vurdert til verkeleg verdi.

Gjeld som er tatt opp med føremål i tråd med kommunelova § 50 vert klassifisert som langsiktig. Anna gjeld er kortsiktig. Langsiktig gjeld vert vurdert til opptakskost, og vert oppskriven ved varig auking i forpliktinga.

Kortsiktig gjeld vert vurdert til høgaste av opptakskost og verkeleg verdi. Dette vert fråvike i tilfeller der det er i tråd med god kommunal rekneskapsskikk for rekneskapsføring av sikring. Der kortsiktig gjeld vert vurdert likt som marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar, vert den vurdert til verkeleg verdi.

Tap på krav

Kundekrav vert vurdert til pålydande verdi med frådrag for moglege tap. Det vert årleg gjort ein gjennomgang av kundemassen og konstaterte tap skal utgiftsførast. I tillegg vert det gjort ein konkret gjennomgang av kundemassen for å kunna utføra ei avsetjing på kundar der risikoen for tap eksisterer.

Meirverdiavgift

For dei relevante tenesteområda vert det nytta reglar i tråd med meirverdiavgiftslova. Dette gjeld VAR-området og næringsverksemdar som konsesjons- og heimfallskraft. For øvrige tenesteområder vert det kravd meirverdiavgiftskompensasjon.

Sjølvkostutrekningar

Kvam herad har utarbeida etterkalkyle for betalingstenestar i høve til Retningslinjer for *beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester (H-3/14, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, februar 2014)*.

Pensjonar

Pensjonar vert ført i tråd med rekneskapsforskrifta § 13 om rekneskapsføring av pensjon.

4.4.2 Arbeidskapital

Balanserekneskap	
IB omløpsmidlar	409 230 795
UB omløpsmidlar	413 783 438
Endring omløpsmidlar	4 552 643
IB kortsiktig gjeld	-115 511 631
UB kortsiktig gjeld	-118 381 977
Endring kortsiktig gjeld	-2 870 346
Arbeidskapital	1 682 297

Drifts- og investeringsrekneskap 2014	
Anskaffing av midlar	
Inntekter driftsrekneskap (kontoklasse 1)	700 582 126
Inntekter investeringsrekneskap (kontoklasse 0)	16 766 492
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjonar	96 650 487
Sum anskaffing av midlar	813 999 105
Bruk av midlar	
Utgifter driftsrekneskap (kontoklasse 1)	684 043 420
Utgifter investeringsrekneskap (kontoklasse 0)	64 458 144
Utbetalinger ved eksterne finanstransaksjonar	81 466 850
Sum bruk av midlar	829 968 414
Anskafelse - bruk av midlar	-15 969 310
Endring i ubrukte lånemidlar	17 651 607
Endring i arbeidskapital	1 682 297
Differanse endring arbeidskapital balanse og drifts-/investeringsrekneskap	0

4.4.3 Godtgjersler og honorar

	2013	2014
Løn og anna godtgjering til rådmann	899 416	932 665
Løn og anna godtgjering til rådmann for verv i kommunal samanheng	-	-

Løn og anna godtgjering til ordførar	814 051	875 633
Løn og anna godtgjering til ordførar for verv i kommunal samanheng	-	-

	2013	2014
Revisjonshonorar - forvaltning	195 337	221 056
Revisjonshonorar - rekneskapsrevisjon	186 599	182 000
Rådgjeving	101 400	-
Sum revisjon	483 336	403 056

4.4.4 Pensjonsnote

Pensjonsnote 2014				
	KLP18	KLP13	SPK	Sum
Premieinnbetaling ekskl. administrasjonskostnader	48 547 787	5 760 116	9 847 040	64 154 943
Netto pensjonskostnad eks adm.	-35 671 120	-5 767 530	-10 857 362	-52 296 012
Årets premieavvik	12 876 667	-7 414	-1 010 322	11 858 931
Pensjonsforpliktelse 31.12.2013 = IB	-605 416 434	-102 382 077	-152 713 565	-860 512 076
Noverdi av årets pensjonsopptjening	-32 053 810	-5 435 986	-9 692 292	-47 182 088
Rentekostnad av påløpt pensjonsforpliktelse	-25 923 050	-4 472 978	-5 857 368	-36 253 396
Administrasjonskostnader				-
Utbetalinger pensjonar for året	20 150 000	2 376 346	-	22 526 346
Amortisert estimatavvik	-20 680 985	-5 194 572	6 279 377	-19 596 180
Pensjonsforpliktelse 31.12.2014 = UB	-663 924 279	-115 109 267	-161 983 848	-941 017 394
Pensjonsmidler 31.12.2013 = IB	436 012 096	85 540 843	108 443 151	629 996 090
Forventa avkastning av pensjonsmidlane	22 305 740	4 141 434	4 692 298	31 139 472
Innbetaling pensjonsmidlar	52 288 223	6 096 360	10 094 988	68 479 571
Administrasjonskostnader	-3 740 436	-336 244	-247 948	-4 324 628
Utbetalinger pensjonar for året	-20 150 000	-2 376 346	-	-22 526 346
Amortisert estimatavvik	29 482 345	1 830 360	-5 497 745	25 814 960
Pensjonsmidler 31.12.2014 = UB	516 197 968	94 896 407	117 484 744	728 579 119
Netto pensjonsforpliktelse	-147 726 311	-20 212 860	-44 499 104	-212 438 275
Arbeidsgjevaravgift av netto pensjonsforpliktelse 31.12.2014	-20 829 410	-2 850 013	-6 274 374	-29 953 797
Endring arb.gj.avg netto p.forpliktelse i 2014	3 056 602	-475 399	-32 245	2 548 957
Akkumulert og amortisert premieavvik 2014 §13-1 nr e og §13-4 nr c,d,e				
Antall år premieavvik skal dekkes inn på (1 eller 15)	7	7	7	7
Akkumulert premieavvik 31.12.2013	61 374 866	5 803 030	-3 055 669	64 122 228
Sum amortisert premieavvik	6 519 847	638 402	-339 010	6 819 240
Arbeidsgiveravgift av sum amor. Premieavvik	919 298	90 015	-47 800	961 513
Akkumulert premieavvik 31.12.2014	67 731 686	5 157 214	-3 726 981	69 161 919
Arb.gj.avg på akkumulert premieavvik 31.12.2014	9 550 168	727 167	-525 504	9 751 831
Føresetnader for berekningane:				
Avkastning på pensjonsmidlane	4,65 %	4,65 %	4,35 %	
Diskonteringsrente	4,00 %	4,00 %	4,00 %	
Årleg lønsvekst	2,97 %	2,97 %	2,97 %	
Årleg auke i G	2,97 %	2,97 %	2,97 %	
Årleg regulering av pensjonar	2,97 %	2,97 %	2,97 %	
Amortiseringsperioden er ulik ut i frå kva år premieavviket har oppstått:				
2002 - 2010: 15 år				
2011 - 2013: 10 år				
2014 - dd: 7år				

4.4.5 Varige DM

Gruppe 1	Levetid	Anskaffingskost 01.01.	Tilgang ila. Året	Avganger ila.året	Anskaffingskost 31.12.
Edb-utstyr, kontormaskiner o.l.	5 år	43 736 517,96	2 603 263,26	0,00	46 339 781,22
		Akk. avskrivningar 01.01.	Avskrivning i året	Nedskrivning	Akk. Avskrivning 31.12.
		-36 419 893,00	-2 765 352,55	0,00	-39 185 245,55
Bokført verdi 31.12.					7 154 535,67
Gruppe 2	Levetid	Anskaffingskost 01.01.	Tilgang ila. Året	Avganger ila.året	Anskaffingskost 31.12.
Anleggsmask., maskiner, inventar og utstyr, verktøy og transportmidlar o.l.	10 år	28 106 315,99	1 306 272,50	0,00	29 412 588,49
		Akk. avskrivningar 01.01.	Avskrivning i året	Nedskrivning	Akk. Avskrivning 31.12.
		-15 144 640,29	-2 117 712,01	0,00	-17 262 352,30
Bokført verdi 31.12.					12 150 236,19
Gruppe 3	Levetid	Anskaffingskost 01.01.	Tilgang ila. Året	Avganger ila.året	Anskaffingskost 31.12.
Brannbilar, parkeringsplassar, trafikklys, tekniske anlegg (VAR), renseanlegg, pumpestasjonar, forbrenninganlegg	20 år	67 747 368,09	0,00	0,00	67 747 368,09
		Akk. avskrivningar 01.01.	Avskrivning i året	Nedskrivning	Akk. Avskrivning 31.12.
		-28 840 895,66	-2 552 522,82	0,00	-31 393 418,48
Bokført verdi 31.12.					36 353 949,61
Gruppe 4	Levetid	Anskaffingskost 01.01.	Tilgang ila. Året	Avganger ila.året	Anskaffingskost 31.12.
Bustader, skular, barnehagar, idrettshallar, vegar og leidningsnett o.l.	40 år	789 471 531,87	21 797 729,64	-226 500,00	811 042 761,51
		Akk. avskrivningar 01.01.	Avskrivning i året	Nedskrivning	Akk. Avskrivning 31.12.
		-189 769 207,43	-19 648 268,78	0,00	-209 417 476,21
Bokført verdi 31.12.					601 625 285,30
Gruppe 5	Levetid	Anskaffingskost 01.01.	Tilgang ila. Året	Avganger ila.året	Anskaffingskost 31.12.
Forretningsbygg, lagerbygg, administrasjonsbygg, sjukeheimar og andre institusjonar, kulturbygg, brannstasjonar o.l.	50 år	205 440 498,79	2 122 169,34	0,00	207 562 668,13
		Akk. avskrivningar 01.01.	Avskrivning i året	Nedskrivning	Akk. Avskrivning 31.12.
		-53 451 786,41	-4 104 861,56	0,00	-57 556 647,97
Bokført verdi 31.12.					150 006 020,16
	Levetid	Anskaffingskost 01.01.	Tilgang ila. Året	Avganger ila.året	Anskaffingskost 31.12.
Tomt/grunn		35 361 373,74	8 500,00	0,00	35 369 873,74
		Akk. avskrivningar 01.01.	Avskrivning i året	Nedskrivning	Akk. Avskrivning 31.12.
		0,00	0,00	0,00	0,00
Bokført verdi 31.12.					35 369 873,74
	Levetid	Anskaffingskost 01.01.	Tilgang ila. Året	Avganger ila.året	Anskaffingskost 31.12.
Aktiv prosjekt, ikkje avslutta		214 734 718,74	32 022 137,31	0,00	246 756 856,05
		Akk. avskrivningar 01.01.	Avskrivning i året	Nedskrivning	Akk. Avskrivning 31.12.
		0,00	0,00	0,00	0,00
Bokført verdi 31.12.					246 756 856,05

4.4.6 Aksjar og partar

Konto	Selskap	Antal aksjar	Eigarandel	Pålydande	Sum
22163001	Biblioteksentralen AL	3		700	2 100
22163003	LL Det Norske Teater	2		400	1
22165001	Bergensbanens Forkortelse as	25		200	5 000
22165003	BIR AS	166	0,33 %	1 000	996 000
22165004	Norheimsund Industrier AS	150	40,32 %	5 000	4 990 000
22165006	Hardangerbrua AS	1	6,67 %	10 000	10 000
22165008	Storeholmen Arbeidssamvirke	50	45,45 %	1 000	25 000
22165011	Kommunekraft AS	1	0,31 %	1 000	1 000
22165012	Reisemål Hardanger Fjord AS	34	6,51 %	2 000	34 000
22165013	Hardangervegen AS	250	18,20 %	200	50 000
22165014	Kvam Kraftverk AS	1 000	100,00 %	10 000	10 000 000
22165015	BKK AS Aksjeoppskriving	1 329	0,90 %		50 576 543
22165016	Eigenkapitalinnskott KLP				14 807 389
22165017	Kvam bompengeselskap AS	14	46,67 %	10 000	140 000
22165018	Jondalstunnelen AS	12	12,00 %	1 000	12 000
22165019	Hardanger Museum - grunnkapital				56 944
22165021	Øystese Kraft AS		0,00 %		26 847
22165022	Norheimsund Industriservice AS	100	100,00 %	7 500	750 000
22170004	Øvre Steinsdalen vassverk BA	16		500	8 000
22170006	Øystese Burettslag	1		100	100
22170007	Oma Vasslag	44		1 000	44 000
22170008	Vikøy vasslag BA	12		500	6 000
22170009	Ølve og Hatlestrand avløysarlag BA	267		100	26 700
22170010	Tørvikbygd vasslag BA				50 000
22170013	Hardanger Fartyvernssenter Stiftinga	50		200	10 000
22170015	Stiftinga Hardanger kunstskeule				200 000
Sum aksjar og andelar pr. 31.12.2014					82 827 624

Norheimsund Industrier AS sin rekneskap for 2013, vart fyrst registrert og godkjent i Brønnøysundsregistrene 22.12.14. Eigenkapitalen har vore negativ dei siste åra, og vert forverra for kvart år. Per 31.12.13 var netto eigenkapital på -9,1 mnok. Administrasjonen meiner at det kan liggja verdiar i selskapet som tilseier at all aksjekapitalen til Kvam herad ikkje nødvendigvis er tapt, men har ikkje fått handsama saka endå. Aksjeposten står difor til kostpris i balansen.

Stiftinga Hardanger kunstskeule har i HST-sak fått tilsagn på å gjera om eksisterande stiftingskapital til tilskott, og å få tilført ny stiftingskapital, bl.a. Det føreset nokre vilkår, som ikkje var på plass 31.12.14, og stiftingskapitalen er difor ikkje endra i balansen per 31.12.14.

4.4.7 Sal av finansielle anleggsmiddel

